

UiT

NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Seksjon for vernepleieutdanning, Institutt for helse- og sosialfag, Campus Harstad

Dagtilbod under lupen

Ein studie av dagtilbod til vaksne med utviklingshemming

—
Sølvi Nygård

Masteroppgave i Funksjonshemming og deltagelse 042016



Samandrag

Tema for denne studien er vaksne med utviklingshemming sitt dagtilbod. Om lag halvparten av alle med utviklingshemming i yrkesaktiv alder, har tilbod ved kommunale dagsentra her i landet. Formålet med studien har vore å få meir innsikt og forståing for korleis ulike forhold verkar inn og får konsekvensar for brukarar sitt dagtilbod.

Vitskapsteoretisk forankring knytt til denne studien, har vore hermeneutikk. Eg har freista å setja meg inn i kva for erfaringar og tankar andre har, om forhold som er viktige for brukarar sitt dagtilbod. Sju personar som arbeider innan kommunale dagsentra, var villige til å vere med i denne kvalitative undersøkinga. Under intervju har dei fortalt frå arbeidsdagen sin og skildra forhold dei opplever er viktige for at eit dagtilbod skal vere tilpassa brukarane sine eigne ønskjer og behov. Dei har og skildra forhold som kan vere til hinder for eit slikt individuelt tilrettelagt tilbod.

Tilsette sine skildringar er blitt drøfta i lys av eit empowermentperspektiv, samt eit kommunikasjon- og samspelsperspektiv. Tilsette sine erfaringar er og sett i samband med tidlegare forsking.

Undersøkinga syner forhold som er viktige for vaksne med utviklingshemming sitt dagtilbod, funn ein kan relatere til den individuelle dimensjonen ved empowerment. Det vert mellom anna lagt vekt på tilrettelegging av arbeidsoppgåver og aktivitetar på ein slik måte, at brukarar opplever mestring og glede i kvardagen sin. Det er viktig at den enkelte blir sett, forstått og tatt på alvor. Funn syner også korleis samfunnsmessige tilhøve verkar inn på brukarar sitt dagtilbod, forhold ein kan relatere til den strukturelle dimensjonen ved empowerment. Studien syner at tilstrekkeleg og stabil bemanning har stor tyding. Andre forhold som kan trekkast fram, er tilgang på ulike fasilitetar, utstyr og transport. Korleis tenestene er organisert spelar og ei viktig rolle.

Prosjektet har gitt ny innsikt og forståing for forhold som er viktige, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa vaksne med utviklingshemming sine eigne ønskjer og behov.

Innhald

Forord

1	Innleiding.....	1
1.1	Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2	Sentrale føringar for arbeids- og aktivitetstilbod.....	1
1.3	Dagsenter som arena	3
1.4	Problemstilling.....	4
1.5	Begrepsavklaring	4
1.6	Mi forforståing	5
1.7	Oppbygging av oppgåva	6
2	Tidlegare forsking.....	7
3	Metode.....	17
3.1	Vitskapsteoretisk forankring.....	17
3.2	Kvalitativ metode.....	17
3.2.1	Kvalitativ forskingsintervju	18
3.3	Utval og rekruttering	19
3.3.1	Utval	19
3.3.2	Rekruttering.....	19
3.4	Møtet med dei tilsette	20
3.5	Analyse	21
3.6	Vurdering av kvaliteten på undersøkinga.....	22
3.6.1	Truverde	22
3.6.2	Gyldighet	23
3.6.3	Generalisering	23
3.6.4	Metodekritikk	24
3.6.5	Etiske refleksjonar	25
4	Teoretiske perspektiv	27
4.1	Empowerment	27
4.1.1	Individuell dimensjon.....	31
4.1.2	Strukturell dimensjon.....	33
4.1.3	Empowerment og utviklingshemming	35
4.2	Kommunikasjon og samspel.....	38
4.2.1	Kva er god kommunikasjon?.....	38
4.2.2	Kommunikasjon i arbeid med menneske	38
4.2.3	Handlingskompetanse og relasjonskompetanse	39

4.2.4	«Den samklingande andre»	40
4.2.5	Oversikt og informasjon via referanseobjekt.....	41
4.2.6	Tillit.....	42
4.2.7	Dialogen	43
5	Empiri og drøfting	44
5.1	Forteljingar frå tre dagtilbod.....	44
5.1.1	Eit dagtilbod med rom for varierte opplevingar og aktivitetar.....	44
5.1.2	Eit «blanda» tilbod	46
5.1.3	Eit dagtilbod med vekt på produksjon.....	48
5.2	Forhold som er viktige for at eit dagtilbod skal vere tilpassa vaksne med utviklingshemming sine ønskjer og behov	50
5.2.1	Tilgang på varierte og meiningsfulle aktivitetar og arbeidsoppgåver	50
5.2.2	Fleksibilitet og mangfald	53
5.3	Andre forhold som er viktige for at eit dagtilbod skal vere tilpassa vaksne med utviklingshemming sine ønskjer og behov	55
5.3.1	Tilgang på ressursar.....	56
5.3.2	Å forstå og bli forstått.....	62
5.3.3	Kunnskap og kompetanse.....	68
5.3.4	Samarbeid og utarbeidning av individuelle mål	70
5.3.5	Bestemme sjølv, ... eller ikkje?	73
5.4	Avsluttande refleksjon	75
6	Oppsummering	79
6.1	Svar på hovudproblemstilling.....	79
6.2	Behov for vidare forsking?	82

Litteraturliste

Vedlegg

Forord

Så kom eg til vegs ende med denne studien, som har handla om dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. Eg er takksam for dei dagsentra som stilte seg positive til prosjektet mitt, og særskilt dei tilsette som tok i mot meg og ville fortelje frå eigen arbeidskvardag, dele tankar og opplevingar med meg. Takk til dykk! Eg vil vidare takka Line Melbøe ved Norges arktiske universitet, Campus Harstad, for gode faglege råd og innspel, støtte og oppmuntring undervegs i prosessen. Arbeidet har gått i bøljedalar. Du har gitt meg rom til å gå i eige tempo og synt forståing når eg har hatt behov for å stoppe heilt opp. Så sender eg varme tankar til Svanhild Simonsen i Harstad, som har tatt i mot meg som eit familiemedlem og gitt meg husrom når eg har vore på samling i nord. Me har hatt mange «snille» stunder i lag. Sist, men ikkje minst, har eg ein kjærast som har gitt meg full støtte i min søken etter meir innsikt og forståing. Takk for at du ha vist tolmod, Jan Roger!

Stord / Harstad, april 2016

Sølvi Nygård

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

Denne studien handlar om dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. Val av tema har samanheng med mi eiga arbeidserfaring, først som ufaglært, seinare som utdanna vernepleiar. Som ufaglært blei eg tidleg på 80-talet tilsett ved ein institusjon under det fylkeskommunale Helsevernet for psykisk utviklingshemmede (HVPU). I forkant av avviklinga av HVPU i 1991, søkte eg meg over i kommunal verksemd og har dei siste 20 åra vore tilsett ved eit kommunalt aktivitetssenter for vaksne med utviklingshemming. Lang erfaring frå direkte tenesteyting har ført til ei særskilt interesse for levekår for menneske med utviklingshemming generelt, arbeids- og aktivitetstilbod spesielt.

Sidan byrjinga av 80-talet har eg vore delaktig i tenester i stadig endring. Ikkje alt har vore i tråd med sentrale føringar, slik eg ser det. Dette har ført til eit ønskje om å setja meg inn i og å prøve å forstå, kva tyding ulike forhold i samfunnet har for brukarane sin kvardag ved kommunale dagsentra.

1.2 Sentrale føringar for arbeids- og aktivitetstilbod

Som eit bakteppe for studien av menneske med utviklingshemming sitt dagtilbod, er det nyttig å ha oversikt over sentrale føringar for arbeids- og aktivitetstilbod her i landet. I 2013 ratifiserte Norge *Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne* (FN-konvensjonen). Konvensjonen gje føringar for nasjonalt lovverk, som skal sikre at menneskerettar og grunnleggande fridom for innbyggjarane vert ivaretatt, utan diskriminering av nokon slag. I artikkel 3 kjem det mellom anna fram prinsipp om respekt for individuell sjølvstende, med rett til å treffe eigne val, samt fullgod og effektiv deltaking og inkludering i samfunnet.

Det overordna målet i norsk politikk for menneske med ulike funksjonsnedsettingar har sidan byrjinga på 1980-talet vore full deltaking og likestilling (NOU 2001, s. 22). Samfunnet lyt utformast slik at kvar og ein kan delta i størst mogeleg grad, på eigne premissar og etter eigne ønskje (ibid). I «Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven» (§ 16) står det at personar med nedsett funksjonsevne har rett til eigna individuell tilrettelegging av kommunale tenester, etter helse- og omsorgstjenesteloven, av varig karakter. Dette er for å sikre at personar med nedsett funksjonsevne får eit likeverdig tilbod.

Det er eit mål å hjelpe brukarane til å utnytte ressursane sine best mogeleg, ettersom den største omsorgsressursen ofte ligg hjå dei sjølv (Meld. St. nr. 29, 2012-2013). I meldinga står det mellom anna:

Aktivisering og hjelp til selvhjelp kan bidra til kvalitativt bedre resultater for brukerne og bedre utnyttelse av samfunnets samlede ressurser. Utviklingen i helse- og omsorgstjenestene har i for liten grad lagt vekt på hvilke muligheter brukerne selv har til å delta i planlegging og produksjon av tjenesteytingen og aktivt bidra til å gjenopprette eller forbedre sitt funksjonsnivå (Meld. St. nr. 29, 2012-2013).

Det er ei overordna politisk målsetting å legge til rette, slik at alle som ønsker det og som kan delta i arbeidslivet, uavhengig av funksjonsevne, får høve til det (Söderström og Tøssebro, 2011, s. 23). I samband med HVPU-reforma var det eit sentralt mål å styrke arbeidstilboda gradvis. Ansvaret for denne styrkinga blei lagt til arbeidsmarknadsetaten. Det blei gjort eit skilje mellom arbeid (inkludert varig verna arbeid) og tiltak som blei definert utanfor sysselsettingsomgrepet. Tiltak utanfor sysselsettingsomgrepet blei definert som sosiale tiltak, og ansvaret for desse blei lagt til kommunane (Söderström og Tøssebro, 2011, s. 23).

Måla med helse- og omsorgstenestene er m.a. å førebygge, behandle og legge til rette for mestring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne. Den enkelte skal få høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha ei aktiv og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre (Helse- og omsorgstjenesteloven – hol. § 1-1). Tenestene skal vere forsvarlege (hol. § 4-1). Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene skal bidra til å sikre at personar som mottar pleie- og omsorgstenester får ivaretatt dei grunnleggjande behova sine med respekt for det enkelte mennesket sin rett til å bestemme sjølv, eigenverd og livsførsel (§ 3). Tilbod om varierte og tilpassa aktivitetar vert rekna som grunnleggjande behov (ibid). Det skal leggjast stor vekt på kva brukaren meiner ved utforming av tenestetilbodet og brukar har rett til å medverke ved gjennomføring av helse- og omsorgstenestene (Pasient- og brukerrettighetsloven – pbrl. § 3-1). Medverkinga si form skal vere tilpassa den enkelte si evne til å gje og å ta imot informasjon (ibid). Samtidig kjem det fram i sentrale føringar, at menneske som er avhengige av hjelp frå andre, ikkje står fritt til å disponere over eigen kvardag (Meld. St. 45, 2012 – 2013).

I forbindelse med utforming av og mottak av offentlige tjenester må den enkeltes rett til å medvirke ved utformingen av tjenestene ses i sammenheng med at det offentlige har en plikt til å anvende offentlige ressurser på en forsvarlig og hensiktsmessig måte i tråd med politiske føringer. Det må tilstrebes at tjenestemottaker i så stor grad som mulig får anledning til å være med å bestemme hvordan tjenestene skal utformes innenfor gitte økonomiske, administrative og juridiske rammer (Meld. St. 45, 2012-2013, s. 14).

Det kjem fram at brukar har rett til å medverke ved gjennomføring av tenestene, men innafor gitte økonomiske, administrative og juridiske rammer.

1.3 Dagsenter som arena

I fokus for denne oppgåva står dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. I utgangspunktet er det slik at kommunen skal syta for at innbyggjarane får tilbod om eit aktivt og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre (hol. § 1-1).

Kommunale dagtilbud utgjør i omfang det aller viktigste aktivitetstilbuet for personer med utviklingshemming. Dagsenter er ikke en lovpålagt tjeneste eller individuell rettighet, men ansees som en del av kommunenes forebyggende arbeid hjemlet i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-3. Omrent halvparten av alle utviklingshemmede i yrkesaktiv alder deltar i et dagsentertilbod (Meld. St. 45, 2012-2013, s. 61).

Dei som ikkje kan ta del i ordinært eller tilrettelagt arbeid etter ei arbeidsevnevurdering hjå NAV, skal få tilbod frå kommunen om individuelt tilpassa aktivitetar (Meld. St. 45, 2012-2013, s. 62). For mange vil dagsenter vere eit slikt tilbod, andre vil ha meir glede og nytte av andre typar strukturerte aktivitetar (ibid). Forsking syner at nærmare halvparten av alle vaksne med utviklingshemming i yrkesaktiv alder, har tilbod ved kommunale dagsentra (Reinertsen, 2012).

I stortingsmeldinga *Morgendagens omsorg* (Meld. St. 29, 2012 – 2013) står det at kommunane bør utvikla nye aktivitetstilbod gjennom eit tettare samspel med aktørar som kan introdusere nye arenaer og nye arbeidsformer for aktivitet og sosiale og kulturelle opplevingar. «Inn på tunet» vert nemnt som eit døme. Kommunane har stor fridom når det kjem til organisering av dagtilbod og kva innhald ein skal fylle tilbodet med. Det finst ikkje noko statleg regelverk som regulerer kommunale dagtilbod.

Holand (2008) skriver at Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) er bekymra for den trenden dei har sett siste åra, ved at menneske med utviklingshemming automatisk vert slusa inn i VTA bedrifter, eller kommunale dagsentra, med 100 prosent uførepensjon. Dette skjer, skriv leiaren, utan at arbeidsevna deira, ønskjer og moglegheiter er blitt vurdert. Det kjem fram at NFU, parallelt med å synne korleis ein kan gå fram for at fleire skal komme i løna arbeid, arbeider for ein lovfesta rett til dagsentertilbod.

1.4 Problemstilling

I denne undersøkinga har eg ønskje om å undersøke tilsette sine opplevingar og erfaringar med dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. Menneske med kognitive funksjonsnedsettingar, som i tillegg kan ha ulike sansehandikap, fysiske og psykiske funksjonsnedsettingar, møter ulike utfordringar og barrierar i kvardagen sin. Korleis ulike forhold verkar inn på brukarar sitt dagtilbod, ønskjer eg å undersøke nærmare. Eg har valt følgjande problemstilling:

Kva for forhold opplever tilsette ved kommunale dagsenter er viktige, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa vaksne med utviklingshemming sine eigne ønskjer og behov?

For å svare på problemstillinga lyt eg undersøke korleis kvardagen på eit dagtilbod kan vere. Korleis kjem brukarane sine ønskjer og behov til uttrykk? Korleis blir brukarane møtt og forstått i samband med dagtilbod? Korleis går samarbeidet føre seg mellom involverte partar? Eg ønskjer å ha fokus på «Best practice», som handlar om at i staden for å strekke seg etter ein ideell tilstand, så bør ein heller utvikle det som allereie er sett i verk og som viser seg å fungere andre stader (Veselý, 2011). Eg ønskjer å skrive fram døme frå tilsette sine forteljingar, som kan illustrere god praksis. Eg vonar undersøkinga kan opne for nye tankar og ny forståing når det kjem til dagtilbod til vaksne med utviklingshemming.

1.5 Begrepsavklaring

Med tilsette meiner eg i denne samanhengen tenesteytarar som er ein del av grunnbemanninga i samband med eit dagtilbod. Eg vel å halda følgjepersonar utanfor. Følgjepersonar er tilsette som i hovudsak arbeider i heimane. - Nokon av desse følgjer bebuarar til og frå dagsentertilbod og tek, i større eller mindre grad, del i verksemda ved dagsentertilboden.

Utviklingshemming handlar om variasjon, seinkingar eller svekking når det kjem til utvikling av kognitive funksjonar (Stubrud, 2001, s. 26). Kognitive funksjonar er høgare mentale prosessar som merksemd, minne, språk og bearbeiding av informasjon, erverva kunnskap og erfaringar, problemløysing, tenking og bedømming (ibid). Utviklingshemming opptrer ikkje sjeldan saman med andre utviklingsforstyrningar

knytt til kognitive, emosjonelle eller motoriske forstyrringar (ibid, s. 27). I det internasjonale diagnosesystemet ICD-10 er psykisk utviklingshemming ein diagnose som vert delt inn i djup, alvorleg, moderat og lett grad, alt etter intellektuelle ferdigheter og sosial tilpassing (ICD-10, s. 380). Diagnosen har sitt bruksområde knytt til offentleg tenestetilbod, økonomiske overføringer og til helsetenester (Eknes, Bakken, Løkke & Mæhle, 2008, s. 17). I denne samanhengen ønskjer eg ikkje i utgangspunktet å avgrense undersøkinga vidare, verken i forhold til grad av kognitiv funksjonsnedsetting, eller om brukarane har andre funksjonsnedsettingar i tillegg til utviklingshemming. Det kan vere at det i undersøkinga vil komme fram forhold som gjer at dette likevel vert aktualisert, men det er ikkje ein type avgrensing eg vil gjere på førehand.

Eg bruker omgrepa dagtilbod og dagsenter om ein annan. Med begge omgrepa meiner eg tiltak og tenester som vert gitt på dagtid, utanfor heimen, som fell utanfor NAV sitt ansvarsområde. Dagtilboden treng ikkje til ei kvar tid å gå føre seg på eit dagsenter, sjølv om det kan vere organisert og administrert derifrå.

1.6 Mi forståing

Mi forståing er prega av eigne erfaringar som vernepleiar i ein kommune på Vestlandet. Eg arbeider sjølv ved eit kommunalt dagsenter. Dagsenteret gje i dag tilbod til ti vaksne som har ulike funksjonsnedsettingar, alle med utviklingshemming. For mange sin del tek helse- og omsorgstenester stor plass i kvardagen. Andre kan i større grad halde på med aktivitetar og arbeidsretta verksemrd. Dei siste åra har vore prega av endringar. Tenestene har vore gjennom nedbemanning, omorganisering og endring i leiarstruktur, noko som har ført til endring i tenestene og brukarane sine tilbod. Sentrale føringer tilseier individuelt tilpassa tenester, samtidig skal me som er tilsette halde oss til lokale rammer og føringer. Eg har erfaring med at einskilde brukarar, i enkeltvedtak, er blitt tildelt dagtilbod, med aktivitet og tilsyn i gruppe. I samband med kommunale kutt i tenester var meldinga frå kommunal leiing og politikarane at tilboden skulle gå over til meir tilsyn. I den samanhengen opplevde eg det var lite rom for å tilpasse aktivitetane individuelt. Dagtilbod er ikkje ei lovbestemt teneste, men ein skal yta forsvarlege tenester og syta for at grunnleggjande behov vert dekka. Ein konsekvens av dette, slik eg har erfart, er at dagtilbod vert ein arena som blir lite forutsigbar for

brukarane og deira pårørande. Det går føre seg stadige endringar, som følje av økonomiske og administrative prioriteringar og omprioriteringar.

Andre tilhøve som har påverka mi forståing er rolla mi som student og den kunnskapen eg har fått del i, gjennom å setja meg inn i faglitteratur, tidlegare forsking, gjennom forelesingar og kontakt med medstudentar. Desse brikkane har gjort meg meir nyfiken, påverka dei vala eg har gjort undervegs og gitt meg ny forståing for fagfeltet generelt og det temaet eg har valt spesielt.

1.7 Oppbygging av oppgåva

I kapittel 2 presenterer eg litteratur som omhandlar tidlegare forsking innanfor området arbeid/aktivitet. Formålet har vore å setja meg nærmere inn i temaet, for å få ei vidare forståing for og kunnskap om feltet. Tidlegare forsking har eg valt å presentere kronologisk, etter årstal forskinga har vore publisert, eller presentert gjennom anna faglitteratur.

I kapittel 3 presenterer eg mitt eige prosjekt, kor eg m.a. utdjupar val av metode, skildrar gjennomføring av prosjektet og reflekterer rundt ulike forhold knytt til prosess.

I kapittel 4 gjer eg greie for relevant litteratur. Val av teoretisk perspektiv er knytt opp mot val av tema, problemstilling, samt møte med informantane mine og deira skildringar. Eg har valt litteratur som omhandlar to perspektiv. Det første dreier seg om empowerment. Det har samband med sentrale føringar om at det er den einskilde sine eigne val og preferansar som skal vere styrande for tenestene. Kva skal til for å få dette til? Kva forhold er viktige for at eit dagtilbod skal vere tilpassa brukarane sine eigne ønskjer og behov? Ein føresetnad er at den einskilde forstår og blir forstått av dei som skal yte tenester. På bakgrunn av dette, har eg valt kommunikasjon og samspel som det andre perspektivet.

Empiri vert presentert i samband med analyse og drøfting, i kapittel 5.

I kapittel 6 følgjer ei oppsummering av funna.

2 Tidlegare forsking

I søk etter relevant forskingslitteratur har eg nytta BIBSYS Ask, Oria, Idunn, Google Scholar, Google Books, NAKU og Nordlandsforskning sine nettsider.

I samband med søk i ulike databaser og nettsider, har eg nytta følgjande søkeord: Dagtilbod, dagsenter, aktivitet, aktivitetstilbod, arbeid, arbeidstilbod, forsking, utviklingshemmede, utviklingshemming, psykisk utviklingshemming.

Eg har sett nærmere på forsking innan tema arbeid/aktivitet i Skandinavia, men fann det eg kom over som lite relevant i denne samanhengen. Eg vurderte å trekke inn anna internasjonal forsking, men kom til at overføringsverdien vil vere avgrensa, på grunn av kontekst. Eg har valt å halde meg til forsking som har vore gjennomført her i landet, knytt til vårt eige velferdssystem.

Noko av den forskinga eg syner til nedanfor har retta seg mot utviklinga av levekåra til personar med utviklingshemming i eit brent perspektiv, der arbeids- og aktivitetstilbod vert framstilt som ein del i ein større samanheng (Sundet 1997, Tøssebro og Lundeby 2002, Thorsen og Myrvang 2008, Söderström og Tøssebro 2011, Kittelsaa 2011), medan anna forsking har retta seg mot arbeids- og aktivitetstilbod spesielt (Seierstad, Eide, Helle og Schafft 1998, Olsen 2009, Reinertsen 2012 og 2015). Tidlegare forsking har eg valt å presentere kronologisk, etter årstal forskinga har vore publisert, eller presentert gjennom anna faglitteratur. Ein slik måte å presentere tidlegare forsking på, kan synleggjere om det har gått føre seg tidsmessige endringar innan dette feltet.

Sundet (1997) gjennomførte eit studie av kvardagslivet til fem personar med utviklingshemming, der ho nytta seg av deltakande observasjon. Studiet strekte seg frå 1991, medan informantane framleis budde på institusjon, til 1997. Dei fem informantane hadde då flytta ut frå institusjon og etablert seg i nye bustader. Primærkommunane hadde overtatt ansvaret for tenestetilbodet. Sundet (*ibid*) fann at uklar ansvarsfordeling mellom ulike offentlege instansar førte til at tilsette i bustadane brukte svært mykje tid og ressursar på å finne meiningsfullt arbeid eller aktivitetar for den enkelte. Meiningsfullt blei det når det var noko den enkelte såg ut til å like, eller når den som arbeida blei sett pris på av andre. Måten dei tilsette skaffa tilbod til den enkelte på, var stad- og personavhengig. Det arbeidet som blei gjort for å sysselsette og

aktivisere bebuarane var vilkårleg. Den enkelte sine behov blei lett underordna og ikkje ivaretatt (ibid).

I 1998 blei det lagt fram ein rapport frå ei forsking som hadde som mål å gje ei samla evaluering av dei statlege arbeidssamvirkja og dei kommunale aktivitetstilboda for yrkeshemma (Seierstad, Eide, Helle & Schafft, 1998). Evalueringa var basert på ei landsomfattande spørjeundersøking og kvalitative feltstudiar fem stader i landet. I undersøkinga blei det mellom anna gjennomført analyse av samspel mellom ulike instansar i utvalde lokalsamfunn, samt case-analyse av einskilde tiltak. Analysane synte at tolkingsprosessar er viktige i mange samanhengar. – Tiltaka omfattar grupper som ikkje så lett kjem til orde, eller grip til orde, for å gje uttrykk for eigne interesser. Andre tolkar brukarbehov slik dei ser det ut frå ulike faglege og institusjonelle ståstader (ibid, s. iv). I dagsenteret dei besøkte var det om lag 10 brukarar og 5 leiarar (ibid, s. 12). Det kjem m.a. fram at dei tilsette la stor vekt på at senteret skulle vere ein stad for læring og for sosial utvikling. Dei såg det som mindre viktig at brukarane vart trenar opp til å kunne arbeide andre stader (ibid). Ut frå caset såg det ut for at innhaldet i arbeidsdagen var svært ulikt mellom dagsenteraktivitet og ASV-tiltak. ASV- tiltaka var meir produksjonsretta, medan dagsenteret la vekt på omsorg, trivsel, opplæring og individuell utvikling. Det som var felles for dei to tiltaka, var at det er viktig med ei oppleving meining med det ein gjer. Ein skal lære, eller vere stolt av det ein held på med. Når det kom til tiltaka sin funksjon for brukarane, var det tre forhold som kom fram under intervjua. Den sosiale funksjon blei framheva særskilt. Fellesaktivitetar var med på å skape sosialt samhald. Ein annan positiv faktor som kom fram, var at dei var på ein stad der det gjekk føre seg noko. Det å fylle dagen med aktivitet og samhald var ein livskvalitetsverdi. Å ikkje vere i verksemrd, var det mest vanskelege å hanskast med. Til sist kom det fram det dei kalla ein «oppbevaringsfunksjon». Mange har behov for å bli passa på og dei treng praktisk hjelp i kvardagen. Det var godt å veta kor dei skulle vere og kor dei høyrde til. Det var òg ein viktig funksjon for familien. Forskarane peikar på at det tilbodet brukarane hadde, både i ASV- tiltaka og på dagsenteret, var stilleståande tilbod. Arbeidstakarane og brukarane såg på dette som ei tryggheit. Det at dei ikkje blei pressa til stadig å nå lengre eller komme over i noko anna, var eit gode dei sette pris på. Dei kunne falle til ro i eit miljø dei sette pris på. Forskarane peikar vidare på at det store problemet ser ut til å vere at ASV-tiltak og dagsentra er isolerte stader innanfor det

lokale miljø dei skal vere ein del av. Desse stadene blir sett på som lite fagleg interessante. Dei konkluderer med at det er behov for eit fagleg løft og diskusjonsfora der ildsjeler frå verksemndene kan syne kva dei står for og kva dei arbeider med (ibid, s. 18-22). Forskingsrapporten viser til at det ikkje finst noko statleg regelverk for kommunale aktivitetssentra. Her rår den kommunale fridomen. Det er store variasjonar i personalressursar og dei tilbod som ulike sentra gje (ibid, s. 44).

I «Statlig reform og kommunal hverdag: utviklingshemmetes levekår 10 år etter reformen» (Tøssebro og Lundeby, 2002) vert det m.a. gitt ei skildring og empirisk analyse av særskilte sider ved personar med utviklingshemming si sysselsetting. Rapporten er eit resultat av ei forsking basert på intervju av tilsette, samt spørjeskjemaundersøking blant familie, eller verje, til personar med utviklingshemming. Det fram i rapporten at andelen utan sysselsetting aukar. Kommunale dagsentra utgjer ryggraden i sysselsetting for dei med utviklingshemming. Dei som er på dagsentra fordeler seg ganske jamt i forhold til om dei utfører produksjon eller om det handlar om aktivisering. Samanlikna med dei som er i statlege tiltak, blir dagsentra mykje meir eit særtiltak for dei med utviklingshemming. 19 prosent er ein stad der det jobbar personar utan funksjonshemmning, medan 70 prosent er ein stad der det berre er personar med utviklingshemming. Til samanlikning arbeider 36 prosent av dei som er i statleg verksemnd, ein stad der det også er personar utan funksjonshemmning. Personar med utviklingshemming sitt arbeid blir i stor grad ei samansmelting av arbeid og omsorg. Normaliseringsmålet – den verdsette sosial rolla – blir fjern. Tøssebro og Lundeby (ibid) peikar på at det er urealistisk å tenke seg at alle med utviklingshemming skal kunne utføre eit arbeid som vil kunne gje ei verdsatt sosial rolle, men problemet er at så få gjer det. Mange har ei arbeidsevne, men samfunnet si evne og vilje til å utnytte den verkar slett. Det synast enklare å etablere noko på sida (ibid).

«Betydning av arbeid og arbeidsmiljø: En studie av et arbeidssenter for mennesker med utviklingshemning» (Hegdal, 2005) baserer seg på ein kvalitativ studie, der Hegdal deltok i miljøet ved eit arbeidssenter, observerte og intervjua tilsette og brukarar. Arbeidssenteret er knytt til eit dagsenter. Studiet fokuserer på aktivitet, verksemnd og verdien av å vere i arbeid for menneske med utviklingshemming. Gjennom tilknytinga til eit dagsenter er arbeidssenteret plassert i eit spenningsfelt, kor personane har roller

både som brukarar av eit aktivitets- og omsorgstilbod og arbeidstakerar, ved at dei deltek i inntektsgjevande produksjon (ibid, s. 52).

Hegdal (2005) syner til eit paradoks. - Sysselsetting ved dagsentra har ikkje overordna mål om å få personane til å fungere på eksisterande arbeidsmarknad, men har eit ideal om aktivt tilvære. For å kompensere for individets funksjonssvikt, blir det lagt til rette for arbeidsførhet. Hegdal (ibid) syner til at kritiske røyster hevdar at dette kan føre til ytterlegare segregering. Ved å tilpasse arbeidsplassen innanfor ein dagsentermodell, vert høvet til å gå vidare til andre arbeidsplassar med høgare produksjonskrav og vanlege tilsettingsforhold, avgrensa. Statlege mål inneber, i lys av normaliseringstenkinga, at også personar med utviklinghemming går inn i ei yrkesrolle og dermed inn i ei rolle som sosialt verdsatt i samfunnet (ibid). Aktivisering ved dagsentra skjer ut frå mekanismar på arbeidsmarknaden og mangel på tilbod til dei med reduserte føresetnader for å ta del i vanleg arbeidsliv. Dette forholdet motverkar prinsippet om normalisering (ibid, s. 53). Mål ved arbeidssenteret er arbeid og sosialt samvær, samt å oppretthalde det funksjonsnivået brukarane har. Dei tilsette har ønskje om at det skal vere eit meiningsfullt tilbod. Arbeidstilbod er det primære, men brukarane skal få eit heilskapleg tilbod som tek i vare ulike sider ved personen sin livssituasjon. Dei har ønskje om at den einskilde skal få utvikle seg ut frå eigne behov og føresetnader (ibid, s. 57).

Gjennom prosjektet tok Hegdal (2005) sikte på å skildre nokre forhold og faktorar som kunne bidra til å fremme deltakarane sin trivsel. Fysisk utforming og organisering dannar nokre av rammene rundt kvardagslivet til brukarane og dei tilsette (ibid, s. 139). Personalet sine kvalifikasjonar, haldningar og menneskelege eigenskapar er viktige for å gjere det mogleg for den einskilde å vere i aktivitet, å produsere og bli møtt og akseptert ut frå eigne føresetnader (ibid, s. 143). Hegdal avsluttar med å synne til at arbeidssenteret sitt viktigaste bidrag for å få brukarane til å trivast, er at det gje dei høve til å meistre oppgåver og arbeid i relasjonar med andre på ein meiningsfull måte, til å delta, få trua på seg sjølv og føle at ein høyrer til i eit sosialt fellesskap (ibid).

Engeset (2006) har studert kvardagen til personar med utviklingshemming ved eit kommunalt dagtilbod. I den kvalitative studien gjennomførte ho ein feltstudie, kor ho nytta deltakande observasjon. Formålet var å rette søkelyset på korleis det er for

personar med utviklingshemming å vere ved eit kommunalt dagtilbod, sett opp mot politiske og ideologiske målsetjingar om full likestilling og deltaking. Engeset (ibid) drøfter m.a. forhold som handlar om roller, rett til å bestemme sjølv, makt og avmakt. Ho peikar på at eit sentralt poeng for tenesteytarar må vere å snu opplevinga frå avmakt til deltaking og høve til påverknad. Tek ein utgangspunkt i personen sine interesser, initiativ og spontane uttrykksformar, vil det danne eit godt utgangspunkt for samarbeid og å tona ned forskjellar (ibid, s. 65). Engeset (ibid) viser til at plass på dagtilbod m.a. vert tildelt på grunnlag av at ein er definert i ein kulturell kategori og ikkje ut frå individuelle behov og interesser. «Annerledesheten» trer fram som eit trekk ved verksemda. Omgjevnadane og rammene er viktige aspekt for forståinga av dagsenteret sitt innhald, og kva for moglegheiter og avgrensingar dei representerer for dei som er der. Drift av eiga kantine og makulering kunne definerast som eit slags arbeid, elles kunne aktivitetane sorterast som arbeidsliknande aktivitetar, fritidssyslar og oppleving, trening og terapi. Engeset (ibid) peikar på at aktivitetane har stor verdi for mange, men at det er eit dilemma at dei ikkje gje ein verdsatt rolle i samfunnet (ibid, s. 88). For personar med moderat til djup utviklingshemming stiller det store krav til at personalet kjenner den einskilde og vedkomande sine uttrykksmåtar, slik at ein lettare kan få auge på personen sine ressursar og eigenart (ibid, s. 97).

I ein artikkkel i SOR Rapport drøftar Unni Hegdal og Kirsten Thorsen (2007) tydinga av arbeid, dagsenter- og aktivitetstilbod for menneske med utviklingshemming. Artikkelen er ikkje basert på forsking, men trekker opp utviklingsliner når det kjem til ulike arbeids- og aktivitetstilbod for personar med utviklingshemming. Rapporten er tatt med i denne samanhengen, ettersom den retter ei særleg merksemd på dagsentertilboda si mangesidige tyding og tilbod. Hegdal og Thorsen (ibid) spør m.a. om det blir lagt tilstrekkeleg vekt på eit arbeids- og aktivitetstilbod som kan gje verdi og livsinnhald til personar med utviklingshemming. Noko av bakgrunnen for å ta opp spørsmåla var ei omorganisering som gjekk føre seg i bydelane i Oslo, som førte til at einskilde bydelar flytta nokre av dei med utviklingshemming som var heimehøyrande i bydelen, frå større dagsentertilbod, til andre meir avgrensa aktivitetstilbod innan bydelen. Dei det gjaldt blei ikkje spurt eller tatt med i avgjerda. Det kom fram at omlegginga til lokale tilbod truleg blei gjort ut frå økonomiske omsyn. Hegdal og Thorsen (ibid) peikar på at omorganisering ofte undervurderer negative omkostningar for brukarar, tilsette og

miljøet, og kor tidkrevjande (gjen)oppbyggingsfasen er (ibid, s. 11). Dei syner til at det har vore forskjell på arbeidsoppgåver og arbeidsform på statlege arbeidstiltak og arbeidsavdelingane på dagsentra. På dagsentra kan den einskilde sitt tilbod individualiserast på ein måte som dei meir standariserte tilboda, som arbeidstilbod i regi av arbeidsmarknadsetaten, ikkje kan ivareta. Kva for aktivitetar som vil vere naudsynte, mogelege og ønskjelege for å fremme vekst og behalde ressursar hjå den einskilde, vil variere. Å legge til rette dagsentertilbod er ressurskrevjande, skriv dei. Det trengs kunnskap, erfaring og innsikt hjå personalet, eit godt fagmiljø, lokalar som kan gje rom for ulike formar for arbeid/aktivitet og andre tilgjengelege fasilitetar. Manglande avklaring av om produksjonsretta arbeid i regi av dagsentra er eit behandlingstilbod eller arbeidstilbod, har tatt frå brukarane anerkjenning og rettigheter som arbeidstakrar. Hegdal og Thorsen (ibid) peikar på at mange med utviklingshemming ikkje maktar å arbeide etter produksjons- og effektivitetsmål og at det må byggast opp gode arbeidsplassar som er tilpassa varierande dagsform, kognitiv kapasitet og konsentrasjonsevne. Arbeidsplassar og aktivitetar må leggjast til rette i eit livsløpsperspektiv, med høve til gradvis å trappe ned når kreftane blir mindre. Planlegging inneber å invitere brukarane sjølve, organisasjonane deira og føresette med i behandling av saker som angår dei, og å ta omsyn til synspunkta deira (ibid, s. 11-12).

Thorsen og Myrvang (2008) har gjennomført ein kvalitativ studie om livsløp, livssituasjon og levekår til gamle foreldre og deira vaksne barn med utviklingshemming. Undersøkinga baserte seg på kva foreldra sjølve og nokre av dei vaksne barna deira fortalte frå liva sine. Det kjem fram at nitten av dei tjue personane med utviklingshemming i prosjektet deira har fast dagtilbod, ti på dagsenter og ni har eit tilrettelagt tilbod i innan VTA. I samandraget står det at å ha plass på dagsenter eller å ha eit tilrettelagt arbeid bidrar til å gjere livet meiningsfullt. Det å kunne dra av garde om morgonen og komme heim om ettermiddagen gje dagane, vekene og året struktur for vaksne med utviklingshemming, som for andre. Det inneberer innhald og variasjon. På dagsenteret får dei oppgåver tilpassa yteevne, dei opplever mestring, noko som gje tryggleik og sjølvtilleit. Faste strukturar skapar samanheng i livet. Fellesskapet på dagsenteret utgjer viktige sosiale nettverk (ibid).

Olsen (2009) gjennomførte i samband med avhandlinga si «Versjoner av arbeid – Dagaktivitet og arbeid etter avviklingen av institusjonsomsorgen» ein kvalitativ studie

der han valte feltarbeid i ulike settingar, kor personar med utviklingshemming har sitt daglege virke som arbeidstakrar, tiltaksdeltakrar eller liknande (ibid, s. 205). I avhandlinga peikar Olsen (ibid), som Hegdal (2005), på eit paradoks. - På den eine sida tilseier statusen som yrkeshemma at ein ikkje er i stand til å livnære seg gjennom eige arbeid. På den andre sida definerer politiske målsetjingar arbeid og dagaktivitet som det riktige og "normale" for desse personene. Han peiker på at feltet er prega av å vere i eit slags skjeringspunkt mellom ein omsorgslogikk og ein arbeidsmarknadslogikk (ibid, s. 206). Sjølv om måla i HVPU-reforma handla om normalisering av levekår og eit aktivt og meiningsfylt tilvære med andre, syner tala at det framleis er dei fysisk segregerte arbeids- og aktivitetstilboda som dominerer. Etablerte arbeids- og aktivitetstilbod for personar med utviklingshemming synast i praksis å fungere som sjølvbekreftande system, som bidreg til å halde desse personane i segregerte ordningar (ibid, s. 207). Olsen (2009) syner til at det finst ei rekke «versjonar av arbeid», m.a. at det dreier seg om noko som er under utvikling, der det som avgjer kva former for forståing som vert skapt, vert påverka og forandra av trekk ved arbeidsmarknaden og offentleg velferdspolitikk (ibid, s. 210). Samtidig syner han at måten verksemduene konstruerer sine «image» på, fungerer som ein slags motmaktstrategi. Det går føre seg prosessar som motseier arbeidslivsdiskursen som klassifiserer dei det er snakk om som yrkeshemma. Han skriv at verksemduene si «image-bygging» kan sjåast på som forsøk på å reklassifisere personane i roller og situasjonar som er prega av at dei er nyttige, etterspurte og produsentar av varer og tenester som nokon gjerne vil ha (ibid, s. 160).

I rapporten «Innfridde mål eller brutte visjoner?» oppsummerer Söderström og Tøssebro (2011) nokre hovudlinjer i utviklinga av levekår og tenester for utviklingehemma sidan byrjinga av 1990-talet, då HVPU blei avvikla. Rapporten baserer seg på tilsvarande undersøkingar som blei gjennomført i 2002, intervju og spørjeskjemaundersøking. Söderström og Tøssebro (2011) peikar på at dei aller fleste som har ei utviklingshemming tek i mot uførestønad, sjølv om dei er engasjerte i ulike typar dagaktivitet. Tiltaka i dagsentra kan delast inn i produksjon (arbeidsliknande tiltak), aktivisering (fritidsliknande aktivitetar) og blanda aktivitetar (noko produksjon og noko aktivisering). I rapporten syner Söderström og Tøssebro (ibid) at det har gått føre seg ei utvikling kor NAV avgrensar ansvaret sitt. Integrering av personar med utviklingshemming i arbeidslivet fall frå 2001 til 2010. Kommunane fører folk ut av

produksjon og over mot aktivisering eller ingenting. Andelen av dei utan dagaktivitet aukar jamt. Arbeidet som personar med utviklingshemming utfører, er ramma inn på ein måte som sår tvil om det verkeleg er arbeid. Løna tyder på at dette ikkje primært er jobb, men heller eit sosialt tiltak eller omsorgstiltak. Utviklingshemma sitt arbeid blir på mange måtar ei samansmelting av arbeid og omsorg. Normaliseringsideologien og den verdsette sosiale rolla blir uklår og fjern. Söderström og Tøssebro (*ibid*) syner til at det er urealistisk at alle med utviklingshemming skal kunne utføre eit arbeid som fører til ei verdsatt sosial rolle, men peikar på at det er eit problem at så få gjer det.

Anna M. Kittelsaa (2011) har forska på unge menneske med utviklingshemming si sjølvforståing og dagleglivet deira. Gjennom doktorgradsarbeidet sitt var ho i kontakt med sju personar med utviklingshemming, over to år. Datainnsamlinga gjekk føre seg ved deltagande observasjon, feltsamtalar og intervju. Kittelsaa (*ibid*) skildrar nærmare kva nokre av desse unge fortel frå arbeidsplassen sin. Fem av dei har arbeid ved kommunal verksemd, to i ei verna bedrift. Kittelsaa (*ibid*) skriver at det som kjenneteiknar dagleg verksemd er at arbeidsleiarar og arbeidstakarar treffast dagleg og mange har kjent kvarandre over lang tid. Det inneberer trygghet og forutsigbarhet. Arbeidstakarane trivst med å vere i dagleg verksemd, å ha eit fast innhald i kvardagen. Opplevinga av trivsel blir sett i samband med korleis tilsette handterer ulike situasjonar på, samt deira stadfesting av arbeidstakarane. Oppleving av trivsel blir og sett i samband med oppleving av mestring. Leiarane har viktige roller i forhold til det sosiale og det arbeidsmessige, men det mest sentrale i verksemda deira er å vise nærliek og støtte til arbeidstakarane (*ibid*).

I ein nasjonal tilstandsrapport som angår arbeids- og aktivitetssituasjonen blant personar med psykisk utviklingshemming syner Reinertsen (2012) til at nærmere 48 % av alle med utviklingshemming i yrkesaktiv alder, har tilbod i kommunale dagsentra. Rapporten er basert på ei kvalitativ tilnærming, gjennom studie av registerdata. Reinertsen (*ibid*) syner til at det er stor interkommunal variasjon når det kjem til aktivitet, arbeid og produksjon. Han peikar på at formålet med kommunale dagtilbod er å gje eit organisert og tilpassa tilbod på dagtid, basert på individuell utviking gjennom pedagogisk oppfølging av den einskilde brukar. Dagtilbod er ikkje ei lovpålagt teneste. Det konkrete innhaldet og utforminga av slike tiltak er det i stor grad opp til den enkelte kommune å utforme. Tal syner at dei kommunale dagtilboda, i antal plassar og tidsbruk,

utgjer det aller viktigaste aktivitetstilbodet for dei med utviklingshemming. Reinertsen (ibid) peikar på at kommunane sjølve syner til at over 20 % av alle dei med utviklingshemming i kommunale dagtilbod, kunne hatt eit varig tilrettelagt arbeid (VTA), jamfør NAV sine krav til arbeidsdeltaking i dette tiltaket.

I desember 2015 disputerte Stian Reinertsen om utviklingshemming og arbeid. Det var eit mål i studien å løfte fram personar med utviklingshemming sine eigne vurderingar, kjensler og fortolkingar av eigen livssituasjon. Han ønska å følje trenden på verdsbasis, der personar med utviklingshemming si stemme i større grad vert brukt i måling av livskvalitet. Utvalet besto av 37 informantar med utviklingshemming. Doktorgraden syner at nøkkelen til god livskvalitet ligg i tilgang til arbeid, sjølv når arbeidet ikkje er løna. Reinertsen peikar på at funna syner at det er signifikante forskjellar i innrapportert livskvalitet mellom dei informantane som har ordinært eller Varig Tilrettelagt Arbeid på den eine sida, og brukarar av kommunale dagtilbod på den andre. Den samla livskvaliteten er høgare hjå dei som har ein vanleg arbeidsdag, kontra dei som har et tilbod ved eit dagsenter. Reinertsen understrekar at studien har eit svært avgrensa antal informantar, men meiner resultata likevel representerer ein førstetendens. <http://napha.no/content/20399/NAPHA-radgiver-disputerte-om-utviklingshemmede-og-arbeid>

På grunnlag av forskinga som her har vore presentert, kan ein seie noko om kva me veit om dagtilbod til vaksne med utviklingshemming her i landet. Forskingsgjennomgangen syner at kommunale arbeids- og aktivitetstilbod har ei rekkje funksjonar. Det blir lagt vekt på omsorg, praktisk hjelp, ein stad for læring og individuell utvikling. Det gje tryggleik og sjølvtillit å kunne halde på med arbeidsoppgåver og aktivitetar kor ein opplever mestring. Trivsel er særsviktig og ei oppleving av at det ein held på med er meiningsfull. Det heng igjen saman med interesse for det ein gjer. Forhold som kan bidra til å fremme den enkelte sin trivsel, er tilsette sine haldningar, kvalifikasjonar og menneskelege eigenskapar.

Det er viktig med ein stad å vere kor ein kan arbeide i relasjonar med andre på ein meiningsfull måte og kjenne at ein høyrer til i eit sosialt fellesskap. Det kjem fram at å kunne dra av garde om morgonen og å komme heim om ettermiddagen, gje dagane ein struktur som skapar samanheng i livet. Arbeidstakrarar trivst med å ha eit fast innhald i

dagen sin, men ikkje alle maktar å arbeide etter produksjons- og effektivitetsmål. Forsking syner at det er viktig med gode arbeidsplassar tilpassa varierande dagsform, kognitiv kapasitet og konsentrasjonsevne, med høve til å trappe ned, når kreftene vert mindre. Det er behov for eit godt fagmiljø, med kunnskap, erfaring og innsikt hjå dei tilsette. Forsking syner det er viktig med lokalar som kan gje rom for ulike formar for arbeid/aktivitet og andre tilgjengelege fasilitetar.

Det kjem fram at integrering av personar med utviklingshemming i arbeidslivet har vore fallande. NAV avgrensar ansvaret sitt og kommunar fører folk ut av produksjon og over mot aktivisering, eller ingenting. Sysselsetting ved dagsentra har ikkje som mål å hjelpe brukarane vidare ut i anna arbeid. Fleire forskrarar peikar på at dagsentra er isolerte stader innan det miljøet dei skal vere ein del av. Det kan synast som om etablerte arbeids- og aktivitetstilbod bidreg til å halde vaksne med utviklingshemming i segregerte ordningar.

3 Metode

3.1 Vitskapsteoretisk forankring

Gjennom denne studien ønskjer eg å oppnå ei auka forståing for forhold som har tyding for vaksne med utviklingshemming sitt dagtilbod. Det epistemologiske utgangspunktet er hermeneutikk. Heidegger definerer hermeneutikk som utlegg av forståing, meddeling av det forståtte gjennom tale (Røkenes og Hansen, 2002). For å forstå ein annan må me ha innblikk i korleis den andre opplever verda. Menneska opplever ikkje verda på same måte. Ein held seg til ulike meiningskontekstar. Habermas ser det hermeneutiske forholdet som eit forhold mellom to subjekt (ibid). Det inneber at ein forstår omverda frå to ulike horisontar. Ein hjå den som tolkar og forstår, ein annan hjå den som blir tolka og forstått. Den som forstår, forstår alltid ut frå noko. Det kan vere eigne erfaringar, kjensler og tankar. (ibid). Å fortolke er å prøve å finne fram til meinингa i noko, eller å forklare noko som i utgangspunktet er uklart (Dalland, 2012, s. 57). I følgje Gadamer fins det inga sikker byrjing, ikkje noko fast og trygt grunnlag for all forståing, som me kan stå på før me byrjar å forstå (Krogh, 2014). All forståing forutset ein annan, føregåande forståing, - ein fordom. Det er feil å kvitte seg med fordommane. Me treng dei for å forstå kva som skil oss frå det som har vore. Fordommane er produkt av perioden vår og ein positiv føresetnad for forståing (ibid). Den hermeneutiske sirkel er kjenneteikna ved at me endrar vår eigen for-forståing i kommunikasjon med ein annan person (Røkenes og Hansen, 2002). Forståinga vår vil ikkje komme til ein ende, men vere i utvikling, på grunnlag av møtet med den andre.

3.2 Kvalitativ metode

I dette forskingsprosjektet har eg valt å nytte kvalitativ metode, ettersom eg har hatt ønskje om å få innsikt i andre sine tankar og opplevelingar rundt forhold som gjeld dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. Kvalitativ metode skal samle inn og analysere data i form av ord og tekst (Jacobsen, 2005). Desse metodane er nesten alltid intensive (ibid). Eg var interessert i få einingar, som eg kunne få utfyllande informasjon frå, utan å definere detaljerte og standariserte svar på førehand.

3.2.1 Kvalitativ forskingsintervju

Ettersom eg i denne studien ønska å få del i tilsette sine tankar og erfaringar med forhold som har tyding for vaksne med utviklingshemming sitt dagtilbod, fann eg at intervju ville vere ein hensiktsmessig metode å gå fram på. Gjennom intervju utvekslar ein synspunkt om eit tema som begge er opptekne av. Forskingsintervjuet er ein interpersonleg situasjon, ein samtale om eit emne av felles interesse (Kvale og Brinkmann, 2012). Gjennom forskingsintervjuet blir det produsert kunnskap i samspel mellom intervjuar, og den som vert intervjeta. Forskar definerer og kontrollerer samtalen. Målet er å få den andre til å skildre sin «livsverd» (ibid). Forskingsintervjuet kan ein sjå på som ei kjede knytt saman av talehandlingar eller språkhandlingar (Gunerussen, 2010). Intervjuar og informant held seg til kvarandre gjennom ein serie av språklege ytringar, geister og kroppsspråk (ibid). Intervjuar må tilpasse intervjustilen til den han/ho skal intervjuje (Jacobsen, 2005). I denne samanhengen har eg vurdert at det ville vere eit visst samsvar mellom mine erfaringar og mitt vokabular, samanlikna med informantane sine, slik at det ikkje ville vere behov for særskilt tilpassing av intervjustil.

Eg nytta meg av semistrukturert intervju. I denne typen intervju søker ein å hente inn skildringar av den som vert intervjeta si livsverd, i den hensikt å tolke tydinga av dei fenomen som vert skildra (Kvale og Brinkmann, 2012). Det semistrukturerete intervjuet har ei rekkje tema som skal dekkast, i tillegg til nokre forslag til spørsmål. Det er samstundes prega av openheit, slik at ein kan følje dei spesifikke svara ein får og dei historia intervjugersonane fortel (ibid). Det semistrukturerete intervjuet innebar at eg til ein viss grad styrte samtalen, men samtidig ga informanten rom til å vere på banen. Eg valde å nytte ein intervjuguide. Dette er eit manuskript som strukturerer intervjuforløpet (ibid). Eg utarbeida ein oversikt over nokre tema eg hadde ønskje om å komme inn på i løpet av intervjuet. – Tema eg hadde kjennskap til frå forskingsgjennomgang og som eg sjølv har erfart, heng saman med dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. Samtidig hadde eg ønskje om å vere open for å følje dei som vart intervjeta sine svar og dei nye retningane intervjeta tok, ettersom det var dei som vart intervjeta sine eigne erfaringar og opplevingar eg hadde som mål å skrive fram.

3.3 Utval og rekruttering

3.3.1 Utval

Eg valde å nytte eit strategisk utval i dette prosjektet. Det inneber at ein vel dei personane som ein trur har noko å fortelje om akkurat det fenomenet ein vil vite meir om (Dalland, 2012, s. 117). Eg hadde ønskje om å komme i kontakt med tilsette som arbeider ved dagsenter som på ein eller annan måte peikar seg ut, gjerne ved å gjere ting på heilt andre eller nye måtar, men der brukarane sine individuelle ønskjer og behov står i fokus.

I dette prosjektet hadde eg ønskje om å komme i kontakt med tilsette utan leiarfunksjon, som informantar. Det var fordi dei er i ein posisjon kor dei har kjennskap til forhold både på individ- og systemnivå. Dei er i dagleg kontakt med brukarane gjennom direkte tenesteyting og har kjennskap til den enkelte sine ønskjer og behov. Dei tilsette kjenner samtidig til korleis ulike forhold spelar inn og kan få konsekvensar for om brukarar får innfridd ønskja sine i samband med dagtilbodet, eller ikkje. Eg avgrensa ikkje undersøkinga til dagsenter som berre gje tilbod til vaksne med utviklingshemming. Eg var open for å intervjuet tilsette ved dagsenter der dei gje tilbod til brukarar med ulike funksjonsnedsettingar. I denne samanhengen var det dei med utviklingshemming sitt dagtilbod eg ville dei skulle fortelje frå.

3.3.2 Rekruttering

Undersøkinga er godkjent og gjennomført i samsvar med tilbakemeldinga frå Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste (NSD) (vedlegg 1 og 2).

I samband med rekruttering tok eg kontakt med Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) sentralt, Nasjonalt kompetansemiljø om utviklingshemming (NAKU), Landsforbundet for utviklingshemmede og pårørende (LUPE), samt Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) med førespurnad om dagsenter som skil seg positivt ut. NFU formidla førespurnaden vidare til alle fylkeslaga. Eg tok elles kontakt med personar innan forskingsmiljøet, med same førespurnad.

Etter å ha vurdert nærmare dei tilbakemeldingane eg fekk, sendte eg ein formell førespurnad til dei dagtilboda eg ønska kontakt med (vedlegg 3), med informasjon om prosjektet og spørsmål om leiinga kunne sette meg i samband med aktuelle informantar,

dersom leiinga stilte seg positiv. I informasjonsskrivet (vedlegg 4) blir det presisert at det er frivillig å delta i studien og at deltakar kva tid som helst kan trekke samtykket (vedlegg 5). På kva måte dei sju blei kontakta av leiinga, kjenner eg ikkje til. Det kan hende dei følte ei forventning om å delta, ettersom førespurnaden gjekk via leiinga.

Eg fekk positivt svar frå alle stadane eg vendte meg til, og kom på den måten i kontakt med 7 informantar. Av omsyn til anonymitet, vel eg å halde attende mykje av informasjon angåande desse. Namna eg har nytta er fiktive. Utdanningar som er representerte: Aktivitør, vernepleiar, ergoterapeut og idrettspedagog.

Informant	Type dagtilbod	Antal brukarar	Antal brukarar ved informant sin avdeling
Gunnhild	Arbeid/aktivitet	40	8
Kåre	Arbeid/aktivitet	40	7
Trond	Arbeid/aktivitet	60	7
Kate	Produksjon	13	
Maren	Arbeid/aktivitet	15	
Elisabeth	Kombinasjon Produksjon og Arbeid/aktivitet	50	12
Hildur	Arbeid/aktivitet	17	

Tabell 1: Oversikt informantar

3.4 Møtet med dei tilsette

Dei fleste av intervjeta har gått føre seg på informantane sine arbeidsplassar. Eg gjorde nærmare avtale om tidspunkt, elles fekk dei tilsette i oppgåve å finne eгna stad. Eit av intervjeta blei det ikkje mogeleg å gjennomføre som avtalt. I staden blei vedkomande og eg samde om telefonintervju. Alle intervjeta blei gjennomført med berre informant og

meg til stades. Alle samtalane starta med ein kort repetisjon om formålet med prosjektet og høve for informanten til å stille spørsmål. Eg hadde på førehand informert om at intervjeta ville vare om lag ein time. Dei vara frå 50 – 70 minutt. Før intervjeta starta, gjorde eg avtale om å ta ei pause om lag halvvegs. Dette for å gje begge tid til å reflektere over samtalet så langt og høve til å tenke etter om det var noko det var behov for å korrigere, føye til, eller få utdjupa. Sjølve intervjeta starta med at eg bad informanten fortelja kort om dagtilbodet. Eg sette då på bandopptakar og gjorde elles notatar undervegs. Viser elles til intervjuguide (vedlegg 6).

3.5 Analyse

Å analysere betyr å dele opp i bitar, eller element (Kvale og Brinkmann, 2012). Alle intervjeta er blitt transkriberte ordrett og tolka av meg. Før transkripsjon valte eg å opprette ein tabell for kvart intervju, for å markere overgangane mellom informanten sine uttalar og mine. Ei oppfatning av intervjet som ei samling uttalar, kan føre til at forteljinga vert fragmentert i bitar, som avsnitt, setningar eller ord (ibid). Målet mitt var å gjere materialet meir oversiktleg og lettare å manøvrere i. Samstundes prøvde eg å gå i dialog med teksten, slik det vert skildra av Kvale og Brinkmann (2012). Ein spør då om temaet i teksten, går inn i den og freistar å klargjere kva det vert gitt uttrykk for. Eg gjennomførte ein meiningsfortetting, kor ein kortar ned informanten sine uttalar, slik at meiningsfortettinga i det som er blitt sagt, kjem tydelegare fram (ibid). Eg forsøkte å avdekke meiningsfortettings og å finne nokre overordna kategoriar. Desse markerte eg med fargekodar, for å synleggjere felles tema hjå informantane. Dei overordna kategoriene eg kom fram til, har danna grunnlag for tema eg kjem inn på i drøftingsdelen.

I det transkriberte materialet markerte eg også stader der informantane sine skildringar var knytt opp mot spørsmål frå intervjuguiden. Dette for å skilje ut meiningsfortettings relatert til hovudproblemstillinga. I denne prosessen har eg og nytta meg av meiningsstrukturering gjennom narrativ (Kvale og Brinkmann, 2012), som inneber at ein konstruerer ei samanhengande forteljing på grunnlag av informanten sine skildringar.

Analysearbeidet har gått føre seg som ein fram- og tilbakeprosess, ei manøvrering mellom delar og heilskap, jamfør ein hermeneutisk tradisjon (Kvale og Brinkmann, 2012). I prosessen har eg dessutan freista å utvide mi eiga forståing gjennom å veksle

mellan å analysere og tolke empiri, og å sette meg inn i relevant teori. Ein fram- og tilbakeprosess, her og.

3.6 Vurdering av kvaliteten på undersøkinga

Når eg skal kommentere kvaliteten på undersøkinga, vil ulike refleksjonar dreie seg om pålitelighet, gyldighet og generaliserbarhet (Tjora, 2012). Eg har valt å «omsette» omgrepa til truverde, gyldigkeit og generalisering.

3.6.1 Truverde

Tjora (2012) skildrar truverde (pålitelighet) som ein intern logikk gjennom heile forskingsprosjektet. Han peikar på at forskaren sitt engasjement kan bli sett på som «støy», eller ressurs. Mykje kunnskap om temaet er ein fordel for å stille presise spørsmål, men kan vere ei ulempe ved at ein har sterke meiningar om temaet, ein ber med seg. Han understrekar at det er viktig å fortelje om forhold internt i undersøkinga, for å styrke truverdet (ibid).

I dette metodekapitlet har eg skildra nøye korleis eg har gått fram gjennom heile prosjektet. Lesaren kan forstå tolkingane mine på grunnlag av kontekst, kva samanhengar vurderingane mine har oppstått frå. Studien har handla om eit felt nært opp mot eigen arbeidskvardag. I ein slik samanheng kan eigne erfaringar påverke prosess og forskingsresultatet. Det var difor viktig å klargjere utgangspunktet mitt på førehand og vere tydeleg på mi eiga for-forståing. Eg skreiv ned eigne erfaringar på førehand, slik at eg kunne vere meir merksam på dei og ikkje å la eigne fordommar få stor plass. Min eigen ståstad, anna enn som student ved Høgskulen i Harstad, var ikke informasjon eg delte med informantane i forkant av og under intervjuet.

Når eg i dette prosjektet valde tilsette som informantar, var det ut frå ein ide om at dei kjenner til korleis ulike forhold spelar inn, og får konsekvensar for om brukarar får innfridd ønskja sine i samband med eit kommunalt dagtilbod, eller ikkje. Eg er i ein tilsvarande posisjon og tenkte på førehand at mi eiga for-forståing, ville vere ein styrke. Eg tenkte at eit felles språk ville ha noko å seie. Det kjente eg også på under intervjuet. Sjølv om fleire informantar har ei anna yrkesfagleg bakgrunn enn mi eiga, kunne eg relatere meg til forhold dei skildra under samtalane. Undervegs i intervjuet tok eg ein kryss-sjekk, for å undersøke om at eg hadde forstått rett det informanten hadde skildra.

Eg har ikkje vore i kontakt med informantane i etterkant av samtalane våre, så dei har ikkje fått høve til å korrigere tolkingane mine.

3.6.2 Gyldigkeit

Tjora (2012) peikar på at gyldigkeit handlar om ein logisk samanheng mellom prosjektet si utforming og funn, og dei spørsmåla ein ønskjer å finne svar på. Den viktigaste kjelda til høg gyldigkeit, skriv han, er at forskinga går føre seg innan faglege rammer, forankra i anna forsking, som er relevant. Eg har valt ei grundig gjennomgang av tidlegare forsking, slik at leseren kan vurdere undersøkinga mi og dei tolkingane eg har gjort, opp mot funn hjå dei som har forska innan feltet.

I denne studien er det berre dei tilsette som har kome til orde. Problemstillinga er sett lys på gjennom tilsette sine skildringar, utan brukarane sjølve, eller pårørande, si deltaking. Det kan vere ein svakheit, med omsyn til truverde. «Nothing about us, without us» er eit uttrykk som speglar filosofien og historia til the disability rights movement (DRM), som peikar på at personar med funksjonsnedsettingar sitt potensiale for å få dekt nødvendige behov, overalt er påverka av ei avhengighet sprungen ut av maktesløyse, fattigdom, undervurdering og institusjonalisering (Charlton, 1998). *This dependency, saturated with paternalism, begins with the onset of disability and continues until death* (ibid, s. 3). Charlton siterer ein av leiарane i DRM, Ed Roberts: *If we have learned one thing from the civil rights movement in the U. S., it's that when other speaks for you, you lose* (ibid).

Med dette som utgangspunkt kan det synast som eit paradoks at vaksne med utviklingshemming ikkje har deltatt i denne undersøkinga. Det har samband med formålet med undersøkinga og val av problemstilling. Målet med undersøkinga har vore å få fram kunnskap om korleis ulike forhold gjer det mogeleg, eller er til hinder for, å etablere eit tilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov. Då eg valte tilsette som informantar, var det fordi eg vurderte at dei har dei beste føresetnadane til å svare på problemstillinga.

3.6.3 Generalisering

Generalisering i denne samanhengen, handlar om resultat og tolkingar i ei undersøking kan overførast til andre informantar og situasjonar (Kvale og Brinkmann, 2012). Denne

undersøkinga er basert på skildringar frå sju informantar, som har fortalt frå kvar dag sin ved kommunale dagtilbod. Skildringane er tatt ut frå ein kontekst, samanhengar som er særskilde for kvar informant sin arbeidskvardag, som set preg på deira erfaringar og opplevingar. Under kapittel 5, drøftingsdelen, har eg konstruert samanhengande narrativ frå tre verksemder. Den eine eit dagtilbod med rom for varierte opplevingar og aktivitetar, ein annan eit dagtilbod med vekt på produksjon og det tredje eit «blanda» tilbod, der ein både driv produksjonsretta verksemd, men kor det og er rom for variasjon og fleksibilitet. Andre som har kjennskap til kommunale dagtilbod og tenester til personar med utviklingshemming, vil kunne kjenne seg att i skildringar og forhold som vert drøfta. Undersøkinga gje inga grunnlag for generalisering, men kan vere av interesse for fleire.

3.6.4 Metodekritikk

For å svare på problemstillinga, valte eg å intervjuet tilsette. Undersøkinga er basert på skildringar frå deira perspektiv. For å få eit meir nyansert bilde, hadde undersøkinga vunne på om eg også hadde intervjuet andre; brukarar sjølv, deira pårørande, følgjepersonar, leiing. Undersøkinga kunne og vore tent med bruk av fleire metodar, t.d. deltakande observasjon, i tillegg til intervju. Eigne rammer for prosjektet sette imidlertid grenser.

Leiinga ved dei dagtilboda eg har vore i kontakt med, var informert om prosjektet og hjalp til med kontakten med informantane. Sjølv om informantane er blitt anonymiserte i oppgåva, kan intervjuet og det informantane har formidla, ha blitt påverka av at leiinga og andre har kjent til prosjektet og dei tilsette si deltaking.

Undervegs har eg kjent på at min eigen ståstad kan ha vore ei ulempe. Eigne erfaringar kan ha ført til at merksemda mi har vore retta mot forhold eg sjølv opplever som viktige, i samband med vaksne med utviklingshemming sitt dagtilbod. Eigne erfaringar og kjennskap til feltet kan ha påverka val av spørsmål og oppfølgingsspørsmål. Det kan ha påverka fokuset mitt i analysearbeidet og det kan ha påverka måten eg har tatt i bruk teoretiske kjelder. Rapporten kan vere farga av val eg har gjort undervegs i prosessen, på grunnlag av eigne erfaringar. Samtidig kan eiga merksemrd mot å gå i slike «feller», også ha ført til at eg har vore meir tilbakehalden i høve forhold eg er opptatt av sjølv. I ein hermeneutisk tradisjon spelar for-forståing ei viktig rolle. «Fordommar» er ein del

av oss, som pregar møtet med andre. Ut frå ei hermeneutisk tilnærming vil prosessen og den skriftlege rapporten naturleg vere influert av mi forståing. Eg har ikkje vore i kontakt med informantane i etterkant av intervjeta, men vonar dei kjenner seg igjen i dei forholda eg har sett sørkelyset på, og at eg har klart å skrive fram noko av det dei prøvde å formidle.

3.6.5 Etiske refleksjonar

Etiske problemstillingar er noko ein bør vere merksam på og ta stilling til heile vegen i ei intervjuundersøking (Kvale og Brinkmann, 2012). Eg kan nemne etiske problemstillingar som eg har tatt stilling til frå eg tok til med undersøkinga, til den skriftlege oppgåva var ferdig. Den vanskelegaste avgjerda var då eg landa på ei undersøking der vaksne med utviklingshemming ikkje har deltatt sjølve. For å svare på problemstillinga, valte eg å intervjuet tilsette. Det neste dilemmaet hadde samband med rekruttering og korleis komme i kontakt med informantar. Eg har reflektert over i kor stor grad deira deltaking har vore frivillig, ettersom førespurnaden gjekk via leiinga. Kan hende følte deltakarane ei forventning om å vere med, som ikkje var tilskjuta frå mi side. Eg kan nemne at eg under prosessen også vurderte intervjustituasjonen og korleis gjere det best for informantane. Eg kom til at det beste ville vere om dei sjølve kunne avgjere kor intervjeta skulle gå føre seg. Eg fann at det ikkje ville vere behov for særskilt tilrettelegging under sjølve intervjeta. Eg gjekk ut frå at det ville vere nært samsvar mellom informantane sine språkhandlingar og mine eigne. Eg kan og nemne refleksjonar med omsyn til konfidensialitet, der eg tok stilling til korleis opplysningane skulle behandlast og lagrast. Eg har vidare reflektert over korleis informantane og deira skildringar er blitt presentert i oppgåva. Eg har mellom anna konstruert samanhengande forteljingar frå tre av informantane, nytta meg av meiningsstrukturering gjennom narrativ (Kvale og Brinkmann, 2012), noko som kan føre til ei viss gjenkjening. Samstundes inneberer ei hermeneutisk tilnærming ei forståing for at ein ikkje opplever verda på same måte, men held seg til ulike meiningskontekstar (Krogh, 2003). Endrar ein på kontekst, kan tolking og forståing gå føre seg på feil grunnlag. Ein bør difor halda seg til den samanhengen det ein vil utforske, går føre seg i. Eg vonar eg har funne ein akseptabel ballanse mellom anonymitet og informasjon om kontekst. Eg vil til slutt nemne at eg har nytta meg av direkte sitat frå intervjeta. Dette fordi lesaren då kjem i kontakt med det informantane

har skildra, på ein meir direkte måte. Samstundes peikar Kvale og Brinkmann (2012) på forhold ein skal vere merksam på ved publisering av direkte uttale. Mellom anna kan det vere uheldig med publisering av usamanhengande og gjentakande, ordrette intervjurtranskripsjonar. Det kan vere nødvendig med ei endring av sitat til ei meir korrekt skrifteleg form (*ibid*). Dette har eg freista å ta omsyn til.

4 Teoretiske perspektiv

I problemstillinga spør eg om kva for forhold tilsette opplever som viktige, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa brukarane sine eigne ønskjer og behov. Sentrale føringar handlar om ei utforming av tenestene, slik at kvar og ein kan delta i størst mogeleg grad i samfunnet, på eigne premissar og etter eigne ønskje.

Etter å ha vore ute i praksisfeltet og intervjuia tilsette, har eg fått innblikk i ulike forhold som dei erfarer er viktige; forhold som kan bidra til å fremme den einskilde sine høve til å få innfridd ønska sine, andre forhold som kan vere til hinder. Eg har valt å drøfte problemstillinga i lys av eit empowerment-perspektiv, samt eit kommunikasjons- og samspelsperspektiv. Anna relevant teori er og blitt trekt inn i drøftingane, der det har vist seg aktuelt.

Eg vil starte med ei generell utgreiing av empowerment. Eg har valt å utdjupe skilnaden mellom den individuelle og strukturelle dimensjonen av omgrepene nærmare. Vidare vil eg syne korleis fagpersonar si rolle vert påverka når ein arbeider med empowerment som grunntanke, særskilt i møte med menneske som har vanskar med kommunikasjon og kognisjon.

Neste del i teorikapitlet handlar om kommunikasjon og samspel. Eg startar med ei meir generell utgreiing om kommunikasjon, for så å utdjupe nærmare utfordringar ein kan møte i arbeid med menneske med store kommunikasjonsvanskar. Praksisfeltet og møtet med informantane har vist stor variasjon når det kjem til kommunikasjon og samspel; eit spenn frå dei som kan uttrykke seg adekvat gjennom eit verbalt språk, andre som nyttar alternativ og supplerande kommunikasjon, til vaksne som er døvblinde, med dei utfordringane det inneber. Eg har difor også valt faglitteratur som syner utviklinga innanfor spedbarnsforskinga og kva konsekvensar denne forskinga har fått for praksis.

4.1 Empowerment

Empowerment blei introdusert her i landet allereie på 1980-talet og då omtala vekselvis som empowerment og user participation (Juritzen, Engebretsen & Heggen, 2012). Historisk sett har omgrepet vore relatert til stigmatiserte og undertrykte grupper sin kamp for menneskerettar og respekt (Sollied, 2013). Funksjonshemma og deira organisasjonar markerte sterkt motstand mot det tradisjonelle paradigmet der det å vere

funksjonshemma blei definert som eigenskap ved og i individet (Bollingmo, Ellingsen & Selboe, 2005, s. 27). Empowerment-ideologien bidrog til eit paradigmeskifte som i første rekkje ser funksjonshemming som eit sosialt og kulturelt produkt, framføre eit særtrekk eller ein eigenskap ved det enkelte individ (ibid). I den internasjonale faglitteraturen vert empowerment framstilt som det grunnleggande omgrepet i omsorgspolitikken i 1990-åra (Mc Fadden & Burke, 1991). Dei viktigaste avgjerdane skal takast på lokalt nivå og idealet handlar om at mennesket skal bli empowered slik at dei kan utvikle eigne løysingar på forhold som påverkar liva deira. *Empowerment and leadership* vert framheva som det første av fem sentrale områder i arbeidet med å utvikle det nye paradigme overfor hjelpetrengande i Amerika på 90-talet. Tilgang på ressursar og tenester hadde i stor grad vore styrt av sentrale myndigheter. Det vaks fram eit ønskje om å snu dette, slik at viktige avgjelder skulle takast på lokalt nivå. Det var eit mål å auke uavhengigkeit, produktivitet og integrering av menneske med utviklingshemming i lokalsamfunn, over heile nasjonen (ibid). «*These five themes (empowerment and leadership, choise and flexibility, a home of your own, full community participation, and positive public education) represent our viwes about the directions the field should take during this decade*» (ibid, s. v). Her kan ein kjenne igjen nokre av visjonane som låg til grunn for avviklinga av HVPU, som blei gjort gjeldande i 1991; desentralisering og integrering. Mc Fadden & Burke (1991) trekker fram empowerment som eit hovudområde i endringsprosessen, medan ein i samband med HVPU-reforma her i landet hadde normalisering som eit av dei overordna måla.

Askheim (2003) peikar på at det er vanskeleg å omsette empowerment til skandinavisk språk og finne eit omgrep som dekker tydinga fullt ut. Omgrepet empower vert gjerne omsett med: *å bemyndige, å gje makt til, å sette i stand til, å gje autoritet til, å gje moglegheit til, eller å tillate* (Stang, i Bollingmo et al., 2005). Den mest vanlege omsetjinga er myndiggjering, som uttrykker eit ideal om at forholdet mellom behandler/hjelpar/ekspert og klient bør vere prega av likeverd (Vik, 2007). I offentlege dokument og faglitteratur kjem strøymingane bak empowerment til uttrykk i formuleringar som brukarperspektiv, brukarrettigheter, brukarmedverknad og brukarstyring (Askheim, 2003). Empowerment brukt i praksis retter seg både mot å styrke nokon sine krefter og å nøytraliserer eller bekjempe motkrefter i samfunnet omkring (Bollingmo et al., 2005).

Empowerment blir i aukande grad brukt av grupper som er brukarar av tenester, som krev rett til å bestemme innhaldet i hjelpetilbodet sitt og rett til å velja korleis dei vil leve (Askheim, 2003). Blant dei med funksjonshemming har dei med fysiske funksjonshemminger i første rekkje vore føregangspersonar, men tilnærminga har i aukande grad fått gjennomslag, også i høve dei med utviklingshemming. Det har vekse fram ein opposisjon mot den etablerte tenkinga om rehabilitering, behandling og tenestebastert omsorg. Funksjonshemma held fram retten til å definere kva som er normalt for dei, og kva for verdiar dei vil legge til grunn for livet sitt (ibid).

Utgangspunktet bak empowerment er å styrka dei avmektige slik at dei kan få auka sjølvtillit, betre sjølvbilete, auka kunnskapar og ferdigheiter (Askheim, 2012). Gjennom ei slik styrking kan dei mobilisere kraft til å få meir makt, styring og kontroll over eige liv. Dei helse- og sosialtilsette si rolle vert å bidra i denne prosessen på ulike måtar (ibid). Empowerment utfordrar den tradisjonelle hjelparollen (Slettebø, 2000). Empowerment blir skildra både som mål, som prosess og som ein form for intervension, eller metode. Ideologien representerer på mange måtar antitesen til paternalisme, som er bygd på tanken om at klientar ikkje sjølv veit kva som er best for dei. Dei treng hjelp frå ekspertar til å mestre problema sine (ibid).

Empowerment-strøymingane markerer sterk opposisjon mot normaliseringstanken (Askheim, 2003). Denne ideologien vert framstilt som disiplinerande og for å ha assimilering, tilpassing, konformitet og status quo som konsekvens. Grunngjevinga for empowerment kan knytast til velferdsstatens og velferdstiltaka sine tendensar til standarisering, byråkratisering og vanskar med å utvikle tilbod som er tilpassa det einskilde individ sine behov. Denne kritikken vert framført av ulike politiske leiarar. Vekta på individet sin fridom er tradisjonelle liberale idear. Samtidig erkjenner den politiske venstresida at velferdsstaten skaper urettferd ved ikkje å ta individuelle omsyn. Dei same argumenta blir brukt til ulike formål. Den eine sida ønskjer ein prosess med det for auge å demontere velferdsstaten. På den andre sida er det eit ønskje om å revitalisere, modernisere og effektivisere offentleg sektor. Retningane ser på tenestebrukaren på ulik måte. Den venstreradikale tilnærminga ser på tenestebrukaren som samfunnsborgar, ein del av eit undertrykt kollektiv, der målet er å sikre likestilling og rettferd. Den liberale tilnærminga ser på tenestebrukaren som forbrukar eller kunde, som treng fridom for å få dekka individuelle behov på den måten han eller ho sjølv finn

føremålstenleg innanfor ein tenestemarknad. Brukardeltaking vert avgrensa til å kunne påverke eige tenestetilbod ut frå ei marknadstenking. Innanfor ein demokratisk modell er ein ikkje berre opptatt av utvikling av tenestene, men også korleis ein lyt utforme ein politikk for å hindre sosial ekskludering, diskriminering og klientifisering. På individuelt nivå vil dei to modellane føre til like løysingar ved at dei profesjonelle vert aktørar som skal operere på brukarane sine premissar, men løysingane kan likevel peike i ulike retningar. Kva tyding av empowerment som vert lagt til grunn, vert avgjerande for fagpersonar som vil arbeide etter ei slik tilnærming (ibid).

Det sentrale ved empowerment er å sjå samanhengar mellom livssituasjonen den einskilde er i og samfunnsmessige eller strukturelle forhold, - samanhengar mellom det personlege og det politiske (Askheim, 2003). Empowerment er både ein ideologi og ein metodisk tilnærming (Slettebø, 2000). Ein kan forstå empowerment både som mål, metode og prosess. Målet er å auke makta til den einskilde brukar, gruppe, eller lokalsamfunn slik at dei kan førebygge eller endre forhold som er årsak til vanskane deira. Ideologien gje bestemte føringar for metodisk arbeid og bygger m.a. på ein ressessorientert tilnærming, der ein har tru på at mennesket har evne til å delta i avgjerder og handlingar som gjeld eige liv. Brukarane veit best kva dei treng og kva som er viktig for dei. Tilnærminga fokuserer på likeverd, noko som handlar om at brukarane sine eigne erfaringar og kunnskap om eige liv skal ha same status i arbeidet, som profesjonelle sin kunnskap. Partnarskap, samarbeid og medverknad står sentralt. Metodisk tilnærming vil og innebere ei maktanalyse av brukaren sin situasjon. Den profesjonelle må ha forståing for samanhengen mellom den einskilde sin situasjon og strukturelle tilhøve og maktforhold i samfunnet generelt. Ein lyt analysere korleis avmakta verkar inn og deretter identifisere kva moglegheiter den einskilde har til å få auka styring over eige liv. Metodisk arbeid vil og innebere å mobilisere ressursar. Skal brukarane bli i stand til å kjempe for eigne interesser, vil mange trenge tilgang på både menneskelege og materielle ressursar. Dette lyt dei profesjonelle hjelpe til med (ibid).

Det går eit grunnleggjande skilje innanfor empowerment-litteraturen mellom kva ein kan kalle empowerment som etablering av motmakt og individorienterte tilnærmingar (Askheim, 2012). Motmaktstenkinga er opptatt av korleis samfunnsmessige tilhøve verkar inn på personar og grupper sin livssituasjon, medan dei individorienterte er opptatt av korleis det einskilde individ kan styrkast, utan at dette vert sett inn i ein

samfunnsmessig kontekst (ibid). Desse dimensjonane vert også omtala som individuell og systemorientert myndiggjering (Vik, 2007). Sollied (2013) nyttar omgrepene personleg nivå (psykologisk empowerment), interpersonelle nivå (gruppfellesskap) og samfunnsnivå (sosial funksjon og forandring). Eg vil i den vidare utgreiinga prøve å utdjupe denne skilnaden og har valt ei inndeling der eg nyttar omgrepene «individuell dimensjon» om individorientert empowerment og «strukturell dimensjon» om empowerment som etablering av motmakt.

4.1.1 Individuell dimensjon

Den individuelle dimensjonen er retta mot prosesser og aktivitetar som har til hensikt å auke individet sitt kontroll over eige liv. Individet vert utstyrt med større sjølvinnnsikt, betre sjølvbilde og auka kunnskapar og ferdigheiter, slik at det kan identifisere barrierar som avgrensar høve til eigenkontroll (Askheim, 2003). Ein kan og seie at den individuelle dimensjonen rettar seg mot det å ivareta retten til å bestemme sjølv (Bollingmo et al., 2005). Den individuelle tilnærminga er først og fremst opptatt av styrke og kraft. Gjennom oppbygging av individuell styrke og sjølvtillit blir den einskilde i stand til å realisere ressursane sine og tileignar seg meir makt eller kontroll over eige liv (Askheim, 2012).

Ut i frå eit felles utgangspunkt tek den individuelle dimensjonen ulike retningar (Askheim, 2012): 1 - ein marknadsbasert konsumentorientering, 2 - empowerment som individuell sjølvrealisering og 3 - ein terapeutisk posisjon. Marknadstenkinga ser ein tydelegast i nasjonar med liberale velferdsstatar, men også dei nordiske velferdsstatane er i aukande grad under press frå meir marknadsbaserte modellar. Ei modernisering av offentleg sektor (NOS) er i stor grad påverka av «New public Management-tenkinga» (NPM), der marknaden er førebiletet for tenesteytinga (ibid). I utgangspunktet var NPM nemninga på dei konservative reformane som Margareth Thatcher si regjering gjennomførte innanfor offentleg forvaltning i Storbritannia på 1980-talet (Vik, 2007). Dei byråkratiske styringsprinsippa / offentleg forvaltning var prega av manglande incentiv og hadde blitt ineffektiv. Det var behov for å stimulere til forbetring og effektivisering, og konkurransen kunne vere ein strategi. Rolla som kunde står fram som eit ideal for korleis forholdet mellom den enkelte borgar og det offentlege bør vere. Politikarar og byråkratar skal vere imøtekommande og strekkja seg lengst mogeleg i

høve kritikk og klager. Borgarane skal bli oppdratt til å oppføre seg som kundar i møte med det offentlege og så langt som råd ha fritt val mellom offentlege godar (ibid). I ein marknadsbasert konsumenttilnærming blir individet sett på som uavhengig og den som er best i stand til å ivareta eigne interesser (Askheim, 2012). Velferdsstaten blir sett på som ein institusjon som umyndiggjer og tek frå individet initiativ og ansvar. Målet blir å minke staten sitt handlingsrom og innføre marknadsmodellar i velferdsstaten (ibid). Hensikta med NOS har vore å gjere offentleg sektor meir fleksibel og effektiv (Johansen, 2008). Eit døme er modellen med resultateiningar i kommunesektoren, der oppgåver er blitt overført til lineleiarar, som i tillegg til operativt ansvar også får ansvar for budsjett og resultat. Brukarane sine val og preferansar skal vere styrande for verksemda. Ein ønskjer å fjerne «unødig» administrasjon, å bygge ned tersklar, køar og skrankar mellom brukaren og forvaltninga. Brukaren vert sett på som kunde, ekspert på eigne behov, som skal kunne stille krav til tenesteytar (ibid). Ansvaret for å ivareta interessene sine blir sett på som eit individuelt ansvar. Større valfridom skal sikre rett til høgare kvalitet på tenestene (Sollied, 2013).

Empowerment sett på som individuell sjølvrealisering er opptatt av å få fram det autentiske i individet, utan at dette vert relatert til sosiale relasjoner eller strukturar (Askheim, 2012). Retninga kan knytast til den sterke individualismen som kjenneteiknar det amerikanske samfunnet. Eit tydeleg innslag er det sterke fokuset på positiv tenking som løysinga for å få eit betre liv. Om me får forholdet til oss sjølve til å fungere, vil også forholdet vårt til andre bli både enklare og betre (ibid).

Innafor ein terapeutisk posisjon finst modellar som knyt empowerment-prosessen til fellesskapet gjennom sjølvhjelpsgrupper (Askheim, 2012). Statlege myndigheter ser på sjølvhjelpsgruppene som viktige tiltak for å hjelpe menneske til å ivareta sine eigne helseressursar. Målet er å styrke den enkelte sine evner og moglegheiter til å delta i eigen endringsprosess og få ny styrke og kraft til å handtere kvardagen ved hjelp av gruppene. Sjølvhjelpsarbeidet rettar seg primært mot å gje individet styrke og kraft, meir enn makt til å endre kollektive og politiske tilhøve i eit samfunn som undertrykker. For fagpersonar som er involvert i empowerment-retta arbeid knytt til ein terapeutisk tilnærming, er utfordringane knytt til korleis ein kan medverke til å utløyse styrke og ressursar hjå personane dei arbeider i forhold til, slik at dei tek tak for å betre eiga helse eller eigen livssituasjon (ibid).

Slettebø (2000) peiker på at det inneberer ein forenkling å avgrense empowerment til ein individuell psykologisk bevisstgjeringsprosess i sosialt arbeid. Ein grip då ikkje fatt i dei kollektive og politiske sidene med empowerment-prosessen og konsekvensane kan bli at empowerment vert ståande att som eit terapeutisk omgrep (ibid).

Etter kvart som empowerment-perspektivet har sett sitt preg på velferdspolitikken, har rettighetsomgrepet kome sterkare i fokus (Askheim, 2003). Ein er blitt meir opptatt av sikre rettferd og likeverd for funksjonshemma gjennom lovgivinga, men denne krev at det einskilde individ sjølv må kjenne rettighetene sine og ha evne til å formulere og fremme dei. Askheim peikar på at det er store forskjellar mellom dei med funksjonshemming når det kjem til kva forståing dei har for rettigheter, og evna dei har til å hevde interessene og rettighetane sine (ibid).

Utgangspunktet bak ideologien om empowerment er at brukaren veit best, men dette er ikkje alltid rett (Vik, 2007). Hjelparen lyt vurdere i kva samanhengar og i kor stor grad ein skal påverke og styre den hjelpetrengande. Hovudoppgåva er å stimulere den einskilde til å ta ansvar og vere aktiv – så langt brukaren sine føresetnader strekk til, samt å legge til rette slik at den einskilde sin deltakingskompetanse får best mogeleg vekstvilkår. Hjelparen og brukaren har noko å lære av kvarandre. Hjelparen kan bidra med fagleg kompetanse, men er ikkje ekspert på brukaren sin situasjon og korleis vedkomande opplever kvardagen sin. Ein føresetnad for ei god samhandling er at det finn stad ein god kommunikasjon mellom subjekt og at ein unngår einvegskommunikasjon. Når ein arbeider med empowerment er det viktig å lytte til brukaren sine behov og gje rom for det særegne. Måla kan ein ikkje fastleggja på førehand. Verkemidla er tolmod, gjensidigkeit og empati (ibid).

4.1.2 Strukturell dimensjon

Den strukturelle dimensjonen omfattar barrierar, maktforhold og samfunnsstrukturar som opprettheld skilnadar, urettferd og manglande høve til å ha kontroll over eige liv (Askheim, 2003, s. 104). Ein kan ikkje forstå eller hjelpe menneske utan at ein tek omsyn til at individet er ein del av ein større samanheng (Vik, 2007). Det kan vere ein familie, ei gruppe, ein organisasjon, osv.. Empowerment kan innebere at endra rammevilkår og interne relasjoner for gruppa får ein frigjerande effekt for det enkelte medlem (ibid). Denne dimensjonen vert óg skildra som empowerment som etablering av motmakt

(Askheim, 2003). Den enkelte sin posisjon i samfunnsstrukturen er ikkje naturgitt, men eit resultat av menneskeskapte, historiske prosessar. Det er bestemmande for kva grad av makt, eller avmakt, den enkelte har over livet (ibid).

Freire vert trekt fram som ein som har vore til viktig inspirasjon for dei som skriv om og arbeider med myndiggjering, eller empowerment (Vik, 2007). Freire var svært engasjert i tilhøva for fattige og undertrykte. Han såg det som ei oppgåve å hjelpe dei fattige, som meinte dei sjølve hadde skuld i situasjonen sin, til å plassere skulda der den høyre heime, i systemet (ibid). «*I have always prayed in order that the weakness of the offended would transform itself into the strength with which they would finally defeat the power of the great*» (Freire, 1997, s. 65).

Slettebø (2000) og Askheim (2003) stiller spørsmål om korleis ein som profesjonelle yrkesutøvarar kan legge forholda til rette for at brukarane sjølve kan ta makt og vinne att styringa over eige liv. Begge syner til at den profesjonelle er plasserte i ein posisjon kor dei har tilgang til både makt og autoritet. Ein posisjon med element av både omsorg og kontroll. Profesjonane lyt vere kritiske til eiga rolle og ha forståing for samanhengen mellom den einskilde sin personlege situasjon og strukturelle tilhøve og maktforhold i samfunnet (Slettebø, 2000). Brukardeltaking er ein føresetnad dersom auka livskvalitet og betre levekår skal vere eit mål i arbeidet. Innanfor rammene av det byråkratiet ein arbeider i, har profesjonane i yrket sitt makt til å belønne, tvinge, legitimere eller straffe. I siste instans har dei mandatet sitt frå lovverket. Personleg makt handlar om personlege eigneskapar og særtrekk. Profesjonell makt, eller kunnskapsmakt, handlar om at kunnskap ofte gje ei særskilt tyngde til dei synspunkt me presenterer. Makt kan bli brukt til å få gjennomslag for sosialpolitiske saker og til å få gjennomført arbeidsoppgåver og forbetra uheldige forhold som kan ha innverknad på samarbeidsforhold og trivsel (ibid).

Profesjonelle skal medverke til empowerment, samtidig som dei skal rasjonere ytingane (Askheim, 2003). Dette inneber eit spenningsfelt mellom brukarlojalitet og lojalitet til tenesteapparatet og myndigheter. Dei profesjonelle har ansvar for korleis faget dei er utdanna til, vert omsett i praksis. Dei skal ikkje berre passe arbeidet sitt, utan å bekymre seg for den organisatoriske, institusjonelle og politiske ramma det skal utførast innanfor. Brukarane treng høgt kompetente og kvalifiserte fagpersonar til å hjelpe seg.

Det som er avgjerande er kva for kompetanse fagpersonane har og på kva måte dei stiller kompetansen sin til rådvelde på (ibid). Slettebø (2000) peikar på at mykje tyder på at mange sosialarbeidarar også opplever avmakt. Ofte manglar dei ressursar til gjennomføring av ønskjelege tiltak. Politiske føringer og organisatoriske rammer kan bidra til at dei kjenner seg underlegne og ute av stand til å mobilisere ressursar (ibid).

Empowerment har, både som ideologi og praksis, ein viktig funksjon på systemnivå (Bollingmo et al., 2005). Det er ein kontinuerleg utfordring å gje marginale grupper den makta dei har krav på, og sette dei i stand til å delta på arenaer der det blir tatt viktige avgjelder. Bollingmo et al. (ibid) peikar på at ein lyt vere merksam på språkbruk. Omgrep og formuleringar som myndiggjering, gje høve til, setje i stand til og tillate, kan lett føre til at ein opprettheld eit paternalistisk forhold mellom tenesteytar og tenestemottakar.

Empowerment og brukarmedverknad er nøkkelord for å skildre ein jamnare maktfordeling i relasjonen mellom velferdsstaten sine brukarar og myndighetene (Juritzen et al., 2012). Juritzen et al. (ibid) har analysert ein skriftleg læreplan for etterutdanning av helsepersonell og sett nærare på korleis brukarmedverknad vert forstått. Dei fann at brukarmedverknad skiftar i planen frå eit spørsmål om normer og haldningar til meir og meir å bli eit spørsmål om rett kunnskap og innsikt. Brukarmedverknad vert framstilt som ei sanning om korleis forholdet til brukaren skal vere, som den tilsette skal slutte seg til. Brukarmedverknad vert eksperthjelp til sjølvhjelp, eit instrument utanfor brukaren sjølv. - Eit verkemiddel i hendene på fagutøvarane, ein profesjonell praksis, som vert skapt i samhandlinga profesjonelle imellom og mellom dei profesjonelle og brukarrepresentantane. – Ikkje i relasjon til den einskilde brukar. Juritzen et al. peikar på at empowerment-idealet ikkje sikrar eit opphør av utøving av makt, men heller kan komme til å forme om dei tilsette si utøving av makt på ein slik måte, at potensialet for maktkritikk blir svekka (ibid).

4.1.3 Empowerment og utviklingshemming

Personer med utviklingshemming skal, så langt som mulig, ha de samme valgmuligheter som andre. Retten til selvbestemmelse er viktig for menneskeverdet, selvutvikling og egenidentitet. Politikken for mennesker med utviklingshemming legger til rette for at personer med utviklingshemming kan bruke selvbestemmelsesretten sin og leve sine egne liv etter egne valg. Dette krever mulighet til ikke bare å gjøre valg i dagliglivet, men også til å få mulighet til å medvirke i større avgjørelser om sin livssituasjon. (Meld. St. 45, 2012–2013)

Mange med utviklingshemming er avhengige av hjelp i kvardagen. At nokon er nødt til å nytte seg av offentlege tenester ved større eller mindre gjeremål, kan innskrenke den enkelte sin fridom til å styre eige liv (Meld. St. 45, 2012–2013). Empowerment-tilnærminga stiller ekstra store krav til fagpersonar når personar med utviklingshemming er målgruppe for arbeidet (Askheim, 2003). Ei einsidig vektlegging av brukarmedverknad og fokus på rettigheter vil kunne favorisere dei sterke blant dei med funksjonshemminger og bidra til å gjere svake grupper sine behov usynlege. Balansegangen mellom ansvaret ein som fagperson har for den hjelptrengande sin rett til å få så god hjelp som mogeleg, versus den enkelte sin rett til å bestemme over sitt eige liv, vert ekstra tydeleg når den hjelptrengande har små kognitive evner. Kravet til kommunikative og relasjonelle ferdigheter hjå dei profesjonelle må stå sentralt (ibid).

Sollied (2013) har sett nærmere på om ein kan anvende omgrepene empowerment for gruppa av menneske med store funksjonsnedsettingar og kommunikasjonsvanskår. Ho presenterer Søren, ein ung mann med store motoriske funksjonsnedsettingar, som har utviklingshemming og manglar talespråk. Søren er avhengig av ein annan sin tolking av hans kommunikative uttrykk når han skal gje uttrykk for ønska sine. Det er avgjerande at den profesjonelle hjelparen dreg inn tenkinga om empowerment i ein slik relasjon. Sollied peiker på at me i litteratur om empowerment sjeldan finn omgrepene brukt i skildringar av menneske som Søren. Med ei mindre snever definisjon enn det som er vanleg av omgrepene empowerment vert det høve til å nytte omgrepene meiningsfullt for den gruppa Sollied har tatt utgangspunkt i. Med utgangspunkt i hennar målgruppe er det komplisert å bruke omgrepene psykologisk empowerment i tradisjonell tyding, ettersom det handlar om å utvikle sjølvstende og ta kontroll over eige liv. Når det kjem til personar med multiple funksjonsnedsettingar, lyt empowerment sjåast i forhold til mennesket med funksjonsnedsetting saman med dei nære omgjevnadane, for at det skal bli meiningsfullt (Sollied, 2010). Profesjonelle kan i mindre grad rådføre seg med hovudpersonen på grunn av kommunikasjonsvanskår og dei kan ikkje sjå føre seg ein tradisjonell form for sjølvstende i livsutfaldinga. Dei med multiple funksjonsnedsettingar vil alltid vere avhengige av hjelp og støtte frå ein annan for å kunne oppnå personleg utvikling og livskvalitet. Kvaliteten på tilbodet til mennesket med funksjonsnedsetting vil henge saman med fagleg kunnskap, evne til empati og refleksjon. Sollied (ibid) foreslår at ein lyt sjå på relasjonen mellom mennesket med

multiple funksjonsnedsetting og den andre som den minste eining, som kan myndiggjerast. Samtidig peikar ho på at det er ein føresetnad at naudsynte rammevilkår er på plass, for at ein relasjon skal bli psykologisk empowered. Sollied (*ibid*) peikar på at ein allianse mellom profesjonelle og pårørande, t.d. gjennom tverrfaglege grupper («fellesskapsfølelse»), kan innebere ein styrke. Ho viser vidare til døme frå eiga doktorgradsavhandling (Sollied 2009) der foreldre og profesjonelle har peika på korleis rammevilkår får konsekvens for utviklinga av empowerment i relasjonen. Nedskjeringar og tronge økonomiske rammer fører til ein medarbeidarstab sett saman av mange små stillingar, skal ein få dekka ein vaktplan. Dette er eit effektivt hinder for å bli godt kjent og få kontinuitet i relasjonen. Ein får manglande stabilitet og samanheng. Sollied peikar på at menneske med omfattande funksjonsnedsettingar og kommunikasjonsvanskår og deira støttespelarar kan ha behov for meir aktiv støtte og etablering av konkrete rammeverk for å komme nærmare auka empowerment.

Når den profesjonelle si rolle vert endra frå å vere ekspert til å vere støttande og rettleiande, kan ikkje kriteria for kva som skal vere resultatet, setjast opp på førehand (Askheim, 2003). Dette kan innebere at den profesjonelle av og til må godta å arbeide mot mål som ein ut frå eigne vurderingar meiner ikkje er dei rette eller mest realistiske. Dette kan skape konflikt og dilemma for den profesjonelle. Ein har eit ansvar for den ein er sett til å hjelpe, samstundes som ein skal vise respekt for den einskilte sin sjølvråderett. På den eine sida kan ansvaret slå over i ein umyndiggjerande praksis, på den andre sida i unnlating. Eit sentralt dilemma handlar om kor grensa går for å gripe inn, versus fridom og rett for den einskilte til å bestemme over sitt eige liv. Mange dilemma vert tilspissa og gjort meir tydelege når ein arbeider med menneske med manglande kognitiv kompetanse, som har vanskar med å uttrykke ønska sine og sjå konsekvensane av dei vala dei gjer. Tydinga av empowerment eller brukarval må difor balanserast mot ansvaret ein har for å beskytte individet mot risiko det kan hende ikkje skjørnar, på grunn av kognitiv funksjonsnedsetting. Fagpersonar si evne til å setje seg inn i den hjelptrengande sin situasjon og å forsøke å ta vedkomande sitt perspektiv, er ein føresetnad for å kunne handle adekvat. Det føreset igjen kompetanse til å kunne reflektere over premissane faget er bygd på. Å utvikle ein slik kompetanse hjå fagfolk som arbeider med personar med avgrensa kognitive evner og kompliserte måtar å

kommunisere på, er vanskelegare enn når arbeidet gjeld personar med normalt intellekt og eit vanleg verbalt språk (ibid).

Juritzen et al (2012) sitt studie av utdanningsplana som skal bidra til auka kompetanse om brukarmedverknad hjå tilsette, syner at plana skriv fram eit bilet av brukaren som «snakker», har evne til å artikulere erfaringane sine tydeleg, samt evne til å fremme eigne synspunkt. Plana gje ikkje rom for sårbare og hjelpetrengande brukarar (ibid). Felles for dei fleste med utviklingshemming er at dei på ein eller annan måte har vanskar når det kjem til kommunikasjon med andre (Lorentzen, 2003). Desse vanskane vil komme til syne i den daglege samhandlinga mellom dei med utviklingshemming og tilsette (ibid).

4.2 Kommunikasjon og samspel

4.2.1 Kva er god kommunikasjon?

Ordet kommunikasjon kjem av det latinske verbet *communicare*, - «å gjere felles» (Røkenes og Hansen, 2002). Det å delta i gjensidig kommunikasjon med andre er eit grunnleggande behov hjå mennesket. Når me kommuniserer, skaper, utvekslar og gje me til kjenne mening. Me med-deler oss (ibid). Ein kan trekke eit skilje mellom kommunikasjon som har som formål å påverke den andre og kommunikasjon som har som formål å vere saman med og styrke den andre sin sjølvkjensle og identitet (Eide og Eide, 2004). Kva som vert rekna som god kommunikasjon, er avhengig av målsetjinga med samhandlinga (Røkenes og Hansen, 2002). Ein kan seie det er god kommunikasjon når det er samsvar mellom den bodskapen som blir sendt, og den som blir oppfatta. Partane forstår kvarande på den måten at dei har utveksla informasjon, og/eller veit kva den andre meiner (ibid).

4.2.2 Kommunikasjon i arbeid med menneske

Måten ein kommuniserer på i arbeidet med menneske, er prega av korleis ein er som person, samt den yrkesrolla ein er i (Røkenes og Hansen, 2002). Kommunikasjon mellom brukar og hjelpar går føre seg i ein kontinuerleg prosess, der fagpersonen er opptatt av å forstå det brukaren forstår og å dele si eiga forståing i ein gjensidig dialog. Slik vert det skapt meiningsfull samhandling. Yrkesrolla er både formell og uformell. Den formelle kjem gjerne fram av ein stillingsinstruks, eller ei skildring av arbeidet. Den

iformelle er summen av dei forventningane som vert retta mot posisjonen du har i systemet. I den formelle yrkesrolla samhandlar ein gjerne med brukarar og andre ut frå bestemte mål for arbeidet og verksemda (ibid). I Yrkesetisk handlingsprogram for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitare (2015) heiter det m.a. at yrkesutøvarane sitt arbeid skal ta utgangspunkt i brukarane sine eigne verdiar, kunnskapar og ressursar. Dei har eit ansvar for å sjå til at tiltak og tenester ikkje fører til umyndiggjering av brukarane/klientane. Ein skal ha respekt for den enkelte sin integritet. Det inneber respekt for den enkelte sine verdiar og ønskje om kontroll over eige liv. Gjennom dialog og tilrettelegging for medverknad skal yrkesutøvaren bidra til å styrke den enkelte sine moglegheiter til å leve i samsvar med eigne verdiar, moglegheiter og avgrensingar. Måten ein møter andre på er avgjerande for korleis tenester blir utført, forstått og mottatt. Yrkesutøvaren lyt dela si eiga forståing av situasjonen og problemet med brukaren og anerkjenne at det er brukaren sjølv som best kjenner eigen livshistorie og situasjon. I situasjonar der brukaren er sterkt hjelpetrengande og andre tek over ansvaret, lyt ein halde fast ved at det er delar av brukaren sitt liv som vedkomande både kan og må behalde ansvaret for (ibid).

4.2.3 Handlingskompetanse og relasjonskompetanse

I arbeid med menneske treng ein både handlingskompetanse og relasjonskompetanse (Røkenes og Hansen, 2002). Handlingskompetanse er kunnskapen og dei instrumentelle ferdighetene ein treng i yrkesutøvinga, når ein skal gjere noko for eller med ein annan. Samstundes lyt ein forholde seg til vedkomande, forstå og ta naudsynle omsyn. Relasjonskompetanse dreier seg om å forstå og å samhandle med dei me møter i yrkessamanheng på ein god og hensiktsmessig måte. Ein lyt kjenne seg sjølv, forstå den andre si oppleving og kva som skjer i samspelet. Ein må kunne gå inn i relasjonen, legge til rette for god kommunikasjon og halde seg slik at det som skjer, er til det beste for den andre. Ein føresetnad er at ein møter den andre som eit subjekt, - eit sjølvstendig handlande individ og syner respekt for den andre sin integritet og rett til å bestemme sjølv. Handling og samhandling går føre seg på same tid, difor treng ein som fagperson både den instrumentelle handlingskompetansen og den kommunikative relasjonskompetansen. Relasjonskompetansen inneber at ein er i stand til å etablere ein relasjon, vedlikehalda relasjonen og å kunne avslutte profesjonelle relasjonar. Ein lyt ha

forståing for situasjonen, syne kulturell sensitivitet, sjølvinnssikt og empatisk haldning (ibid).

4.2.4 «Den samklingande andre»

God profesjonalitet inneberer at yrkesutøvaren er i stand til å vere personleg i møte med den andre (Skau, 2008). Det å vere profesjonell og det å vere personleg er ikkje motsetnader. Me må tote å bruke oss sjølve som medmenneske, slik at me både kan bli berørt og kan berøre den andre. Å vere til stades i relasjonen er den eigentlege nærande kvalitet me kan gje i eit samvær. I ein yrkessamanheng bør fokuset vårt vere retta mot eit du, kor me viser respekt for du'et sitt sær preg, annleis frå eg. Berre då kan me vere empatiske. Når me opptrer som yrkesutøvarar i forhold til brukarane våre, bør handlingane våre vere retta mot å tene desse, - mot det å gje (ibid).

Eit av funna frå forskingsprosessen til Sollied syntet seg som ei erkjenning av at kvaliteten i tilbodet til personar med store funksjonsvanskår, heng saman med den profesjonelle sitt faglege kunnskapsnivå og refleksjonsevne (Sollied, 2013). Teoretisk kunnskap må i ein slik samanheng innehalde viten frå det nye spedbarnsparadigme om kommunikasjon og samspel (ibid). Forskinga som har gått føre seg på spedbarn si tidlege utvikling, har skapt grunnlag for ei utvida teoretisk forståing (Horgen, 2006). Samspel og kommunikasjon nærer utvikling og vekst i minst like stor grad som utforsking og handtering av gjenstandar (ibid). Spedbarnsforskinga har synt at menneske er født med eit potensiale for å delta i eit gjensidig samspel med andre (Røkenes og Hansen, 2002). Barnet kan gje uttrykk for seg sjølv og behova sine, samstundes som det kan oppleve tilsvarende hjå andre (ibid). Utgangspunktet for at eit barn skal bli ein person som tenker, kommuniserer, lærer og lever eit godt liv, er eit kjenslelada forhold mellom barnet og omsorgspersonane (Lorentzen, 2006). Den interaktive rytmen og den emosjonelle gjensidigheita som blir etablert og som ein finn i relasjonen mellom spedbarnet og omsorgspersonane, er grunnlaget for utviklinga av forhold knytt til omgrep som sjølvbet, sinnet og kognitive funksjonar (ibid). Intersubjektivitet dreier seg om den prosessen kor indre verksemder som tenking, kjensler, intensjonar og kommunikasjon vert overført og utveksla mellom to personar på ein måte som begge opplever som gjensidig (Ellingsen, Jacobsen & Nicolaysen, 2002). Opplevinga av gjensidigkeit og at ein er samstemt emosjonelt, er avgjerande for

spedbarnet si utvikling av kommunikasjon og språk. Gjensidigheita kan vere der med ein gong, «kjemien stemmer», eller ein lyt streve for å oppnå kontakt. Når me kjenner me er på bøljelengde, er det som dei individuelle og ulike perspektiva våre smeltar saman og vert opplevd som felles (ibid).

Daniel Stern er ein av dei som har forska på spedbarn si tidlege utvikling. Stern tek utgangspunkt i systematiske observasjonar av spedbarn sin kommunikasjon med mor og andre viktige personar, og skildrar barnet sin kommunikasjon frå fødselen av som samspel og rørsle, som berøring, rytme, puls, lys, lyd og form (Eide og Eide, 2004). Gjennom nonverbal samspel med nærpersonear blir barnet sin sjølvkjensle gradvis utvikla. Etter kvart kjem språket og forteljinga inn som viktige strukturelle element. I skildringa av barnet si utvikling legg Stern vekt på det intersubjektive, det kjenslemessige samspelet mellom barnet og omsorgspersonen og omsorgspersonen sine evner til å avpasse kommunikasjonen med barnet sine (ibid). Barnet og den vaksne lyt vere i samklang med kvarandre (Horgen, 2006). Vaksenpersonen vert skildra som «den samklingande andre». I det ligg at den vaksne må kjenne ein gjenklang av barnet i seg, slik at han/ho forstår barnet sitt uttrykk. Funksjonsnedsettingar gjer at barn, ungdom og vaksne treng den samklingande andre ofte, uansett alder. Mykje skal klaffe for å få i gang læring. Det å vere tydeleg, å gjenta og å overdrive er naudsynt ut frå ulike sanseføresetnader. Gjennom kroppslege erfaringar og lydlek kan ein få dialogerfaringar. Dette kan vere vanskeleg å tilpasse ovanfor ungdom og vaksne (ibid). Stern sin intersubjektivitetsteori har særlege konsekvensar for korleis ein bør halde seg kommunikativt til personar med svake kognitive og verbale evner (Eide og Eide, 2004). Teorien set lys på kvifor og korleis nonverbal kommunikasjon er viktig for utvikling av kontakt, sjølvkjensle, identitet og for myndiggjering av den det gjeld (ibid).

4.2.5 Oversikt og informasjon via referanseobjekt

Som yrkesutøvar lyt ein halde seg til heile mennesket (Røkenes og Hansen, 2002). Det inneber at ein lyt møte den andre både som subjekt og objekt. Ein lyt vere i stand til å handle instrumentelt i dei situasjonane det er naudsynt, men som fagpersonar kan me bli for handlingsorienterte og i stor grad styrte av ein bestemt teori, metode, teknikk eller rutine (ibid). Lorentzen (2003) skildrar ein slik praksis frå erfaringane sine frå døvblindpedagogikken og trur mykje av det som blei utprøvd og drøfta innan dette

særskilte fagfeltet, er like relevant for andre grupper med funksjonshemming. Det var særskilt to aspekt som blei lagt vekt på ved kommunikasjon, - oversikt over gjeremål og ein plan som gjorde dagane føreseielege. Informasjonen blei gjort konkret og handfast, - eit system med referanseobjekt. For dei som hadde ein synsrest, kunne systemet bestå av piktogrammar eller bilete. Det blei lagt vekt på å bygge gode og trygge strukturar rundt kvar einskild. Dette systemet bidrog til å gje mange oversikt og føreseieleg kvardag, men det vaks etter kvart fram ei erkjenning av at systema ikkje skapte så mykje kommunikasjon. Systema løyste på mange måtar eit informasjonsproblem, men kommunikasjon blei redusert til berre å uttrykke eit behov eller eit ønskje om å oppnå noko. Det vaks etter kvart fram ei erkjenning av at denne måten å kommunisere på ikkje var tilstrekkeleg for å fremme verkeleg kommunikasjon. Kommunikasjon er ei over tid utstrakt utveksling mellom to personar om kva begge meiner og synst om det som skjer i den konkrete situasjonen. Me deler ei hending, slik me opplever den med kvarandre (ibid).

4.2.6 Tillit

I ein hjelperelasjon er ein avhengig av tillit. Respekt og tillit er resultat av eit samspel mellom partane, der hjelparen sitt blikk er avgjerande (Edvardsen og Holthe, 2013). Den profesjonelle sin respekt for brukaren legg grunnlaget for brukaren sin tillit til hjelparen. Forholdet mellom hjelpar og brukar er asymmetrisk, hjelparen «fører ordet». I ei tid med tidspress og underbemannning, kan hjelparen velje å overhøyre, eller køyre over, den andre si stemme. Slik kan hjelpa bli gitt til «ein annan», til ein som ikkje har fått gjort greie for seg (ibid). Den profesjonelle høyrer til eit offentleg maktapparat og disponerer eit sett av yrkesspesifikke kunnskapar og ferdigheiter med høgare status og meir autoritet enn den brukaren har (Skau, 2008). Denne ulikskapen vil alltid vere til stades som premiss for samhandlinga dei imellom, men hjelparen kan forsterke eller svekke den andre si oppleveling av den strukturelle skilnaden, gjennom korleis han/ho opptrer som person (ibid). Edvartsen og Holte (2013) peiker på to viktige spørsmål hjelparen bør stille seg: 1. Kva for hjelp ser eg brukaren treng? 2. Kva situasjon meiner brukaren han eller ho er i? Det siste spørsmålet krev dialogen som kommunikasjonsform (ibid).

4.2.7 Dialogen

Ut i frå eit dialogisk perspektiv lever me alle innhylla i den sosiale verkelegheita (Lorenzen, 2006). Ingenting er noko i seg sjølv. For å vere noko, må «noko» stå i forhold til noko anna og sjåast i forhold til det andre. Det kognitive apparatet, sinnet, er dialogisk strukturert, på den måten at det både er ope innover mot eigne erfaringar og opplevingar, og utover mot andre sine. Me treng å samanhalde vårt eige perspektiv med andre sine, for å oppnå forståing, samanheng og meining. Når me er involverte i samspele med personar med utviklingshemming, må me vere opne for den andre sitt perspektiv, synspunkt, kjenslemessige reaksjonar frå augneblink til augneblink. Me lyt respondere på ein måte som tek omsyn til det me opplever og oppfattar kjem frå den andre. I eit slikt samspele kan me få ein unik forståing av korleis den andre opplever sine omstende. Handlingane våre vert influerte av den andre sine handlingar og aktivitetane blir ei samanblanding av mitt bidrag og ditt bidrag. Meining er noko me skapar saman, gjennom samspelet me har med kvarandre. Fagpersonar si oppgåve er å vere «medforfattar» i forhold til menneske med utviklingshemming, slik at dei kan kjenne seg som aktørar i hendingar som er gjensidig forståelege. Fagpersonar som vil etablere samhandling med personar med utviklingshemming, bør bidra med å etablere moglegheiter for felles aktivitetar og handlingar. Gjennom å påverke den andre sine opplevingar, kan ein vise nye moglegheiter, utvide perspektivet og skape nye kontekstar saman med brukaren (ibid).

Det å oppleve å ha kontroll og få bestemme sjølv, er viktig for livskvalitet og helse (Røkenes og Hansen, 2002). Det kan ha uheldige konsekvensar for brukarane dersom ein ikkje snakkar med dei om korleis dei ønskjer ting skal gjerast, men nyttar same prosedyre uansett kven ein yter tenester til. Brukaren kan oppleve å ikkje bli ivaretatt og møtt som eit medmenneske. Vedkomande kan oppleve fagpersonen sin måte å opptre på som krenkande. Det kan føre til lågare sjølvkjensle og ei oppleving av å ikkje meistre situasjonen. Dersom ein skal møte heile mennesket, må teoriane og arbeidsmåtar ein støtter seg til, også kunne fange opp det som handlar om indre opplevingar, kjensler, vilje og sjølvbilete. Gode fagfolk kan samarbeide med andre på ein slik måte at det skaper tryggheit, tillit, openheit, respekt og anerkjenning. Dette fremmer sjølvstende og medverknad (ibid).

5 Empiri og drøfting

Prosjektet baserer seg på intervju av sju informantar, som arbeider anten ved kommunale dagtilbod, eller private stiftingar kommunane kjøper tenester frå. Formålet er å skrive fram «Best practice», forhold som tilsette opplever er viktige, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa brukarane sine eigne ønskjer og behov. Veselý (2011) peikar på at det ikkje er tilstrekkeleg å identifisere «best practice». Ein treng å veta kvifor det fungerer godt (ibid). I dette kapitlet vert forhold som informantane har fortalt om, drøfta i lys av teori og tidlegare forsking. Kapitlet er strukturert i fire delar.

I den første delen har eg konstruert samanhengande forteljingar frå tre av informantane. Ved å strukturere skildringane deira i ei narrativ form (Kvale og Brinkmann, 2012), får eg trekt fram særskilte forhold dei fortel om, som eg ønskjer å komme tilbake til i den vidare drøftinga.

Med dei tre forteljingane som utgangspunkt, drøftar eg i neste del, forhold som «spring ut» frå skildringane frå desse tre ulike verksemndene; eit dagtilbod med rom for varierte opplevingar og aktivitetar, eit «blanda» tilbod og eit tilbod med vekt på produksjon.

I den tredje delen fortset eg å drøfte forhold som er viktige, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa brukarane sine eigne ønskjer og behov. Forhold som vert trekt fram her, er på bakgrunn av ei analyse av samtlege intervju.

Den fjerde delen inneholder avsluttande refleksjonar omkring det som har vore drøfta tidlegare i kapitlet, men også nokre refleksjonar omkring brukarar sine ønskjer og behov i samband med dagtilbod, sett i eit litt vidare perspektiv.

5.1 Forteljingar frå tre dagtilbod

Eg har konstruert samanhengande forteljingar frå tre av informantane sine skildringar. Ved å strukturere skildringane deira i ei narrativ form, får eg trekt fram særskilte forhold dei fortel om, som eg ønskjer å komme tilbake til i den vidare drøftinga.

5.1.1 Eit dagtilbod med rom for varierte opplevingar og aktivitetar

Hildur fortel frå eit dagsenter kor dei gje tilbod til vaksne som er født døvblinde, multifunksjonshemma og andre med behov for omfattande bistand. Ho fortel om eit tilbod rikt på variasjon, der ulike sanseopplevingar står i fokus. Alle brukarane har eigne

opplegg med fysisk trening kvar dag. Ved dagsenteret har dei som regel to hovudaktivitetar kvar dag, som brukarane får tilbod om å delta på. Dei legg vekt på å skape trivsel gjennom sosialt fellesskap. Aktivitetane følgjer årstid og dei markerer høgtider. Dei har m.a. eige basseng, drivhus og grillhytte. Dei arrangerer sandedagar, spelar bocca, takrennebowling, arrangerer «sittedsans», har tilbod om massasje og «luktebibliotek». Om vinteren hjelper dei brukarar over i pulk med skinnpose. Det er ei lysløype i nærleiken, tilrettelagt for rullestolbrukarar.

Dei er kreative og nyttar seg av det som byr seg. Dei legg vekt på trivsel og at brukarane skal kunne delta i ulike aktivitetar og opplevelingar:

... vi e veldig romslig i begrepet deltagelse. Asså vi har sånn trommebord vi har arva. Vi har en døyblind som nærmest ligg oppå det, eller har føttern oppå det når vi spill. Vi har en som klare å holde en sånn tømmestikke i lag, tar litt opp og ned, vi har en som vi klare å få handa på, at vi får ... at dæm kjenner vibrasjonen og så har vi dæm som deltar via en suppeause. Du lægg bare en suppeause, for den går i vinkel. Så kjenn de vibrasjonen igjønna ausa. Asså det e mange måta å delta på og ingen som, som på en måte, e feil. Det syns eg e viktig å tænk på, at deltagelse e ikke sånn bestandig helt A4 ... det e mange måta.

Det er ikkje resultatet som er viktig, men det å vere med, å utføre noko i lag. Resultatet får bli som det blir. Alle skal få høve til å delta, på eigne premissar.

... vi har jo noen som e fort ferdig med aktivitet, dæm syns det e veldig okei å gå tur, så dæm har kanskje det ene minuttet med aktivitet inne og så går dæm en tur og så kommer dæm tilbake og så tar dæm en annen en minutters aktivitet og så, ikke sant ... ja da, helt greitt. Lika dæm å gå tur og vær ute, så må dæm jo få lov til det og været her oppe i Nordnorge, det forandre jo sæ heile tida og det e jo kjæmpeflott å gå ut og kjenne haggel, eller vind og litt snystorm ...

Når det kjem nye brukarar til dagsenteret, prøver dei å finne ut kva den einskilde likar å gjere og tek så utgangspunkt i det. Alle har «sitt» opplegg, ettersom dei treng individuelt tilrettelagte omsorgstenester og treningsopplegg. Hildur fortel om korleis tilsette følgjer brukarane på deira premissar og på den måten syner respekt for den einskilde sine initiativ. Det kan handle om at ein i kvardagen ikkje treng å følgje ein fast plan, men ta det som det kjem.

For det e nån som e så flyktig at, ikkje sant, du tar dæm opp på trampolina og hoppe og dæm flire og har det helt fantastisk i næsten ett minutt og kryp av og så sætte seg i rullestol'n og flire videre og det e sånn: «Vi har det jo så skøy i lag, ska vi ikke fortsette litt til?» ... Nei, dæm e ferdig.

Ein annan brukar er aldri med på dagens aktivitet, men ønskjer å gjere nøyaktig det same, i same rekkefølgje, kvar dag. Av og til kan dei få inn ein liten variasjon i «dagsprogrammet», men som regel kjem vedkomande til dagsenteret, går gjennom gymsalen, trener evt. litt, går vidare til aktivitetsbordet, byggjer med klossar, et lunsj og

går så heim igjen. Ferdig for dagen. Det er uråd å få vedkomande til å gjere noko anna, men det er greitt ... ikkje alle må gjere det same.

I samspel med dei som er født døvblinde, vert det nyttat taktilt teiknspråk, - teiknspråk med hender. Elles føljer tilsette med på lydar, ansiktsuttrykk og kroppsspråk. Mange gongar lyt dei gjette seg til, kva brukarane vil. Hildur fortel om multifunksjonshemma, som berre kan bevege hovudet, ein fot, eller ei arm, bevisst:

... når det er lite kroppsspråk åsså og de ikke har språk og ... det er vanskelig å følge øyebevegelsa åsså, det er ingen som vet ka dæm ser. Så det kan være vanskelig å kommunisere, så da må man gå ut fra like/ikke like.

Grunnbemanninga ved dagsenteret planlegg og legg til rette for valfrie og varierte aktivitetar og opplevingar. Det som er viktig, er at brukarane har nokon i lag med seg som kjenner dei godt, som «les» uttrykka deira og kan legge til rette og gjere aktivitetane på brukarane sine premissar. Alle brukarane har 1:1 bemanning. Dei har med eige personale og kan dermed komme litt seinare og dra heim tidlegare, alt etter dagsform. For ein skilde kan ein time vere nok. Hildur fortel frå eit dagtilbod kor dei har høve til å variere dagane på brukarane sine premissar.

5.1.2 Eit «blanda» tilbod

Elisabeth fortel frå eit dagsenter kor dei har avdelingar der dei legg vekt på inntektsgivande, produksjonsretta verksemd. Dei har bakeri og kantine, eit vaskeri, montasjeavdeling med blanda delproduksjon, samt ei gruppe som arbeider med toving av ull. Ei anna avdeling har også tilbod om arbeidsretta verksemd, i tillegg til fysisk trening, ulike aktivitetar og opplevingar. I denne avdelinga er det ei meir blanda gruppe, med ulike behov, frå personar med lett grad av utviklingshemming til multifunksjonshemma. Tilboden på denne avdelinga er i større grad individuelt tilrettelagt, enn ved dei andre avdelingane. I tillegg til dette har dei ei «seniorgruppe», tilbod til eldre med utviklingshemming, som har med personale frå butenesta. Dei har eigne lokalar som dei treffast i, for sosialt samvær og evt. litt aktivitetar og spel. Om dei vil kan dei besøke dei andre avdelingane, og elles ete lunsj saman med dei andre, for å halde litt kontakt.

Brukarane ved dagsenteret treng ikkje å vere knytt til berre ei avdeling. Tilboden vert sett saman, slik at ein t.d. kan kombinere jobb på vaskeriet, med jobb i bakeriet. To av brukarane har jobb utanfor dagsenteret, men med kontaktperson derifrå. Dei ønskjer å

legge til rette for at fleire skal få høve til det, men har erfart at det lett kan «strande», ved at oppfølginga ikkje vert god nok. Under same tak har dei ergoterapeut og fysioterapeut. Dei som har behov for det, får fysioterapi i dagtilbodet sitt. Det same gjeld for vaksenopplæring. Ein gong i året, om ikkje oftare, tek dei ein gjennomgang og vurderer om ein kan gjere endringar, dersom brukarar er blitt leie og ønskjer å bytte gruppe. Ved dagsenteret vert det produsert ulike varer for sal. Tidlegare leverte dagsenteret varer til ein butikk, men etter at butikken blei lagt ned, kjem dei som er interesserte, til dagsenteret for å handla. På den måten kjem brukarar i kontakt med kundar.

Elisabeth skildrar eit dagtilbod, kor det er rom for fleksibilitet og høve til tilrettelegging ut frå brukarane sine ønskjer og behov. Dei legg vekt på trivsel og meiningsfylte aktivitetar. Det vert arrangert ulike aktivitetar i løpet av året, som alle kan delta på. Det kan vere kortare eller lengre turar, kinodag, grilldag, eller dognadsarbeid. Det er frivillig om ein ønskjer å delta på slike arrangement. Dei som ofte ikkje ønskjer å delta, er personar som er involvert i produktivt arbeid, som er stolte av arbeidet sitt og helst ikkje vil gjere anna.

Elisabeth peikar på at det er viktig å kartlegge interessene og behova til brukarane i forkant og etablere eit tilpassa tilbod, der den einskilde opplever mestring. Det er viktig å kjenne brukarane og historia deira godt, vite kva dei har lyst til å snakke om, kva dei har interesse av, humoren deira. Når brukarane arbeider, bør ein ikkje sitje å sjå på, men arbeide med noko sjølv, slik at det vert ein naturleg arbeidssituasjon. På den måten, erfarer ho, vert samtalane og samhandlinga bra. Tilsette utarbeider skildringar av aktivitetane, for dei som ikkje kan snakke sjølv. – Kva treng dei hjelp til, kva greier dei sjølve. Skildringane er til hjelp for alle som skal bidra med tenester til brukarane ved dagsenteret. På den måten unngår ein at tilsette utfører oppgåver og gjeremål, som brukarane mestrer sjølve.

Det er få av brukarane ved dette dagtilbodet som deltek i formelle fora, som ansvarsgruppemøte. Elisabeth fortel at det blir veldig «skummelt», sjølv for dei som er «godtfungerande». Ho erfarer det er betre for brukar, når vedkomande har samtale med kontaktpersonen sin på avdelingsnivå og på den måten kan gje uttrykk for behova sine. Elles har dei ei meir uformell samlingsstund ein halv time kvar morgon, der dei tek

«runden rundt bordet». Dersom nokon har noko dei vil fortelja, «stort eller smått», kan dei det. Det kan vere beskjedar, eller anna dei ønskjer å formidle.

5.1.3 Eit dagtilbod med vekt på produksjon

Kate fortel frå eit dagtilbod der verksemda er retta mot produksjon, kor det er krav om inntening. Verksemda er organisert under ei eining som har ansvar for sysselsetting av personar med ulike funksjonsnedsettingar i kommunen. Målet innanfor eininga, er at alle skal få eit tilbod, heilt eller delvis, alt etter individuelle ønskjer. Ved dette dagtilboden har brukarane vedtak på tenestene sine:

... gis etter sosialtjenesteloven § 4.2 a, nødvendig praktisk bistand i arbeidssituasjonen.» ...
«Nødvendig praktisk bistand inneber hjelp og tilrettelegging av arbeid, i tråd med individuelle mål, som er satt opp i samarbeid med deg og deltakere i ansvarsgruppa.

Tildeling skjer ut i frå ei individuell vurdering av søkeren sine ønskjer og behov, sett i forhold til kapasitet innanfor eininga. Ikkje alle får tilbod om full veke, sjølv om dei ønskjer det. Det hender dei endrar vedtak i takt med endra behov, anten med færre dagar i veka, eller kortare dagar. Det kan vere når nokon treng å trappe ned, som følgje av alder.

Dagtilboden er ope for brukarar med ulike vanskar, men dei kan ikkje ta i mot nokon med fysiske funksjonsnedsettingar som er avhengige av rullestol, ettersom lokala ikkje er universelt utforma. Ettersom det er tront og dei arbeider tett innpå kvarandre, er det heller ikkje lagt til rette for personar med åtferdsvanskar.

Verksemda har ein formingsverkstad kor det m.a. vert produsert strikka, tova og sydde produkt. Dei tek opp bestilling, så kundar kan komme innom for å ta ut fargar og materialar sjølve. Målet ved verksemda er at arbeidstakarane skal klare mest mogeleg av arbeidsoppgåvene sjølve. Leiarane har ansvar for produktutvikling, tilrettelegging og ferdigstilling av produkta. Verksemda har og ein butikk, sentralt plassert i ei handlegate. Arbeidstakarar bytter på å stå i butikken. Då får dei oppleve at varer dei har vore med å produsere, blir selt. – Ein kjempemotiverande måte å jobbe på. Kundane gje dei tilbakemelding på at det er hyggjeleg å komme dit og at det er eit bra tiltak. Dei driv elles eit vaskeri, kor dei har faste kundar, som leverer og skal ha tilbake faste dagar. Det kan vere store mengder vask som kjem frå t.d. turistbedrifter. Brukarar har ansvar for å hente og leve kler til frisørar, tannlegar og apotek. Då kjem dei ut i nærområdet og får direkte kontakt med kundane. Ved dette dagtilboden ønskjer dei å stå fram som ein

vanleg arbeidsplass. Dei som har eit tilbod ved verksemda vert omtala som arbeidstakarar eller brukarar, dei tilsette som arbeidsleiarar. Kate fortel:

Vi prøver ikke å markedsføre oss som noe særphenomen. Vi vil jo helst være en del av butikkene i handlegata og vi har jo heller ikke noe plakat på døra, eller no som sier at dette er en tilpassa sysselsetting. Det vil vi helst ikke ha. Vi skal framstå så normalt som mulig, men likevel så jobber vi veldig med denne «inngrødde» holdningen om at dette er liksom ikke ordentlig arbeid. Så det er litt synd, da. (...) Du må forholde deg til folk, penger, kasse (...) Så det jobber vi en del med, for å liksom framstå som en vanlig arbeidsplass, for det er det vi vil være, med like verdifulle oppgaver som overalt ellers i samfunnet.

Arbeidstakarane er uføretrygda og tener 10 kroner timen. Leiarane kunne tenkt seg at dei hadde ei form for «borgarløn, eller eit eller anna i staden for uføretrygd. Dei gjer ein innsats etter evne, slik som andre. Kate fortel at brukarane har lett grad av utviklingshemming og dei fleste har verbalt språk. Dei deltek sjølve i formelle fora, som ansvarsgruppemøte. Dei er med å påverke det som skjer ved verksemda, gjennom husmøte annakvar veke. Leiarane inviterer til medarbeidarsamtalar, for dei som ønskjer det.

Kate peikar på at det er viktig å oppleve at nokon har bruk for deg. Dei legg vekt på individuell tilrettelegging, med meiningsfulle oppgåver, der arbeidstakarane får oppleve mestring og utvikling.

Så det er det viktigste, trur jeg, det der med mestring og å kunne føle utvikling. At non har bruk for dem og at en har på en måte en normal døgnrytme, da, sånn som alle mennesker har. Eller sånn som de aller fleste av oss da, liker å ha. Å gå på jobb og du, det er noen som venter på deg og noen har bruk for deg, ... kjempeviktig.

Tilsette legg til rette for deltaking, ut i frå ei vurdering av brukarane sine individuelle føresetnader. Dei er opptatte av å skape eit godt arbeidsmiljø og ønskjer at det er noko alle skal ta ansvar for. Dei har hatt fleire rundar med arbeidsmiljøkurs i samarbeid med vaksenopplæringa, kor dei har snakka om korleis dei vil ha det på arbeidsplassen, korleis dei kan få det bra, slik at alle trivst. Dei har husmøte, kor dei har komne fram til nokre «kjøyreregler», som dei minner kvarandre på, med jamne mellomrom. Arbeidstakarane er blitt flinke til å hjelpe kvarandre. Det er og blitt arrangert servicekurs for arbeidstakarane, kor dei har lært om kundebehandling.

Arbeidstakarane blir verdsatt i nærmiljøet og lokalsamfunnet. Det er bruk for jobben dei gjer. Kate peikar på at krav om inntening medfører stress, ettersom arbeidstakarane ikkje er så produktive. Målet ved verksemda er at arbeidstakarane skal klare mest mogeleg av arbeidsoppgåvene sjølve. Då vert det ein ballansegang, kor mykje leiarane

skal gjere når pågangen er stor. Dei vil ikkje miste kundar. Det er og eit dilemma kor vanskelege produkt dei skal lage. Det skal vere mest mogeleg «brukarprodukt», at det ikkje er leiarane som syr og strikkar, men gjer «finishen» og kvalitetssikrar.

5.2 Forhold som er viktige for at eit dagtilbod skal vere tilpassa vaksne med utviklingshemming sine ønskjer og behov

På bakgrunn av dei tre narrativa ovanfor, vil eg trekke fram to forhold som ser ut til å ha tyding for eit dagtilbod med utgangspunkt i den enkelte sine eigne ønskjer og behov; tilgang på varierte og meiningsfulle aktivitetar og arbeidsoppgåver, samt fleksibilitet og mangfald.

5.2.1 Tilgang på varierte og meiningsfulle aktivitetar og arbeidsoppgåver

Når ein skal etablere eit dagtilbod med utgangspunkt i brukarar sine eigne ønskjer og behov, fortel informantar at det er viktig med tilgang på varierte og meiningsfulle aktivitetar og arbeidsoppgåver. Informantane sine skildringar syner eit stort spenn i dagtilboda, med omsorgstenester, opplæring, trening, arbeid og aktivitet. Ei slik samansmelting av omsorg og arbeid i kommunale dagtilbod, er noko som også har kome fram i tidlegare forsking (Tøssebro og Lundeby 2002, Söderström og Tøssebro 2011). Måla ved verksemndene, slik informantane fortel, er på mange måtar like, sjølv om innhaldet varierer. Det handlar om trivsel, å kunne halde på med meiningsfylte aktivitetar/arbeidsoppgåver og mestring. Kva som vert rekna som meiningsfullt, vert av informantane knytt opp mot trivsel, - om brukarane held på med noko dei likar. Ein av informantane peikar på at det er individuelt, kva som gje meining for den enkelte. Ein annan peikar på at arbeidet er meiningsfullt når brukarane opplever at nokon har bruk for tenestene dei tilbyr. Dette samsvarer med Sundet (1997), som fann at noko er meiningsfullt når den som arbeidar blir sett pris på av andre, eller når det er noko den enkelte ser ut til å like. Kittelsaa (2011) fann også at oppleving av trivsel hadde samband med oppleving av mestring.

Hildur fortel frå eit dagsenter med stor grad av kreativitet, der brukarar med multifunksjonshemming er delaktige i ulike aktivitetar og opplevingar, på sjølve dagsenteret, men også i nærområdet. Dei har tilsette rundt seg som kjenner dei godt. Mykje kompetanse og kreativitet er forhold Slåtta (2010) peikar på som ein føresetnad,

skal ein skape eit godt innhald i kvardagen hjå personar med avgrensa handlingsrepertoar. Menneske med djup utviklingshemming vil i langt mindre grad enn andre ha moglegheit for å bli involvert i aktivitetar og situasjonar på meiningsfulle måtar (ibid). Informantar sine skildringar tyder på at tilsette involverer brukarar i aktivitetar som er meiningsfulle, i eit miljø med vekt på glede og trivsel.

I samtalens med Kate kjem det fram at å delta i produktiv verksemd vert opplevd som meiningsfullt. Ho fortel frå eit dagtilbod der brukarane får utnytta arbeidsevna si. Dei deltek i ei verksemd som er produksjonsretta og har krav om inntening, samstundes som dei er klassifiserte som yrkeshemma, ettersom dei er uføretrygda. Dette vert av fleire (Hegdal 2005, Olsen 2009) peika på som eit paradoks. På den eine sida tilseier statusen som yrkeshemma at brukarane ikkje er i stand til å livnære seg gjennom eige arbeid. På den andre sida definerer politiske målsetjingar arbeid og dagaktivitet som det rette og «normale» for desse personane. Verksemda skil seg ut frå dei andre dagtilboda, gjennom fokuset på produksjon av varer og tenester og kan minne meir om ASV-tiltaka, slik desse er blitt skildra av Seierstad et al. (1998). Kate fortel frå ei verksemd, kor leiarane prøver å heve arbeidstakarane sin status, i retning likeverdige posisjonar. Slik sett kan ein seie at dette dagtilboden representerer ein motmaktstrategi (Askheim 2003, Vik 2007, Olsen 2009). Ved verksemda har dei eit bevisst forhold til korleis dei presenterer seg i lokalsamfunnet, - kva «image» dei har. Dei ønskjer å stå fram så «normale» som mogeleg, med verdifulle oppgåver for samfunnet. Slik sett kan ein seie at Kate og dei andre ved dagsenteret arbeider ut frå eit makroperspektiv, eller eit inkluderingsperspektiv (Slåtta, 2010). Dei arbeider for at den enkelte skal få innpass i nærmiljøet. Samtidig sender leiarane ut ukläre signal, når arbeidstakarane også vert omtala som brukarar. Kittelsaa (2011) peikar på at kommunale verksemder kan føre arbeidstakarar bak lyset ved å gje seg ut for å vere arbeid, utan å vere det, ved at dei vert konstruert ut frå primærramma arbeid. Kate gje til kjenne eit anna syn når ho fortel at dei jobbar med ei «inngrodd» haldning om at arbeidet deira ikkje er ordentlig arbeid. Ein mogeleg årsak til dette, kan vere at arbeidstakarane ikkje er lønsmottakarar. Ein av dei mest verdsette rollane i samfunnet, er rolla ein har som arbeidstakar og sjølvforsørgjar (Söderström og Tøssebro, 2011). Kate fortel at dei kunne tenkt seg at arbeidstakarane hadde ei form for borgarløn: « ... eller et eller annet sånn i stedet for uføretrygd, for dem gjør jo en innsats etter evne og det gjør jo andre folk og, det.» Sjølv

om ho opplever at andre ikkje ser på arbeidet deira som ordentleg arbeid, kan ein få eit inntrykk av at dei likevel har lukkast i å heve arbeidstakarane sin status, gjennom å tilby varer og tenester som er etterspurt i lokalmiljøet. Både ved dette dagtilbodet og ved det Elisabeth fortel frå, kjem brukarane i direkte kontakt med kundar, som gje dei positive tilbakemeldingar på jobben dei gjer. Kate fortel at dei kvar dag opplever å selja produkt dei har laga. Det hender brukarar står i butikken og kundar kjem inn og kjøper noko som dei nettopp har hengt ut for sal. Det er ein kjempemotiverande måte å jobbe på, fortel ho. Thorsen og Myrvang (2008) kom til at å ha eit tilrettelagt arbeid, bidrar til å gjere livet meiningsfullt. Det er viktig med oppgåver tilpassa yteevne. Å opplever mestring gje tryggleik og sjølvtilleit (ibid).

Kate fortel frå ein arbeidsplass kor dei er opptatt av likeverd og respekt, men at kravet om inntening til tider fører til eit dilemma for arbeidsleiarane. Dei lyt oppretthalde eit visst aktivitetsnivå, for å innfri forventningar om positive resultat. Arbeidstakarane er ikkje så produktive, sjølv om dei mestrer oppgåvene sine. For ikkje å miste kundar, lyt leiarane innimellom utføre oppgåver for arbeidstakarane. Slik Kate skildrar det frå arbeidsplassen, er leiarane sine intensjonar å vere "medvandrarar", heller enn styrande (Vik, 2007) i arbeidsprosessen, og har i utgangspunktet funne ei arbeidsdeling som fungerer, der kvar og ein bidreg ut frå eigne føresetnader. Det ujamne maktforholdet (Slettebø, 2000) kjem imidlertid til syne også i det praktiske hjelpearbeidet, ettersom leiarane innimellom utfører oppgåver for arbeidstakarane, for å greie å halde fristar. Dette er ei utfordring som også Olsen (2009) har peika på. – For arbeidsleiarar er det heile tida ein ballanse mellom å legge til rette, slik at den enkelte kan fungere best mogeleg, og samtidig ta høgde for krav til produksjon og inntening. Kate fortel at dei ønskjer å stå fram som ein «vanleg» arbeidsplass, men står ovanfor krav og forventningar som brukarane har vanskar med å stette.

Ifølgje informantane er det behov for kommunale dagtilbod, der brukarane får tilbod om meiningsfulle arbeidsoppgåver som dei likar, mestrer og som er etterspurte. Dei økonomiske krava som vert stilt, kan imidlertid verke urimelege ovanfor personar som er uføretrygda og dermed erklært yrkeshemma. Skal ein oppretthalda slike krav innafor enkelte verksemder, kan det vere aktuelt å vurdere om dei same verksemndene bør definerast om, slik at brukarane får ein anna status enn yrkeshemma og ei anna form for inntekt enn uføretrygd. 20 % av vaksne med utviklingshemming i kommunale dagtilbod,

er kvalifiserte for tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd, eller i ulike tiltak i regi av NAV (Reinertsen, 2012). Då vert det eit paradoks når forsking (Söderström og Tøssebro, 2011) syner at det har gått føre seg ei utvikling i motsett retning, der NAV avgrensar ansvaret sitt.

Når det kjem til dagtilbod tilpassa brukarar sine eigne ønskjer og behov, slik informantar fortel om, kan det vere ei utfordring når det vert stilt produksjons- og effektivitetsmål, som mange ikkje maktar å arbeide etter. Dette er noko også Hegdal og Thorsen (2007) har peika på. Det er behov for arbeidsplassar tilpassa varierande dagsform, kognitiv kapasitet og konsentrasjonsevne (ibid). For enkelte brukarar er det ønskjeleg med eit tilbod sett saman av omsorgstenester, fysisk trening, ulike opplevingar og meiningsfulle aktivitetar, slik Hildur fortel om. Andre har ønskje om produksjonsretta arbeid, eventuelt i ein kombinasjon med andre aktivitetar og opplevingar, der krav om inntening vert tona ned. Reinertsen (2015) syner at nøkkelen til god helse ligg i tilgang til arbeid, sjølv når arbeidet ikkje er løna. Då vert det eit nytt paradoks når forsking (Söderström og Tøssebro, 2011) syner at kommunane fører folk ut av produksjon og over mot aktivisering, eller ingenting.

5.2.2 Fleksibilitet og mangfald

Eit fleksibelt og mangfaldig tilbod er viktig for at brukarar skal få eit tilbod ut frå eigne ønskjer og behov. Hildur fortel frå ei teneste kor brukarane har høve til å «komme og gå». Dei tek utgangspunkt i kva den enkelte likar å halde på med og er opne for at brukarar går eigne vegar, heller enn å delta på felles aktivitetar. Dei har høve til å variere dagane på brukarane sine premissar. Verksemda ved dette dagtilboden er ikkje bunden til særskild produksjon og kan variere aktivitetar og opplevingar, etter årstid. Dette gje rom for ein fleksibilitet, ein ikkje har høve til på same måte, ved verksemder kor det er krav om inntening, kor dei har faste kundar og er bundne til avtalar. Hildur skildrar deltaking i eit mikroperspektiv (Slåtta, 2010). Fokus vert retta mot den einskilde sine høve til å interagere med andre i ulike situasjonar og aktivitetar i kvardagen (ibid). Hildur fortel med entusiasme korleis dei legg til rette, slik at brukarane får ulike sanseopplevingar og kan delta i ulike aktivitetar som kan variere etter ver, høgtider og årstider. Dei set opp planar, men har rom for å vere spontane og å gjere ting anagleis i kvardagen, alt etter korleis dei tolkar brukarane sine uttrykk. Det ligg til rette for eit

tilbod med stor grad av individuell tilrettelegging. Det same gjeld ved tilboden som Elisabeth skildrar. Verksemda har krav og forventningar om inntening, men det er rom for å tilpasse tilboden ut frå individuelle ønskjer og behov. Elisabeth fortel at alle brukarane har ein dagplan, men dei kan bytte om på aktivitetane, om dei vil, og hente ting dei vil arbeide med sjølve. Eldre har ein stad kor dei kan komme og gå, med følgjepersonar.

Tilboden Kate skildrar frå, står ikkje fram som like tilgjengeleg og fleksibelt som dei to andre dagtilboda, men har andre kvalitetar som er viktige for eit tilbod med utgangspunkt i brukarane sine ønskjer og behov. Brukarane har vedtak på dagtilboden sitt, noko som kan vere med på å trygge tilboden i forhold til endringar, som kan vere i strid med brukarane sine ønskjer og behov. Det har stor tyding for den det gjeld, når vedtak vert rekna som enkeltvedtak. Det vil dreie seg om kva rettigheter personen i så fall har (Ellingsen, 2005). Kate fortel at vedtaka spesifiserer brukarane sitt tilbod. Dei har ikkje høve til å komme og gå, på same måte som brukarane Hildur fortel om.

Når tilboden Kate skildrar frå, ikkje står fram som like tilgjengeleg og fleksibelt som dei to andre tilboda, kan det vere ein mogeleg ulempe for eit tilbod tilpassa brukarane sine eigne ønskjer og behov. Sett på ein annan måte, heng krav om inntening saman med at verksemda er produksjonsretta og på mange måtar liknar meir på ein ordinær arbeidsplass. Brukarane sine føresetnader vert vurdert på førehand. Dei kan ikkje ta inn «kven som helst», som Kate uttrykker det. Nye søkerar sitt potensiale vert vurdert. - Kva dei kan klare å lære vedkomande opp i. Dei arbeider under press, ettersom dei har inngått avtalar med kundar, som forpliktar dei til levering av varer og tenester til faste tider. Samarbeidet som går føre seg gjennom oppdrag for privat næringsliv, opnar for deltaking og inkludering i nærmiljøet. Deltaking vert forstått i eit makropspektiv (Slåtta, 2010), ettersom leiarane arbeider for å auke arbeidstakarane sin innpass i eit ordinært samfunnsliv.

Dagtilboda som Hildur og Elisabeth fortel frå, er prega av segregering. Ei mogeleg ulempe ved denne typen segregert tilbod, kor menneske blir utsatt for ei form for kategorisering ut frå type funksjonsnedsetting, er at det kan vere til hinder for eit variert tilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov. Ein kan bli halden på avstand frå andre menneske og det ein kan kalle eit vanleg kvardagsliv (Kittelsaa, 2011). Sentrale

mål handlar om at vaksne med utviklingshemming skal få tilbod om aktivt og meiningsfylt tilvære med andre. Likevel syner forsking (Olsen 2009 og Kittelsaa 2011) at det framleis er dei fysisk segregerte arbeids- og aktivitetstilboda som dominerer. Sundet (1997) har peika på at kategorisering står i kontrast til individualitet og kan føre til avpersonifisering og generalisering. I det ligg at ein kan komme til at personar med utviklingshemming har felles behov og kan behandlast likt.

Samtidig kan denne type dagtilbod også vere positive og i tråd med brukarar sine eigne ønskjer og behov. Mange har behov for å vere i eit oversiktleg miljø, der brukarar og tilsette kjenner kvarandre godt. Dagleg kontakt gjer dagane trygge og føreseielege. Dette er i tråd med Seierstad et al. (1998) sine funn: Arbeidstakarane og brukarane såg det «stilleståande» tilbodet ved ASV-tiltak og dagsenter som ei tryggheit. Det at dei ikkje blei pressa til stadig å nå lengre eller komme over i noko anna, blei sett på som eit gode. Dei kunne falle til ro i eit miljø dei sette pris på. Samstundes skal ein vere merksam på at det kan vere vaksne med utviklingshemming som har eit ønskje om å gå vidare til andre arbeidsplassar. Reinertsen (2012) syner at kommunane sjølve melder at ein femtedel av dei som har eit kommunalt dagtilbod, har føresetnader for anna arbeid. Høvet til å gå vidare til andre arbeidsplassar med høgare produksjonskrav og vanlege tilsettingsforhold kan imidlertid verte avgrensa, når ein arbeidsplass vert tilpassa innanfor ein dagsentermodell, slik Hegdal (2005) peikar på. Ein arbeidsplass tilpassa ein dagsentermodell kan med andre ord føre til ytterlegare segregering. Trass i dette tyder informantane sine skildringar på ein praksis, ein kvardag, med rom for fleksibilitet og mangfald. Tilsette legg til rette for at brukarane, så langt som råd, kan delta på eigne premissar. For einskilde inneberer det eit tilbod i eit meir beskytta miljø, med kjente personar rundt seg, oversikt og trygge rammer. For andre inneberer det eit tilrettelagt tilbod på ein ordinær arbeidsplass, men med kontaktperson og oppfølging frå eit kommunalt dagsenter.

5.3 Andre forhold som er viktige for at eit dagtilbod skal vere tilpassa vaksne med utviklingshemming sine ønskjer og behov

I denne delen fortset eg å drøfte forhold som er viktige, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa brukarane sine eigne ønskjer og behov. Forhold som vert trekt fram her, er på bakgrunn av ei analyse av samtlege intervju.

5.3.1 Tilgang på ressursar

Blant dei forholda som vert trekt fram som viktig for eit dagtilbod basert på brukarane sine eigne ønskjer og behov, er tilgang på ulike ressursar.

Tilstrekkeleg bemanning

Informantar trekker fram tilstrekkeleg bemanning som det aller viktigaste forholdet, skal ein ta omsyn til brukarane sine eigne ønskjer og behov. Samtidig skildrar fleire av dei ein kvar dag kor dei ikkje alltid har føresetnadar til å leve opp til dette. Verksemda går føre seg innanfor rammer, som set grenser. Enkelte stader er det lagt opp til at tilsette lyt «dele» seg på fleire, trass i at brukarar er heilt avhengig av hjelp for å få dekt grunnleggjande behov og å vere i aktivitet. Det set med ein gong grenser for brukarar sine høve til å påverke dagtilboden sitt. Informantar fortel elles om situasjonar der tilsette lyt hjelpe fleire brukarar på same tid, på grunn av sjukdom, møter, eller anna planlegging. Konsekvensen ved for lite bemanning, er meir fellesaktivitetar. Gunnhild fortel at tilsette då ikkje «ser» alle brukarane. Dei vert ikkje følgd opp heilt, og ein får ikkje vere i aktiviteten på same måte, saman med brukar. Samtidig treng ikkje fellesaktivitetar heile tida ha berre negative konsekvensar. Fellesaktivitetar er noko av det som Seierstad et al. (1998) trekker fram som positivt ved kommunale dagtilbod. Slike aktivitetar er med på å skape sosialt samhald. Det å fylle dagen med aktivitet og samhald er ein livskvalitetsverdi (*ibid*). Ein føresetnad, dersom ein ønskjer å arbeide med utgangspunkt i ein myndiggjerande praksis, er at aktivitetar i gruppe er basert på eit ønskje frå brukaren sjølv, og noko ein har moglegheit til å velja vekk, dersom ein har ønskje om å gjere noko anna.

I hovudtrekk ser for lite bemanning ut til å føre til at det vert gjort endringar i dagtilboden, og det er dei tilsette som finn ut av kva som er mogeleg å få til. Maren fortel det hender dei lyt «permittere» brukarar fordi dei ikkje har personale nok, t.d. ved sjukefråvær. Det kan og ha samband med at ein har basert seg på følgjepersonar, som av ulike årsakar lyt halde seg i den tenesta dei i utgangspunktet høyrer til. Det vert sårbart når desse lyt prioritere annleis og ikkje kjem på dagsenteret. Fleire gje uttrykk for at det er vanskeleg å få det heile til å gå i hop i kvar dagen. Ved for lite bemanning vert høve til val og medverknad redusert, eller ikkje mogeleg i det heile. Sjølv om brukarar i utgangspunktet har forventningar om ein aktivitet, vert deira behov sett til side.

Skildringane tyder på at tider med redusert bemanning ikkje alltid har oppstått akutt, men er planlagt og lagt inn som ein del av verksemda, for å kunne gjennomføre møteverksemd og planlegging. Konsekvensen kan bli ein umyndiggjerande praksis (Vik, 2007). Brukarar vert sitjande uverksame, meir som tilskodarar. Hjelparen overhøyrer, eller køyrer over den andre si stemme, slik Edvardsen og Holthe (2013) uttrykker det. Hjelpa vert gitt til «ein annan», til ein som ikkje har fått gjort greie for seg (ibid). I slike situasjonar kan hjelparen komme til å forsterke den strukturelle skilnaden som er til stades i samhandlinga mellom hjelpar og den andre, slik det vert skildra av Skau (2008). Ein kan sjå på det som ei form for undertrykking når brukarar sine ønskjer og behov vert sett til side, fordi ein har for lite tilsette til å hjelpe. Menneske med multifunksjonshemming, som uttrykker seg kroppsleg og emosjonelt, som har utfordringar med å bli forstått av omgjevnadane, er avhengige av fysisk nærliek til hjelpar. Deira uttrykk kan bli oversett dersom hjelpar er opptatt på anna hald. Personar som ikkje kommuniserer verbalt, eller som har multiple funksjonsnedsettingar, er dei det er lettast å gjere urett mot, slik det vert peika på av Askheim (2014). Empowerment blir reservert for dei som er sterke og taleføre, medan brukarar med kompliserte kommunikasjons- og åtferdsmønstre i større grad kan bli utsatt for paternalisme (ibid).

Tilstrekkeleg bemanning er nødvendig for eit dagtilbod basert på brukarar sine eigne ønskjer og behov. Gunnhild, Kåre og Trond fortel at brukarar ved deira avdelingar i utgangspunktet har ei bemanning 1:1, men at det er enkelte som har behov for 2:1, på grunn av sjølvskading og/eller utagering. Det vert utarbeidd enkeltvedtak, som har samanheng med krav som vert stilt frå fylkesmann, som følgje av enkeltmeldingar og tilsette sin bruk av tvang. Kåre fortel om fysisk krevjande arbeid. Enkelte brukarar har meir enn 2:1 bemanning, på grunn av mykje arbeid med dokumentasjon og vedtak. Brukarar sin rettstryggleik står sterkare dersom tenester er basert på enkeltvedtak, slik Ellingsen (2005) har peika på.

Informantar fortel om tilstrekkeleg bemanning som det viktigaste forholdet for eit tilbod basert på brukarane sine eigne ønskjer og behov. Dårleg bemanning kan føre til at tilsette ikkje «ser» den einskilde brukar, slik ein av informantane uttrykker det. Skal brukarane bli i stand til å ivareta eigne interesser, å opptre som «kundar», treng mange hjelp frå tilsette for å få tilgang på både menneskelege og materielle ressursar (Slettebø

2000). For tilsette vert det ei utfordring å finne ut på kva måte dei kan bidra, for å betre tilhøva.

Forhold som kan vere til hinder for eit tilbod basert på brukarar sine eigne ønskjer og behov, er ikkje berre for lite bemanning, men og tilsette sin posisjon i hjelpeapparatet og i kva grad dei engasjerer seg på systemnivå. Tilsette skal tene brukarane og yte naudsynte omsorgstenester. Samstundes vert det forventa lojalitet til arbeidsgjever. Tilsette er dermed plasserte i eit spenningsfelt mellom lojalitet til brukar og lojalitet til tenesteapparatet og myndigheter, slik også Askheim (2003) syner. Tilsette kan velja å berre rette fokus på det som skjer på individnivå, å legge til rette for imøtekommehus, som kundar, sine ønskjer og behov på best mogeleg måte i kvardagen. I så fall kan dei kome til å oversjå strukturelle forhold som kan ha tyding for brukarar sitt tilbod. Ein av dei tilsette fortel at ved deira dagtilbod har dei i mange år kjempa for å unngå endringar i organisering av tenester, som dei meiner vil få uheldige konsekvensar for brukarane. Dei meiner kvaliteten på tenestene ville ha blitt dårligare. Tilsette sitt engasjement har resultert i at endringar ikkje er blitt gjennomført. Skal ein motverke urett og hjelpe brukarar med å mobilisere ressursar, kan tilsette velja å nytte den profesjonelle makta (Slettebø, 2000) dei representerer, engasjere seg på systemnivå og prøve å påverke politiske prosessar. Det kan handle om å prøve å få gjennomslag for sosialpolitiske saker som har stor tyding for brukarane, som å forbetre uheldige forhold som verkar inn i kvardagen deira, slik den eine informanten fortel om. Det kan også handle om å engasjere seg for tilstrekkeleg og stabil bemanning, for å kunne imøtekommehus, brukarar sitt omsorgsbehov og ønskje om meiningsfulle aktivitetar.

Stabil bemanning

Fleire av informantane trekker fram stabil bemanning som eit viktig forhold for eit tilbod basert på brukarane sine eigne ønskjer og behov. Det kjem fram kor viktig det er at dei som skal arbeide med menneske med multifunksjonshemmning, som har vanskar med å uttrykke seg, lærer kvar enkelt sine uttrykk å kjenne. Det inneberer stabilt personale, som er saman med den enkelte over tid og stiller seg til disposisjon for den andre. Gunnhild er av dei som peikar på at det er best for brukarane, om personalet er der lengst mogeleg. Eit forhold som kan bidra til at dei tilsette blir verande i mange år, slik ho erfarer det ved deira avdeling, er eit godt arbeidsmiljø. Det inneberer trivsel og stabilitet. Ho opplever det kan bli vanskeleg for brukarane ved skifte av personale.

Trond peikar og på at det kan vere vanskeleg for brukarar om det vert mykje skifte blant dei tilsette. Med jamne mellomrom vert det drøfta hjå dei, om tilsette bør hjelpe alle, eller om dei bør dele seg i grupper. Han erfarer det kan vere ei utfordring dersom ein varierer for mykje, å huske på alle detaljane som er viktige for den enkelte. Det som er mest utfordrande er å sjå den enkelte godt nok, sjå kva som er behovet, korleis motivere og skape oppleving av mestring. Trond peikar på at det er så mange små ting som kan gjere stor forskjell på kor bra dagen blir for brukarane. Når ein kjenner ein brukar godt, kan det vere visse tema ein erfarer ein bør unngå å prate om. Dersom ein er sjeldan på jobb, eller sjeldan er i lag med vedkomande, er det lettare å gløyme seg og det kan oppstå uheldige situasjonar.

Informantar fortel om endringar i eigen organisasjon, med auka bruk av tilsette «på tvers», som får konsekvensar for brukarar sitt dagtilbod. Ei organisering med bruk av følgjepersonar i samband med dagtilbod, kan ha både positive og negative sider ved seg, når ein skal etablere eit tilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov. For den enkelte som har med seg følgjeperson, kan det vere ein fordel, dersom ikkje for mange rullerer. Med få, faste, som kjenner vedkomande godt og som får god kjennskap til vedkomande sitt dagtilbod og dei mogleheitene som finst ved verksemda, vert det høve til individuell tilpassing, alt etter brukar sin dagsform. Brukar kan komme litt seinare og dra heim tidlegare, alt ettersom. Bruk av følgjepersonar kan imidlertid også vere til hinder for eit tilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov. Maren fortel om at grunnbemanninga ved deira dagtilbod er blitt redusert. Seks av femten brukarar har med følgjepersonar. Rundt 15-20 tilsette «rullerer», ut frå turnus. Dei erfarer at følgjepersonale ikkje føljer opp brukarar i aktivitetane deira, slik at brukarar vert sitjande uverksame. Dagane kan lett bli innhaldslause og kjedelege, fordi brukarane ikkje får det tilbodet som var planlagt, som dei har forventning om. Maren ønskjer seg fleire i grunnbemanninga, men peikar på at det er eit økonomisk spørsmål.

Informantar sine skildringar tyder på at bruk av følgjepersonar kan ha to formål, økonomisk motivert, eller med utgangspunkt i brukar sine behov. Dersom formålet med følgjepersonar er økonomisk motivert, slik at følgjepersonane har ansvar for fleire med behov for bistand i samband med dagtilboden, vert situasjonen svært låst for den enkelte. Då kan ein ikkje nytte dagtilboden som eit tilbod, som er fleksibelt i forhold til når ein kan komme og når ein kan dra heim, slik fordelen kan vere når ein har med

følgjeperson. Det vert lagt opp til ein «normalarbeidsdag», også for dei med omfattande hjelpebehov, som ikkje er i produksjonsretta verksemd. Dei er yrkeshemma, med behov for individuell tilrettelegging, men vert «låst» i rigide system. For dei som ønskjer full dag og ikkje har behov for fleksitid, kan det vere best med eit tydeleg skilje mellom arbeid/aktivitet og heim/fritid.

Bruk av same hjelparar både ved dagtilbod og i heimane, kan føre til at tenestene får institusjonspreg. Det er eit forhold som hjå brukarorganisasjonar vert peika på som ei ulempe. Dei som representerer brukarar på systemnivå gje uttrykk for at ei slik utvikling ikkje er ønskjeleg. I eit brev frå Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) til Arbeids- og sosialdirektoratet, i samband med regjeringa sitt forslag om å overføre ordninga med Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA) frå stat til kommune, kjem det fram at NFU er bekymra for den utviklinga som går føre seg rundt om i kommunane. NFU peikar på at den kommunale institusjonsbygginga er sterkare enn nokon gong. I innspelet frå NFU, datert 28.09.15, står det:

Fordi bofelleskapene, i strid med forutsetningene, er blitt bemannet, oppdager kommunene at de kan oppnå «bedre ressursutnyttelse» om de samordner dagaktiviteter med personellet i bofelleskapet. Besparelsespotensialet blir maksimalisert når arbeid/dagaktivitet trekkes inn i bofelleskapet (...) Skal en motvirke institusjonalisering og segregering, er det fornuftig å fordele ansvaret mellom forvaltningssektorer og forvaltningsnivå.
<http://www.nfunorge.org/Global/Nyheter%20NFU%20sentralt/Dokumenter/innspill%20arbeidsdepartementet%20vta-utredning.pdf>

NFU meiner at ansvaret for arbeid og dagtilbod institusjonelt bør skiljast frå omsorgstenestene. I Sollied sin doktorgradsavhandling (Sollied 2013) peika profesjonelle og foreldre på, korleis nedskjeringar og stramme økonomiske rammer kan føre til ein medarbeidarstab samansett av mange små stillingar, for å dekke ein vaktplan. Dette fører til vanskar med å få til kontinuitet i relasjonen. Forhold som skal bidra til utvikling, vert i staden prega av mange brot og at ein stadig lyt byrja frå start igjen. Dette kan føre til manglande stabilitet og samanheng, slik informant fortel om. Det kan synast som om politikarar og kommunal leiing undervurderer kva for negative omkostningar omorganisering kan få, slik også Hegdal og Thoresen (2007) har peika på. Stadige endringar i tenestene og mangel på stabilitet kan føre til eit arbeidsmiljø som er lite attraktivt for fagpersonar. Eit miljø med ustabil bemanning, kan få uheldige konsekvensar for brukarar sitt dagtilbod. Kommunale dagsenter kan få preg av å vere ein stad for «oppbevaring» (ibid), heller enn ein stad der brukarar får hjelp i aktivitetar med utgangspunkt i eigne ønskjer og behov.

Tilgang på ulike fasilitetar og utstyr

Eit viktig forhold som har tyding for eit tilbod med utgangspunkt i brukarar sine eigne ønskjer og behov, er tilgang på ulike fasilitetar. Informantar sine forteljingar tyder på at brukarar ikkje alltid kan bestemme sjølv, sjølv om personaldekninga, for mange sin del, er på plass. Brukarar og tilsette lyt innrette seg etter fordeling av ulike ressursar og fasilitetar. Trond fortel om fysioterapirom, gymsal og ulike sanserom, som mange skal dele på. Dei har ikkje eige basseng, noko som er ønskjeleg. Ein del brukarar har vanskar med å vere i normal, fysisk aktivitet, men får brukt seg sjølv veldig godt i vatnet. Han fortel at dei er avhengige av transport for å komme seg til nærmeste offentlege basseng. Fordelen med å ha eige basseng, er at ein har lett tilgang, ein treng ikkje tilvising frå lege og står friare med omsyn til tidspunkt.

Informantar fortel om ulike sanserom, musikkrom, fysioterapirom og velværerom for taktil berøring. Tilgang på slike fasilitetar kan vere det som skal til for å kunne legge til rette for eit dagtilbod ut frå brukarar sine ønskjer og behov. Slike fasilitetar kan ha særskilt tyding for personar med multifunksjonshemming, som i større grad enn andre kan trenge hjelp til varierte sanseopplevelingar og å vere i fysisk aktivitet. Informantar fortel elles om personar som har spesielle aktivitetar dei ønskjer å halde på med ved dagsenteret. Det kan vere særskilde spel og leikar som betyr mykje for trivsel og glede. Ein av brukarane som har nådd pensjonistalderen, har framleis fast tilbod ved eit av dagsentra og ønskjer ikkje å slutte. Vedkomande har ein spesiell interesse for verving og ønskjer å halde fram med det. Informantar peikar på at det er behov for variert utstyr, tilpassa den enkelte sine interesser. Hegdal og Thoresen (2007) peikar på at tilgang på ulike fasilitetar gjer det mogeleg å setja saman eit dagtilbod tilpassa den enkelte sine eigne ønskjer og behov i større grad, enn eit meir avgrensa aktivitetstilbod, eller eit vanleg arbeidstilbod vil kunne gjere.

Fleire av informantane fortel om brukarar som har eigne bilar, men desse vert ikkje brukt i samband med dagtilbod. Alle informantane peikar på tydinga av å ha tilgang på bil, eller minibuss tilpassa rullestolbrukarar. Då kan dei tilby brukarar aktivitetar og opplevelingar dei elles ikkje hadde fått tilgang på. Kåre fortel at tilgang på buss/transport er noko av det aller viktigaste ved deira avdeling. Fleire av brukarane har det aller best dersom dei kan komme seg ut i skogen, men er avhengige av skyss. Ved deira dagtilbod deler avdelingane på to minibussar tilpassa rullestolbrukarar. Personar med ulike

funksjonsnedsettingar, kan ha problem med å nytte seg av offentleg transport. For rullestolbrukarar kan det elles vere ei utfordring å ta seg fram ute om vinteren, når det ligg snø og skavlar omkring. Har ein mål om at brukarar skal kunne nytte seg av det tilbodet som finst i nærmiljøet, kan noko så grunnleggande som tilgang på bil/minibuss, vere avgjerande.

Trond gje uttrykk for ønskje om eige basseng ved dagsenteret, slik at brukarar oftare kan komme seg i oppvarma basseng. No nyttar dei seg av eit offentleg, som ligg såpass langt unna, at dei er avhengige av transport. Tilgang på ulike fasilitetar innanfor dagsenteret sitt område, kan også ha negative sider ved seg. Det kan vere eit poeng for mange å nytte seg av dei offentlege fasilitetane som er tilgjengelege, som også andre nyttar seg av. Det kan bidra til ei inkludering i samfunnet, som kommunale dagsenter, som har «alt» tilgjengeleg innanfor eit avgrensa geografisk område, kan vere til hinder for. Ein av informantane peikar på at økonomiske rammer gjer at ein blir veldig «låst» og ikkje har høve til å gjere så mykje utanfor dagsenteret. Seierstad et al. (1998) har peika på at det er eit stort problem at dagsentra er isolerte stader innanfor det lokale miljø dei skal vere ein del av. Det er viktig å legge til rette, slik at brukarar kan nytte seg av dei fasilitetane som finst i nærmiljøet, for å unngå ytterlegare segregering.

5.3.2 Å forstå og bli forstått

Viktige forhold som vert trekt fram for at eit dagtilbod skal vere basert på brukarane sine eigne ønskjer og behov, handlar om kommunikasjon; å forstå og bli forstått. Eg vil drøfte nokre av dei forholda som har kome fram under intervjuet, som har å gjere med kommunikasjon og samhandling.

Verbal og nonverbal kommunikasjon

Ein føresetnad for å kunne legge til rette for eit dagtilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov, er at det går føre seg ein kommunikasjon der dei som har med kvarandre å gjere, forstår kvarandre. Informantane fortel om brukarar som har svært ulike føresetnader når det kjem til språk og kommunikasjon. Brukarar med verbalt språk kan seie i frå sjølve, medan andre er heilt avhengige av at tilsette «ser», les uttrykka deira og freistar å forstå. Trond fortel at enkelte til ein viss grad kan uttrykke seg verbalt og seie i frå sjølve, kva dei vil/ikkje vil. Når det kjem nye brukarar som skal ha eit tilbod, fortel tilsette at dei lyt bruke tid til å bli kjent, før dei kan etablere eit tilbod

tilpassa den enkelte sine ønskjer og behov. I byrjinga lyt dei ofte stø seg til informasjon frå andre, som kjenner vedkomande godt. Det kan vere foreldre og personar frå vidaregåande skule. Etter kvart som dei vert kjent med vedkomande sjølv, vert planar evaluert og justert. Trond fortel:

Og så e det, sjølv om dei kjem hit, så må du fortsatt bli kjent med personane og sjølv om du les på journalane og i papirar kva diagnostar, korleis dei på ein måte har vært tidlegare i livet, så e det kje alltid det gir rett inntrykk alikevel, så du må på ein måte være med brukaren, bli kjent med han og prøve forskjellige aktivitetar, sjå kva som fungerar og kva som ikkje fungerar og kor får ein meistring, kor kan du tolke det dit atte dei ikkje trivast i situasjonen. Du må, på ein måte, prøve og feile litt, ...

Tilsette er opptatt av å bli kjent med kvar brukar og treng å bruke tid saman med vedkomande, for å komme fram til eit tilrettelagt tilbod. Kåre fortel om brukarar som kommuniserer ved hjelp av teikn til tale. Andre brukarar kommuniserer ved å peike. Tilsette som kjenner dei, skjørnar kva det er dei prøver å fortelje. Det er stor variasjon.

Kåre fortel:

... veldig mange av brukerne, sjøl om de har begrensa språk, så forstår veldig mange hva vi sier. Vi sørger alltid for å understøtte talespråket med symboler. Enten ved tegn til tale, eller ved pictogrammer, konkreter, eller en eller annen form for noe mer enn bare en verbal kommunikasjon.

Trond fortel at dei også alltid nyttar ein eller annan form for støttande kommunikasjon, i tillegg til tale, for å vere trygg på at brukarane forstår, eller blir forstått. Han fortel at ein av brukarane har eit elektronisk kommunikasjonshjelpemiddel, som vedkomande kan trykke på, for å vise kva for aktivitetar vedkomande har lyst til å halde på med.

Informantar sine skildringar fortel at det er behov for tilsette med kjennskap til alternativ og supplerande kommunikasjon, skal ein kunne etablere eit tilbod ut frå brukar sine eigne ønskjer og behov. Samtidig er det ein føresetnad at ein ikkje berre forstår kvarandre, men også tek på alvor det den andre freistar å uttrykke og tek konsekvensen av det.

Informantar fortel om brukarar som ikkje kan nytte seg av alternative kommunikasjonshjelpe midlar. Deira måte å kommunisere på er gjennom kroppslege og kjenslemessige uttrykk. Tilsette har få haldepunkt og lyst kjenne brukarane godt for å kunne lese uttrykka deira, om dei har det bra, eller ikkje. *Vi «leser» ikke på avstand kva kroppen uttrykker*, skriver Horgen (2010, s. 68). Ho understreker at dei med omfattande funksjonsnedsettingar treng hjelp til alt og at mykje skjer gjennom nær berøring.

Skal tilsette kunne ta omsyn til brukarane sine ønskjer og behov, krev det, for enkelte sin del, fysisk nærleik mellom brukar og hjelpar. Det handlar om å kunne dele ei oppleving, «lese» brukar sine uttrykk undervegs og kjenne glede ved det å vere saman, slik Hildur skildrar det når ho fortel frå deira dagtilbod. Det er ikkje resultatet som er viktig, men sjølve opplevinga. Positive kjensler som ein kan få ved å vere nær kvarandre i ein ballbinge, på ei trampoline, eller i eit oppvarma basseng. Nærleik gjennom hudkontakt og samspel skapar band mellom menneske. I ein slik samanheng er ein opptatt av deltaking i eit mikroperspektiv (Slåtta, 2010). Ein er opptatt av den enkelte sine høve til å interagere med andre i kvardagssituasjonar og aktivitetar. Enkelte brukarar har behov for dialogerfaringar tilpassa sanseføresetningane deira, slik det vert utdjeta av Horgen (2006). Ho peikar på at det kan vere ei utfordring for tilsette å tilpasse ein slik dialog, til dømes lyd-leik, til vaksne med utviklingshemming.

Informantar sine skildringar frå samhandling med brukarar, fortel at det er viktig med ein kommunikasjon som ikkje berre handlar om det tekniske, å formidle ein bodskap til og frå, skal ein møte brukarar på deira ønskjer og behov. Det handlar og om haldningar, å gå inn i ein relasjon, utan at formålet med samhandlinga nødvendigvis er definert på førehand. Tilsette sine haldningar, vilje til å by på seg sjølv og vilje til å involvere seg emosjonelt, får konsekvensar for relasjonen. Skau (2008) peikar på at det å vere til stades i relasjonen er den eigentlege nærande kvalitet me kan gje i eit samvær. Eide og Eide (2004) skildrar forholdet mellom brukar og hjelpar som ein arbeidsallianse, der ein er gjensidig avhengige av kvarandre, for at resultatet skal bli bra. - Hjelparen lyt lytte til den andre og møte vedkomande med respekt og tillit. Mål og tiltak kan imidlertid vere staka ut på førehand på ein slik måte at det vert til hinder for å vere open for kvarandre her og no. I så fall vert det lite rom for dialogen, slik den vert skildra av Lorenzen (2006) og Horgen (2006).

Når ein skal etablere eit tilbod med utgangspunkt i den enkelte sine ønskjer og behov, er det og viktig at brukarar kjem til orde i saker som ikkje berre handlar om eigen person, men også om forholda som gjeld verksemda dei er ein del av. Kate og Elisabeth fortel om ulike møteplassar, kor den enkelte kan formidle meininger og påverke forhold ved dagtilbodet og eigen arbeidssituasjon. - Elisabeth fortel om felles samlingsstund kvar morgon, Kate om husmøte og medarbeidarsamtalar. Dette er i tråd med ein myndiggjerande praksis (Slettebø, 2000), kor ein respekterer dei ressursane brukarane

har, og har tru på den enkelte sine evner til å delta i avgjerder som har tyding for kvardagen og liva deira. Korleis den enkelte blir sett, får konsekvensar for vedkomande sitt sjølvbilete og tilveret generelt, slik Bollingmo et al. (2005) har peika på. Brukarar vil alltid vere i ein relasjon til tilsette prega av avhengighet. Informantar sine forteljingar syner at dette er ein ulikskap som kan verte forsterka eller svekka, alt etter tilsette sine haldningar og korleis kommunikasjonen og samspelet mellom dei og brukarane går føre seg på.

Struktur og oversikt

Alle informantane fortel om dagtilbod der dei har ein eller annan form for plan over dagane. Det er fleire grunnar til at dagsentra nyttar seg av dagplanar. Det kan vere ei informasjonstavle, med oversikt over aktuelle aktivitetar for ein dag, eller ei veke, som brukarar kan velja i. Det kan og vere individuelle dagplanar som er blitt utarbeida på grunnlag av ønskjer og behov for aktivitetar og gjeremål, som har kome fram under ansvarsgruppemøter og samarbeidsmøter. Kåre fortel dei har kommunikasjonssystem via dagplanar og forskjellige utgåver av det, tilrettelagt for alle. Ein av grunnane er at dei berre har tilgang på buss og sanserom til bestemte tider. Dagplan gje brukarar som har behov for struktur og oversikt, ei stadfesting på når ting skal skje.

Gunnhild fortel om korleis dagplan vert nytta som hjelpemiddel i samband med val av aktivitet. Ein av brukarane nyttar konkretar som symbol for ulike aktivitetar og gjeremål. Tilsette set fram maksimum tre symbol om gangen på ei hylle, rett før ny aktivitet/gjeremål. Brukaren ser kva som står på hylla og vel ein av konkretane. Vedkomande klarar ikkje å skjøna samanhengen, dersom det står mange ting på hylla. Då vert det berre rot. Ein annan brukar har dagplan med pictogram, som dei set opp i to omgangar, før og etter lunsj, ettersom dei då gjer bytte i personalet. Pictogramma vert vist til brukar i forkant av aktiviteten, slik at vedkomande skal vere budd, til dømes før time med fysioterapeut. Nokon gonger viser dei to pictogram og seier: «Vil du lesa bok, eller vil du høre musikk?», for så å følje med kor blikket til brukaren festar seg. Same framgangsmåte nyttar dei når brukar skal velje t.d. drikke. Trond fortel:

Dei har sånn «benevningspermar» og «dagpermar», «dagsplanspermar» som vi sett opp, det e litt forskjellig. Nåken av brukarane set vi opp dagsplan i lag med. Sånn at vi gir dei val og kan sette opp alternativ, mens andre brukara har ein såpass fast plan, atte vi set han opp og så går vi i gjennom i lag etterpå, når vi har sett opp den planen.» ... «Nåkken brukar vi bilde, der vi legger fram alt fra to til fire, fem alternativar då, alt etter som ka vi har mulighet til å ... ka brukaren ønske. Og så peike dei på det dei har lyst til.

Det kjem fram at bruk av dagplan kan ha ulike formål. Det kan vere å gje brukaren oversikt over kva som skal skje, eller som hjelphemiddel i samband med val av aktivitet. Dersom dagplan vert brukt for å gje oversikt til brukar over kva som skal gå føre seg, utan brukar sin medverknad, kan ein sjå på dagplan som noko instrumentelt, ei side ved ei systemverd, styrt av strategisk tenking. - Ein måte å gå fram på, for å oppnå kontroll. Aktivitetar og gjeremål vert sett opp og presentert i ein bestemt rekjkjefølgje, for å gje den enkelte oversikt over kva som skal gå føre seg, utan at vedkomande har fått høve til å påverke. Samstundes fortel informantar at dagplan vert nytta for å gje oversikt over gjeremål som handlar om faste avtalar som er inngått med andre, med utgangspunkt i brukarar sine eigne ønskjer og behov. Det kan dreie seg om timar med vaksenopplæring, fysioterapi, bruk av diverse sanserom, eller tidspunkt for å dra i basseng. Slik informantar skildrar bruk av dagplan, vert den for dei fleste sitt vedkomande, brukt på ein fleksibel måte, der det er mogeleg for brukar å velje vekk aktivitetar, eller ta initiativ til andre. - Innhaldet i dagane er planlagt på førehand, med utgangspunkt i brukarane sine interesser, men med rom for å gjere endringar.

Lorenzen (2003) er av dei som uttrykker skepsis til ein praksis styrt av ein plan/program for dagen, eller veka. Han peikar på at bruken av slike system ikkje fremmer kommunikasjon, men er meir eit hjelphemiddel for å ytre seg til kvarandre på, å dele informasjon, beskjedar og å uttrykke behov. Det er nettopp slike formål informantane fortel om, når dei skildrar bruk av dagplanar. I tillegg til å gje oversikt, vert dei nytta som hjelphemiddel, slik at brukarane kan velje aktivitetar. Forma vert tilpassa den enkelte, slik det kjem fram i døma ovanfor.

Dagplan er ikkje eit mål i seg sjølv, men kan vere eit nyttig hjelphemiddel når ein skal tilpasse eit dagtilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov. Kåre fortel om brukarar som ikkje er tente med å bruke dagplan. Det kan vere personar som er veldig aktive. Det er ikkje mogeleg å lage ein plan som tilfredsstiller aktivitetsbehovet deira. Ein lyt berre la dei velja ny aktivitet når dei er ferdige med den førre.

Sjølv om dagplanane skal fungere som hjelp til å fremme ønskjer og behov, kan likevel bruken av slike system komme til å vere prega av «kontroll» frå dei tilsette si side. Tilgang på aktivitetar brukarane kan velja i, vert styrt av dei tilsette, som igjen lyt halde seg til rammer for verksemda.

Å regulere avstand til andre

Tilsette sin evne til å fange opp korleis brukar har det, og ta konsekvensen av det, er viktig for eit dagtilbod ut frå brukar sine eigne ønskjer og behov. Det handlar også om forståing for korleis ein sjølv, andre tilsette, eller andre brukarar sin væremåte kan verke inn på brukar sin kvardag. Det er brukarar som, av ulike årsakar, har behov for eit tilbod kor dei ikkje er så tett innpå andre. Enkelte blir til dømes uroa av andre sine lydar. Informantar fortel om brukarar som har det best når dei kan komme ut i naturen. For å få til det, er dei avhengige av eigen skyss, ettersom dei ikkje er tent med å nytte offentleg transport, av same grunn. Situasjonen blir for uforutsigbar. - Ein kjem for tett innpå andre personar, utan høve til å regulere avstand.

Behov for avstand til andre gjer at enkelte brukarar har behov for eigne rom kor dei kan trekke seg tilbake og vere for seg sjølv, i samband med dagtilbod. Ein informant fortel at alle brukarane ved deira dagtilbod, har eigne rom. Mange ønskjer ikkje å vere med på felles aktivitetar, men har i større grad behov for eit individuelt opplegg, kor dei har høve til å vere åleine med hjelpar.

Informantar sine forteljingar handlar om at tilsette og andre lyt ha forståing for brukarar som har behov for å kunne regulere avstand til andre. Ellingsen et al. (2002) peikar på at ein viktig del av kjenslelivet er å forstå andre sine emosjonelle uttrykk. Denne delen av kjenslelivet kan verte påverka av ei utviklingshemming. Å forstå andre sine emosjonelle uttrykk er ein føresetnad for å kunne slappe av saman med andre. Me slappar av, dersom me kjenner at stemninga er god. Dersom stemninga snur, kan me merke at spenninga aukar. Det kan føre til mykje ubehag og uro for den det gjeld, dersom ein manglar ei slik forståing. Då har ein få haldepunkt for å vite korleis stemninga er, og blir meir på vakt. Dei fleste med utviklingshemming har lav toleranse for nærliek. Å vere nært innpå andre kan gje seg utslag i at ein blir rastlaus og ukonsentrert, nokon kan reagere med sterk aggressjon, andre med tilbaketrekking. Slik uro kan bli tolka negativt, som eit uttrykk for motvilje (ibid).

Når ein har tilbod ved eit kommunalt dagsenter, ligg ikkje alltid forholda til rette for å kunne regulere avstand til andre. Fysiske rammer kan vere til hinder for eit dagtilbod tilpassa brukarar sine eigne ønskjer og behov. Informantar fortel om tilbod kor det ikkje er rom for å trekke seg tilbake for seg sjølv. Det kan føre til uro og uheldige opplevingar

for brukarar og dei som er rundt, i verste fall utagering og bruk av tvang. Brukarar er avhengige av tilsette som syner forståing, slik at det vert lagt til rette for eit dagtilbod for dei med særskilt behov for å regulere avstand til andre.

5.3.3 Kunnskap og kompetanse

Samtlege informantar legg vekt på at det er viktig med tilsette som kjenner brukarane godt, skal ein etablere eit dagtilbod med utgangspunkt i brukarane sine eigne ønskjer og behov. Kåre fortel at dei har ei avgrensa personalgruppe rundt kvar brukar og meiner det er med på å gjere tilboden bra for den enkelte. Kvar tilsett arbeider saman med 4-5 brukarar. Gunnhild fortel dei har med tre eller fire brukarar å gjere. På den måten vert brukarar og tilsette godt kjente med kvarandre. Når tilsette kjenner brukarane godt, ligg tilhøva betre til rette for eit tilpassa dagtilbod, der kvar enkelt får høve til å oppleve mestring. Informantar fortel om brukarar som ønskjer å utføre oppgåver mest mogeleg sjølvstendig i kvardagen, helst utan innblanding. Ein føresetnad er tilsette som kjenner brukarane godt, viser tolmod, legg til rette og gje brukarane tid til å utføre gjeremål på eiga hand.

Det kan vere ei ulempe om det går lang tid mellom kvar gong tilsette er saman med brukar. Tilsette kan komme til å gløyme å hjelpe brukar i gang med aktivitetar vedkomande har forventningar om. Tilsette kan og komme til å utføre oppgåver for brukarar, som dei mestrer og ønskjer å utføre på eiga hand. Brukarar kan oppleve å bli "overkøyrd". Det vert ei utfordring for tilsette å opparbeide tilstrekkeleg kompetanse dersom det går lang tid mellom kvar gong dei er saman med brukarar. Informantar fortel om behov for detaljerte arbeidsskildringar, for å unngå dette. Arbeidsskildringar kan imidlertid ikkje erstatte ei stabil grunnbemannning. Arbeidsskildringar kan derimot bli brukt på ein måte som skaper avstand i relasjonen mellom brukar og hjelpar. Hjelparen "fører ordet". Slike skildringar bør difor vere rettleiande og ikkje stå i vegen for eit samarbeid med fokus på samhandling og dialog (Edvartsen og Holthe 2013, Røkenes og Hansen 2002).

Informantar fortel at det er viktig med tilsette med ulik fagleg kompetane, skal ein imøtekommje brukarar på deira eigne ønskjer og behov i samband med dagtilbod. Kate fortel om haldningar som handlar om at dersom du kjenner brukaren, så kan du vere med overalt. Kan du arbeide med ein person i heimen, så kan du arbeide med

vedkomande på dagtilboden også. Ho understreker at det kan ikkje vere slik. Det er behov for fagkompetanse innan det dei driv med. Trond fortel dei har tilsette med variert yrkesfagleg bakgrunn ved deira dagtilbod og meiner det har vore eit bevisst val frå leiinga si side. Han meiner ei variert personalgruppe vil kunne bidra til større variasjon i tilboden til brukarane. Til dømes vil ein musikkterapeut, ein som har kompetanse på taktil stimulering, ein med idrettsfagleg bakgrunn, eller ein tilsett med kunst- og handverksfagleg bakgrunn, kunne bidra på vidt forskjellige måtar. Samstundes lyt ein vere merksam, slik at det ikkje vert dei tilsette sine interesser som vert førande for brukarar sine aktivitetar, og ikkje deira eigne preferansar. Enkelte kan vere lette å påverke. Dei ser opp til hjelparane og ønskjer å gjere, eller seie, det dei trur vert forventa. Kate ga eit døme på det, då ho fortalte om medarbeidarsamtalane: «... *for noen er det nyttig og for andre hakke det non verdi (...) de svarer det vi vil at de skal svare, eller det de trur at vi vil de skal svare. Det er jo ofte sånn.*»

Informantane sine skildringar syner at tilsette sin kompetanse, kunnskap om brukar og evne til å forstå og tolke brukaren sine uttrykk, har tyding for om eit tilbod vert lagt til rette ut frå brukar sine eigne ønskjer og behov, eller ikkje. Personleg kompetanse, som haldningar, personlege vurderingar og initiativ, spelar også inn. Dette er forhold som imidlertid også kan komme til å stå i vegen for eit individuelt tilrettelagt tilbod. Mangel på initiativ frå tilsette si side, kan føre til einsformige dagar, slik Maren har fortalt om, dersom ikkje andre tilsette påpeikar forholdet. Elisabeth skildra noko tilsvarande. Dei som følgjer frå bustadane har ikkje det same «eigarforholdet» til dagsenteret som den faste grunnbemanninga, er meir van med å hjelpe til i heimen, kor det kan hende er meir avslapping og kos. Ho gje uttrykk for at det kan vere vanskeleg å få ei forståing for at det helst skal utgjere ein forskjell å vere på eit dagtilbod, i forhold til å vere heime. Brukarar har forventning om å kunne delta i aktivitetar og arbeidsretta verksemd, og mange er avhengige av tilsette sitt initiativ og engasjement.

Under intervjuet blei informantar spurt om dei har opplevd situasjonar der det er motsetnad mellom brukar sine behov, slik tilsette ser det og brukar sine behov, slik vedkomande sjølv gje uttrykk for. Dette er eit dilemma fleire (Bollingmo og Holm 2005, Johnsen 2013, Askheim 2014) har drøfta. Døma som kjem fram syner korleis brukarane kan bli «umyndiggjorte» frå både tilsette og pårørande si side, ved at andre har bestemte meininger som får konsekvensar for kvardagen deira. Det kan handle om at

anten pårørande eller tilsette har bestemte oppfatningar om kosthald, om kler, eller kva aktivitetar den enkelte skal vere med på. Informantane trekte fram spesifikke døme på direkte spørsmål. Skildringane tyder ikkje på at dette er haldningar som pregar tenesteytinga deira. Konformitetspress (Dahlen, 2007) kan imidlertid komme til å fungere som ei barriere i høve myndiggjering. Det kan vere at det på enkelte arbeidsplassar, også dagsenter, er blitt etablert normer for korleis tenesteytinga skal gå føre seg, som det kan vere vanskeleg å få ei endring på.

Informantar sine skildringar tyder på at det er viktig å vurdere organisering av tenester og kva behov ein har for formell kompetanse, opp mot kva type verksemd som går føre seg ved dagtilboda. Mange stader er det behov for særskild fagkompetanse, slik Kate fortel om. Elisabeth og Maren fortel om brukarar som anten vert meir urolege, eller får ein mindre aktiv dag, når tilsette i turnus «rullerer» innan dagtilboda. Informantar sine skildringar syner at det er viktig å lytte til faglege vurderingar når avgjerder blir tatt på administrativt og politisk nivå. Innsparingar kan føre til at fagkompetanse vert prioritert vekk i kommunane, til fordel for billegare løysingar, med ufaglærte eller assistentar, slik Sollied (2013) har peika på. Kutt i kostnadane og endringsprosessar kan føre til därlegare tenester. Ein av informantane fortalte korleis tilsette aktivt hadde vendt seg til politikarar med informasjon og argumentasjon for å unngå endringar, som den administrativ leiinga hadde planlagt. Vedkomande meinte endringane ville få uheldige konsekvensar for brukarane sitt dagtilbod. Vedkomande tok ansvar og lukkast med å stoppe prosessen. Skildringa syner at engasjement på systemnivå, kan få positive verknader på individnivå. Dette syner, som Askheim (2003) har peika på, at tilsette ikkje berre skal passe arbeidet sitt, men og vere merksam på organisatoriske og politiske rammer arbeidet skal utførast innanfor.

5.3.4 Samarbeid og utarbeiding av individuelle mål

I intervjuet fortalte informantane om samarbeid mellom brukar og/eller vedkomande sin representant og ulike aktørar som har med brukarar sine tenester å gjere. Det er viktig at dei som er involverte i brukarar sitt tilbod kjem saman, for at tenestene skal vere samordna og i tråd med brukarane sine ønskjer og behov. På kva måte eit samarbeid skal gå føre seg, vil imidlertid vere ulikt, alt etter kor omfattande behov for bistand den enkelte har. Informantar fortel om ansvarsgruppemøter, kor det er med kontaktperson

frå dei som gje tenester i heimen og på dagtilbodet, fastlege, evt. verje, fysioterapeut, ergoterapeut, lærar i vaksenopplæringa og involverte frå spesialisttenestene. Ansvarsgruppemøter går føre seg ein til to gongar i året, fortel dei. I møtene vert det utveksla informasjon og brukar, evt. via sin representant, får formidla korleis ein har det i kvardagen og kva ønskjer ein har framover. Det vert drøfta mål og aktuelle tiltak på kort og lang sikt. Formålet er å avklare forventningar, om ein skal halde fram slik tenestene er etablerte, eller gjere endringar.

Dei med behov for langvarige og koordinerte tenester, har rett på individuell plan (hol. §7-1). Ein slik plan inneheld oversikt over brukar sine mål innanfor ulike livsområder og tiltak som er aktuelle innanfor kvart område. I planen vil det gå fram kven som er ansvarlege for dei ulike tenestene. Brukar er eigar av individuell plan. Det er vedkomande sine eigne ønskjer og mål som skal kome fram. Plana er ikkje formelt bindande, men skal gje retning for dei daglege tenestene. Plana seier noko om innhald i tenestene, omfang og eventuelle visjonar framover. Informantar fortel det ikkje er alle som har individuell plan, men at det likevel kan bli utarbeidd ein overordna plan for dagtilbodet, som dei retter seg etter. Dei fleste har oppnemnt koordinator, som i så fall vert bindeleddet mellom dei som er involverte i brukar sine tenester. Koordinator skal syta for nødvendig oppfølging av den enkelte, sikre samordning av tenestene og framdrift i arbeidet med individuell plan (hol. § 7-2). Informantar fortel det som regel er kontaktperson/primærkontakt i heimetenestene som vert oppnemnt som koordinator, men nokre av dei har og ei slik rolle, etter som dei fortel.

Informantar sine skildringar fortel om brukarar som er avhengig av tilsette som «ser» dei i kvardagen, tek omsyn til individuelle behov og formidlar erfaringane i formelle fora. Samarbeid mellom involverte partar er nødvendig for å sikre samordna og koordinerte tenester, i tråd med brukar sine eigne ønskjer og behov. Informantar fortel om ulike måtar å gå fram på. Kate fortel at alle brukarane ved deira dagtilbod deltek sjølve på ansvarsgruppemøter og er med i utarbeiding av individuell plan (IP). Elisabeth erfarer at brukarar kan oppleve det som «skummelt» å delta på møter og at det kan vere betre for den enkelte å formidle ønskjer og behov gjennom kontaktperson. Når brukar deltek i formelle fora, kan vedkomande formidla sjølv, kva ein tenkjer om dei sakene som vert drøfta. Dei andre får høyre synspunkta frå vedkomande direkte og lyt kommunisere på ein slik måte at brukaren vert inkludert i utveksling av informasjon og

meiningar. Når brukarar gje tilbakemelding på at dei opplever møta som «skumle», kan det handle om at situasjonen ikkje er lagt godt nok til rette. Når brukarar sine ønskjer og behov vert formidla via tilsette, eller pårørande, kan det bli dei andre sine vurderingar og meiningar av kva som er brukar sine behov som vert lagt fram, heller enn brukaren sjølv sine. I så fall kan utarbeiding av målsetjingar vere til hinder for eit dagtilbod med utgangspunkt i brukar sine eigne ønskjer og behov. Det er vedkomande sine eigne preferansar som skal leggjast til grunn for målsetjingar og bistand, uansett om det er andre som lyt ivareta den enkelte sine interesser. Dette vert og understreka av Bollingmo og Holm (2005).

Informantar fortel nærmere om korleis samarbeid kjem i gang ved elevar sin overgang frå vidaregåande skule til eit kommunalt dagtilbod. Framgangsmåten kan variere. For nokon sin del, har NAV vore involvert, andre har hatt liten eller inga kontakt med NAV. Søknadane går direkte til eit kommunalt tingarkontor, eller eining med ansvar for sysselsetting i kommunal regi, som etter ei kartlegging av brukarane sine interesser og behov, vurderer eigna kommunalt tilbod. Fleire fortel at det blir etablert kontakt allereie medan elevar går i vidaregåande skule. Det hender elevar hospiterer ved dagsenter siste året i vidaregåande, t.d. ein dag i veka, for å bli kjent og for å avklare om dagsenteret er ein aktuell stad å søke seg til etter vidaregåande skule.

Fleire informantar fortel det blir laga plan for dagtilboden for kvar brukar, kvart år. Denne plana er underordna individuell plan. Det startar med mål- og evalueringsmøte med aktuelle samarbeidspartar; føresette/verje, tilsette som hjelper i heimen (dersom brukar bur for seg sjølv), fastlege og andre involverte. I etterkant av mål- og evalueringsmøta, vert det laga ein konkret plan, som blir evaluert kvart halvår. Planen baserer seg i stor grad på tilsette sine observasjonar og tolkingar av i kor stor grad brukar likar, eller har utbytte av tilboden. Kva fungerer, kva fungerer ikkje? Kva kan vedkomande klare sjølv, kva treng vedkomande hjelp til? Trond fortel: *«...nåkken har eit års mellomrom mellom møta, nåkken har halvårlege møte. Så legg ein ein slags strategi der på ka vi vil, korleis gjer vi dagen best mulig, heilt enkelt. Det e egentlig det som alltid e målet».*

I ein målvalsprosess lyt ein starte med det den enkelte opplever som sine behov. Tenesteytarar lyt vere sensitive, evne å tolke og forstå mimikk og kroppsspråk på ein

slik måte, at ein kan formidle kva brukaren ønskjer, dersom vedkomande ikkje er involvert sjølv. Bollingmo og Holm (2005) peikar på at tenesteytarar som skal vere med på å bestemme mål for andre, treng opplæring og bevisstgjering for å kunne fylle oppgåva.

Vert tilsette for styrt av å arbeide systematisk og målretta, kan det vere eit forhold som ikkje gagnar brukar. Lorentzen (2006) er av dei som peikar på at overdriven målstyrt samhandling kan innebere ei slagside som vil fortelje brukaren at hjelparen ønskjer å bestemme retninga på aktiviteten. Ein praksis med vekt på systematikk og målval blir i mange samanhengar assosiert med instrumentell og paternalistisk tenking (Bollingmo & Holm, 2005) og kan komme til å fungere som det motsette av ein myndiggjerande praksis. Sett på ein annan måte, kan det bli stilt spørsmål om den tilsette gjer jobben sin, dersom det ikkje vert formulert målsetjingar for arbeidet, både frå leiing og pårørande. Tilsette lyt finne rette balansen, for ikkje å bli skulda for å vere unfallande, men heller ikkje overstyrande i ein slik samarbeidsprosess. Personar med omfattande funksjonsnedsettingar og store kommunikasjonsvanskar er avhengige av andre si tolking av deira uttrykk for ønskjer og behov. Det er viktig at personar som står dei nær, kjem saman, for å dele med kvarandre korleis ein tolkar den enkelte sine uttrykk. Sollied (2010) peikar på at det er viktig med ein allianse mellom pårørande og profesjonelle gjennom samarbeid i tverrfaglege grupper. Slike grupper kan utgjere ein styrke for relasjonen mellom den enkelte og hjelparane.

5.3.5 Bestemme sjølv, ... eller ikkje?

Informantar har fortalt om ulike samanhengar kor det ikkje er mogeleg med eit tilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov. Det kan komme av ulike forhold. Korleis organisatoriske rammer kan vere til hinder, kan illustrerast med eit døme: Ein av informantane fortel om ein brukar som ikkje har verbalt språk, men som likevel er tydeleg i kommunikasjon. Når vedkomande skal velje aktivitet, hentar vedkomande ein gjenstand, eller ein konkret, som syner kva vedkomande ønskjer å gjere. Dette vert til vanleg sett pris på av dei tilsette. Dei legg sjølve opp til ein kommunikasjon ved bruk av konkretar. Utfordringa er når vedkomande, på eige initiativ, hentar sekken sin og på den måten viser at vedkomande ønskjer å dra heim. Det, fortel informanten, kan ikkje imøtekommast, dersom det ikkje er nokon til å hjelpe i heimen. I dette tilfellet er det

ikkje til å misforstå kva brukar ønskjer sjølv, men organisatoriske rammer fører til at brukar sine ønskjer ikkje kan imøtekomast. Ein er «låst» i eit rigid system. Informanten fortel at tilsette pleier å løyse slike situasjonar ved å ta med sekken og følgje brukaren ut, for å vise vedkomande at det ikkje står nokon taxi der, og når brukaren ser det, godtek vedkomande situasjonen og blir med inn igjen. Medverknad kan fungere som eit verktøy som høyrer til dei profesjonelle og ikkje brukaren, slik Juritzen et. al (2012) har peika på. Tilsette har kunnskap om når dei kan imøtekommne brukarar sine ønskjer og behov, ut frå gjeldande rammer, og når dei ikkje kan det. Ein slik forståing har ikkje alltid brukar.

Informantar fortel om andre situasjonar der det er dei tilsette sine vurderingar som står i vegen for eit tilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov. Dei vurderer det slik at ikkje alle alltid er tente med val. Det kan vere bra for brukarar når «*ting e spikra og faste*», som Kåre uttrykker det. Dette gjeld særskilt brukarar innanfor autismespekteret. Det kan vere variasjon frå dag til dag, men at måndagane er like, tysdagane er like, osv. I bestemte situasjonar kan dei legge inn val mellom to aktivitetar, men som oftast veit brukarane då, kva dei har å velja mellom. Dei nyttar seg av pictogram, slik at det skal vere lett å få oversikt.

Maren fortel om korleis dei gjer avtalar med brukarar, for å hjelpe dei med å «bryte» fastlåste mønster. Det er spesielt brukarar med autistiske trekk som gjerne vil gjere det same heile tida. Enkelte kan bli så opphengt i akkurat det eine, at det kan ende opp i utagering. Dei blir leie sjølve, men klarer ikkje å bryte mønsteret på eiga hand. Tilsette kan i slike tilfelle inngå avtale med dei det gjeld. Dei prøver å finne strategiar som kan fungere.

Informantane sine skildringar fortel om dagelege situasjonar kor tilsette påverkar og styrer brukarane på ein måte som står i kontrast til ein myndiggjerande praksis. Askheim (2003) peikar på at ballansegangen mellom den enkelte sin rett til å få så god hjelp som mogeleg og vedkomande sin rett til å ta avgjerder i eige liv, er særleg tydeleg for dei som har alvorlege kognitive funksjonsnedsettingar. Ellingsen (2007) refererer til diagnosesystemet ICD-10 når han drøfter om alle med utviklingshemming kan bestemme sjølv. Han peikar på at personar med utviklingshemming, på line med andre, ofte ikkje bestemmer sjølv fordi dei ikkje vil, ikkje kan eller ikkje får lov (ibid). Maren og

Kåre fortel om situasjonar dei opptrer på ein styrande måte, fordi dei vurderer det som aller best for brukarane. Framstillinga deira tyder på at dette vert gjort på ein måte kor det blir tatt omsyn til dei det gjeld. Ein lyt vurdere brukarval opp mot ansvar ein har for å beskytte den enkelte mot risiko vedkomande ikkje skjønar, på grunn av kognitiv funksjonsnedsetting, slik Askheim (2003) peikar på. Uansett er det overordna målet å bidra til å styrke kvar enkelt sin integritet og verdighet. Sjølv om det er situasjonar der andre tek over ansvaret, fordi brukarar er sterkt hjelpetrengande, skal ein ha respekt for den enkelte sine verdiar og ønskje om kontroll over eige liv. Dette vert og understreka i Yrkesetisk handlingsprogram for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar (2015).

5.4 Avsluttande refleksjon

Eg vil til slutt i kapitlet reflektere litt rundt forhold som har vore drøfta tidlegare i kapitlet, men og reflektere over forhold som har med brukarar sitt dagtilbod å gjere, i eit litt vidare perspektiv.

I problemstillinga spør eg etter kva tilsette erfarer som viktig, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa brukarane sine eigne ønskjer og behov. Informantane sine skildringar fortel korleis ein kan imøtekommne brukarar sine ønskjer og behov, gjennom ulik tilrettelegging. Deira skildringar syner døme på kva som fungerer bra, men det kjem og fram forhold som kan vere til hinder. Utfordringar i samband med kommunikasjon og kognitive vanskar, kan innebere at ønskjer og behov vert tolka av andre. I så fall er det brukarar sine ønskjer og behov slik dei vert tolka og forstått av andre, som vert lagt til grunn.

Kommunane skal syta for at innbyggjarane får høve til å ha ei aktiv og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre (hol. § 1-1). Sjølv om kommunar har som mål å gje tilbod til alle, fortel informantar om søkerar som får avslag. Andre fortel at kommunen løyser dette ved å gje dei som allereie har eit dagtilbod, redusert eller endra tilbod, slik at nye brukarar kan få innpass. Når tilboden blir redusert, kan det også vere fordi behovet til den enkelte endrast, mellom anna som følgje av aldring, eller ulike helsemessige årsakar. I så fall ligg individuelle vurderingar til grunn. I andre sitt tilfelle er mangel på tilgjengelege plassar årsak. Vaksne med utviklingshemming kan komme i ein avmaksposisjon (Askheim 2003) når dei har ønskjer og behov for tenester som ikkje er

lovpålagte. Dagtilbod kan bli endra på, utan at brukarar, pårørande, eller tilsette kan gripe inn. Når brukarorganisasjonen NFU arbeider for at dagtilbod skal verte ei lovpålagt teneste, kan omsynet til rettstryggleik vere ein viktig årsak.

Informantar fortel at brukarar får tildelt plass ved dagtilbod, med nærmere spesifisering om omfang, dvs. kva dagar og kva tidspunkt dei kan komme. Sjølv om søknadane om plass ved eit kommunalt dagsenter har kome frå brukarane sjølve, eller deira representantar, kan ein reflektere over i kor stor grad dette har vore eit reelt val for alle. For nokon sin del har NAV vore involvert i forkant, andre har hatt liten eller inga kontakt med NAV, sjølv om alle har rett på ei arbeidsevnevurdering hjå NAV (NAV-loven, §14a). Manglande arbeidsplassar i ordinær eller tilrettelagt verksemde fører til ein større etterspørsel ved kommunale dagsentra enn det som elles hadde vore tilfelle, dersom målet om auka sysselsetting i større grad også blei gjort gjeldande for menneske med utviklingshemming, slik Reinertsen (2012) har peika på.

Tilsette som arbeider innan helse- og omsorgstenestene står i ei dobbeltrolle. Dei arbeider nært brukarane og skal imøtekommne individuelle behov, samstundes som dei er i ein organisasjon med pliktar dei lyt rette seg etter. Slettebø (2000) har peika på at politiske føringar og organisatoriske rammer kan føre til at tilsette kjenner seg underlegne og ute av stand til å mobilisere ressursar. Det kan oppstå ein konflikt mellom lojalitet til brukar og lojalitet til arbeidsgjevar. Samtidig er det slik at tilsette har ansvar for korleis faget dei er utdanna til, vert omsett i praksis (Askheim, 2003). Dei skal ikkje berre passe arbeidet sitt, men og vere merksam på den organisatoriske, institusjonelle og politiske ramma arbeidet skal utførast innanfor (*ibid*). Høylund og Juul (i Askheim, 2014) har ein tese om ubalanse mellom omsynet til brukarane sine rettigheter og behov på den eine sida, og krav om effektivitet og innsparing på den andre. Dei peikar på at denne ubalansen er blitt forsterka av reformer innan offentleg sektor dei siste åra. Resultateiningsmodellen i kommunesektoren er ein reform som er forankra i NOS-tenkninga sin intensjon om meir effektiv drift av kommunale tenester (Johansen, 2008). NOS heng saman med ein liberal styringsmodell, der ein ikkje er opptatt av å ivareta velferdsordningane, men å styrke individet (Askheim 2003, 2012). Ut frå ein slik ståstad, er ein opptatt av brukaren som kunde, den individuelle dimensjonen ved empowerment. Det er den enkelte, brukaren, kunden, sitt ansvar å ivareta interessene sine og stille krav til tenesteapparatet. Når dei tilsette er opptatt av at brukarar skal oppleve mestring i

samband med dagtilbodet sitt, har det også samband med individuell myndiggjering. Det aller viktigaste i ein slik samanheng, som det kjem fram av undersøkinga, er kommunikasjon/samspel, - å forstå og bli forstått. Tilbod skal etablerast på brukarar sine premissar, dei skal få innfridd ønskjer og behov, oppleve å bli sett pris på av andre, halde på med noko som dei sjølve opplever som meiningsfullt, oppleve likeverd og respekt. Dette er forhold som bidreg til styrke og auka sjølvstilling.

I undersøkinga kjem det fram eit paradoks, om ein tek utgangspunkt i ein liberal styringsmodell. Ei rolle som kunde kan bli komplisert for brukarar med kognitive funksjonsnedsettingar og språklege utfordringar. Mange er avhengige av andre som kan bidra med å fremme deira interesser. Det er brukarar som er avhengige av korleis tilsette oppfattar og tolkar deira ønskjer og behov, slik dei vert fanga opp i kvardagen og formidla vidare. Tilsette lyt oppstre som kundar, på enkelte brukarar sine vegne, samstundes som det er dei som skal administrere, fordele og yte tenester. Dette inneber at dei på same tid kan innehå ulike roller som står i motsetnad til kvarandre, noko som kan føre til ein konflikt, som i neste omgang kan slå negativt ut for brukarane.

Informantar sine forteljingar kan tyde på at ein ikkje kjem forbi den strukturelle dimensjonen ved empowerment, skal ein lukkast med empowerment på individnivå. Det handlar om samfunnsmessige tilhøve som verkar inn på brukarane sitt dagtilbod. Det kan vere barrierar og maktforhold som opprettheld skilnadar, urettferd og høve til kontroll over eige liv, eller det kan vere tilgang på ressursar som gje høve til livsutfalding og mangfald. Forhold tilsette har trekt fram, som har vore drøfta i dette kapitlet, er mellom anna tilgang på kompetanse, eit fleksibelt tilbod, med arbeidsplassar tilpassa varierande dagsform, rom for spontanitet, oversikt og trygge rammer for dei som treng det, samt tilgang på opplevingar, aktivitetar og arbeid, der ein blir inkludert i nærmiljøet.

Kva konsekvensar får det, når tenester er basert på NOS og ein grunntanke der individet står i sentrum som kunde? Eit liberalt system, der ein har som mål å byggje ned velferdsstaten sine fellesordningar? Den demokratiske modellen har også som mål å styrke individet, men er samtidig opptatt av strukturelle forhold, og ønskjer å verne om velferdsstaten sine ordningar (Askheim, 2003). Den demokratiske modellen kan imidlertid komme til å stå i vegen for individuell myndiggjering, dersom felles normer,

struktur og konformitet vert lagt til grunn, utan å ta omsyn til det individuelle mangfaldet. Alle som kjem inn under ein felles «katgori», kan komme til å bli behandla likt, utan omsyn til individuelle ønskjer og behov.

Det er store individuelle forskjellar om utviklingshemma vil vere i stand til å ta avgjerder om eige liv når dei er 18 år (Bollingmo og Holm, 2005). Det kan vere pårørande som tek på seg rolla som verje, eller på annan måte involverer seg langt ut over barna deira sin myndigheitsalder, slik informantar fortel om. Ein kan få eit klasseskilje mellom brukarar av tenester som har ei klår og tydeleg stemme, eller har andre til å ivareta deira interesser, og dei som ikkje har like sterk stemme (Askheim, 2012). Når brukarar har alvorlege kognitive funksjonsnedsettingar og utfordringar med at omgjevnadane ikkje forstår deira språklege uttrykk, kven står fram for å ivareta deira interesser i administrative og politiske samanhengar? Forhold som kjem fram under samtalane med informantane, som eg har skildra nærmare i dette kapitlet, syner at det er viktig at tilsette engasjerer seg. Skau (2008) peikar på at tilsette har val mellom to fundamentalt ulike grunnsyn. Me kan velja å sjå på oss sjølve som brikkar i eit spel, der spelereglane er bestemt av andre. Ved å velja ei slik forståing har eit menneske inga samvit og inga personleg ansvarskjensle. Ein gjer som ein får beskjed om. På den andre sida kan me sjå på oss sjølve som handlande subjekt, med ansvar for eigne handlingar. Kva retning me vel, får konsekvensar for andre (ibid). I denne samanhengen syner undersøkinga at det kan vere aktuelt med eit engasjement både på individ- og systemnivå, skal ein ha von om eit dagtilbod ut frå brukarar sine eigne ønskjer og behov.

6 Oppsummering

Denne studien har handla om vaksne med utviklingshemming sitt dagtilbod. Formålet med studien har vore å få meir innsikt og forståing for korleis ulike forhold verkar inn og får konsekvensar for brukarar sitt dagtilbod. Sju informantar har, gjennom intervju, delt av erfaringar frå eigen kvardag. Informantane er tilsette ved kommunale dagtilbod, eller private stiftingar kommunar kjøper tenester frå. Dei har skildra forhold som kan bidra til å fremme eit tilbod basert på brukarar sine eigne ønskjer og behov. Det kjem og fram forhold som kan vere til hinder. Sentrale tema er blitt drøfta i lys av eit empowerment-perspektiv, samt eit kommunikasjons- og samspelsperspektiv. Anna relevant teori er og trekt inn i drøftingane, der det har vore aktuelt. Tilsette sine erfaringar er sett i samband med tidlegare forsking. Det har vore eit ønskje om å skrive fram «best practice».

6.1 Svar på hovudproblemstilling

Problemstillinga i denne studien har vore:

Kva for forhold opplever tilsette ved kommunale dagsenter er viktige, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa vaksne med utviklingshemming sine eigne ønskjer og behov?

Det går fram av undersøkinga at informantane er opptatt av både den individuelle og strukturelle dimensjonen av empowerment. Tek ein utgangspunkt i den individuelle dimensjonen, står *kommunikasjon og samspel* sentralt. For dei tilsette er det viktigaste å *forstå og bli forstått*. Det er viktig at kommunikasjonen går føre seg på ein måte der den enkelte blir «sett» og tatt på alvor, slik at det er brukarar sine eigne ønskjer og behov som blir lagt til grunn for dagtilboden. Brukarar med verbalt språk kan seie i frå sjølve, medan andre er heilt avhengige av at tilsette «ser», les uttrykka deira og prøver å forstå. I denne undersøkinga har tilsette gitt døme på korleis det vert lagt til rette for kommunikasjon og samhandling på brukarar sine premissar.

I studien fortel tilsette om *tilrettelegging av arbeidsoppgåver og aktivitetar* på ein slik måte at brukar opplever mestring, er motivert, trivst og opplever glede i kvarldagen sin. Gjennom ulike måtar å legge til rette dagtilboden på, vert den enkelte styrka i trua på seg sjølv. Korleis dette går føre seg, har mellom anna samband med type verksem. I

verksemder retta mot produksjon, får deltakarane oppleve at nokon har bruk for tenestene deira. Dei har direkte kontakt med kundar, som set pris på det dei gjer, som gje dei positive tilbakemeldingar, noko som fungerer motiverande og fører til auka sjølvtillet. Dei blir tiltrudd oppgåver med ansvar, mellom anna i samband med sal av varer og tenester. I undersøkinga fortel tilsette om brukarar som deltek på servicekurs og arbeidsmiljøkurs. Kompetansen deira vert auka gjennom opplæring og arbeidserfaring. Dei kjem «til orde» ved å delta på møter som anten gjeld eigen person, eller verksemda generelt. Dei vert inviterte til medarbeidarsamtalar, der dei kan ytre synspunkt direkte til leiari, som på ein «ordinær» arbeidsplass.

I verksemder der det er større grad av helse- og omsorgstenester, meir retta mot aktivitet, trening og ulike sanseopplevelingar, er det andre forhold som det vert lagt vekt på, for at brukarar skal oppleve at dei vert respekterte og tatt på alvor. I slike verksemder kan ein i større grad legge opp til val, enn i verksemder kor ein er bunden til avtalar om levering av varer og tenester til kundar. Tilsette legg til rette for alternativ og supplerande kommunikasjon, for dei som er tent med det. I studien fortel informantar om korleis dei følgjer brukarane på deira premissar, ut frå korleis dei tolkar brukarar sine uttrykk. Tilsette observerer lydar, ansiktsuttrykk og kroppsspråk, og kommuniserer tilbake på ein slik måte at brukarar skal oppleve å bli sett og forstått. Samtidig er det ikkje alle med utviklingshemming som kan bestemme sjølv, i alle samanhengar. Tenestene vert tilpassa den enkelte si utviklingshemming og behov for hjelp. Brukarar kan av ulike årsakar ha større behov enn andre, for struktur og faste rutinar, for at dagen deira skal bli så bra som mogeleg.

Det kjem fram i undersøkinga at det er ein stor fordel om tilsette og brukarar har kjent kvarandre over tid, slik at dei er trygge på kvarandre. Det er viktig med *kontinuitet og stabilitet* i relasjonen. *Tilsette sin kompetanse* i møtet med den enkelte, spesielt relasjonskompetanse, har mykje å seie. For enkelte brukarar sin del er det komplisert å snakke om sjølvstende og å ta kontroll over eige liv. Sollied (2010) peikar på at ein må sjå på relasjonen mellom mennesket med funksjonsnedsetting og «den andre» som den minste eining, som kan myndiggjerast. Då er det særskilt viktig at «den andre» har kompetanse og kan bidra, slik at brukar sine interesser vert ivaretatt, både på individ- og systemnivå.

Studien syner at forhold informantane trekker fram også har samband med den strukturelle dimensjonen av empowerment. Det kjem fram av undersøkinga at *tilstrekkeleg bemanning* er det aller viktigaste som lyt vere på plass, skal ein etablere eit dagtilbod basert på brukarane sine eigne ønskjer og behov. For lite bemanning kan føre til at tilsette ikkje «ser» alle brukarane. Når det ikkje er tilstrekkeleg bemanning, kan det vere planlagt slik i utgangspunktet, eller oppstått som følgje av ulike fråværsgrunnar. I slike tilfelle vert det dei tilsette som vurderer kva ein kan få til, og informantar fortel det i større grad enn elles vert lagt opp til fellesaktivitetar, utan høve til val. Det hender og at brukarar lyt vere heime, fordi det ikkje er tilsette nok ved dagtilboden. Det kan sjå ut som om enkeltvedtak kan bidra til å sikre tilgang på tilstrekkeleg bemanning.

Stabil bemanning vert trekt fram som viktig for eit tilbod basert på brukarane sine eigne ønskjer og behov. Informantar legg vekt på at *eit godt arbeidsmiljø* kan bidra til at tilsette blir verande lengst mogeleg. Stadige endringar i tenestene og mangel på stabilitet kan føre til eit arbeidsmiljø som er lite attraktivt for fagpersonar (Hegdal og Thorsen, 2007). I studien fortel to av informantane om utstrakt bruk av følgjepersonar frå heimen og har formidla kva for uheldige konsekvensar det kan få for brukarar sitt dagtilbod. Samtidig kan enkelte brukarar vere tente med følgjeperson frå heimen, slik ein annan informant fortel om. Det gjeld for dei som av ulike årsakar har behov for eit fleksibelt tilbod, der ein kan komme og gå til ulike tider, etter varierande dagsform. Dersom følgjepersonar får ansvar for oppfølging av fleire brukarar ved dagtilboden, vert situasjonen imidlertid svært låst. Ein får ikkje nyitta dagtilboden som eit tilbod, som er fleksibelt i forhold til å komme og gå. Det kjem fram under studien, at det kan vere ein ulempe når det er dei same som hjelper til i heimen, som på dagtilboden. Tilboden får eit institusjonspreg som ikkje er ønskjeleg. Dette er ei form for organisering av tenester som brukarorganisasjonen NFU også har peika på som uheldig.

Tilgang på varierte aktivitetar og arbeidsoppgåver er ein føresetnad for eit tilrettelagt tilbod. Det same er *tilgang på fasilitetar og utstyr*. I studien fortel tilsette om eigne rom for fysisk trening, ulike sanserom, musikkrom og velværerom for taktil stimulering. Slike rom kan ha særleg tyding for personar med multifunksjonshemmning. Andre kan ha behov for tilgang på særskilt utstyr, skal dei få innfridd ønske i samband med arbeidsretta verksemd. Det er positivt om brukarar kan nytte seg av fasilitetar i nærmiljøet som er tilgjengeleg for alle, som til dømes offentlege basseng. Skal det vere

reelt å nytte seg av fasilitetar i nærmiljøet, lyt det vere *tilgang på bil, eller minibuss tilpassa rullestolbrukarar*. I undersøkinga vert det understreka at tilgang på transport er noko av det aller viktigaste, skal ein tilpasse eit dagtilbod ut frå brukarane sine eigne ønskjer og behov.

Både denne undersøkinga og tidlegare forsking har synt at dagtilbod til vaksne med utviklingshemming har preg av å vere segregerte tilbod. Ein av informantane fortel om brukarar som har tilbod om arbeid i nærmiljøet, med kontaktperson frå dagsenteret. Slike løysingar krev planlegging og oppfølging. Tidlegare forsking syner til ei utvikling der NAV avgrensar ansvaret sitt. I studien kjem det fram behov for *nært samarbeid mellom ulike instansar*. Det er og behov for fagkompetanse innan aktuelle fagområder, slik at dei som har ønskje om å delta i arbeidsretta verksemd, skal få nødvendig opplæring og bli så sjølvstendige som mogeleg. Undersøkinga syner det er behov for tilsette med *kunnskap og kompetanse*, som er engasjert på individnivå, men og på systemnivå, for å prøve å påverke politiske avgjerder, i tråd med dei sentrale føringane.

6.2 Behov for vidare forsking?

Gjennomgang av forsking kan tyde på at det generelt er lite fokus på dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. Det kan ha samband med at samfunnet si merksemd og engasjement i hovudsak er retta mot inntektsgivande, arbeidsretta verksemd og korleis også vaksne med utviklingshemming kan få auka tilgang på ordinært arbeid, eller ulike arbeidsretta tiltak i regi av NAV. Forsking har synt at kommunale dagtilbod har stor tyding for vaksne med utviklingshemming, men at dei er isolerte stader innafor det miljøet dei skal vere ein del av. Det er behov for å undersøke nærmere kva som skal til, for å lukkast med å etablere varierte og fleksible aktivitetstilbod. Undersøkinga har synt at empowerment på individnivå, har samband med strukturelle dimensjonar. Det er behov for å undersøke nærmere korleis ein kan legge til rette ulike samfunnsforhold, slik at den enkelte får reelle høve til val og kan delta på eigne premissar, i samband med dagtilbod.

Litteraturliste

- Askheim, O. P. (2003). *Fra normalisering til empowerment: Ideologier og praksis i arbeid med funksjonshemmede*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Askheim, O. P. (2012). *Empowerment I helse- og sosialfaglig arbeid: Floskel, styringsverktøy eller frigjøringsstrategi?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Askheim, O. P. (2014). Vernepleieren som aktør for en "empowerment"-orientert praksis. I: Ellingsen, K. E. (red.), *Vernepleierfaglig kompetanse og skjønn* (s. 65-88). Oslo: Universitetsforlaget
- Bollingmo, L., Ellingsen, K. E. & Selboe, A. (2005). Perspektiver på selvbestemmelse. I: A. Selboe, L. Bollingmoe & K. E. Ellingsen (red.), *Selvbestemmelse for tjenestenytere* (s. 17-38). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bollingmo, L. & Holm, A. (2005). Selvbestemmelse, visjoner og målvalg. I: A. Selboe, L. Bollingmoe & K. E. Ellingsen (red.), *Selvbestemmelse for tjenestenytere* (s. 101-125). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Charlton, J. (1998). *Nothing about Us Without Us: Disability Oppression and Empowerment* [Online]. Tilgjengeleg frå: https://books.google.no/books?id=ohqff8DBt9gC&printsec=frontcover&q=Nothing+about+us,+without+us&hl=no&sa=X&redir_esc=y#v=onepage&q=Nothing%20about%20us%2C%20without%20us&f=false [Lasta ned: 18. april 2016]
- Dahlen, W. N. (2007). Retten til selvbestemmelse. I: K. E. Ellingsen (red.), *Selvbestemmelse: Egne og andres val og verdier* (s. 143-158). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. 5. utgåve. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven* (2013). *Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne* [Online]. Tilgjengeleg frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2013-06-21-61> [Lasta ned: 26. april 2016]
- Edvarsen, E. & Holthe, H. (2013). Klientens stemme – hjelperens blikk. I: E. Edvardsen & H. Holthe (red.), *Klientens stemme: hjelperens blikk* (s. 11-27). Oslo: Universitetsforlaget.
- Eide, T. & Eide, H. (2004). *Kommunikasjon i praksis: Relasjoner, samspill og etikk i sosialfaglig arbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Eknes, J., Bakken, T. L., Løkke, J. A. & Mæhle, I. (2008). *Utredning og diagnostisering: utviklingshemming, psykiske lidelser og atferdsvansker*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ellingsen, K. E., Jacobsen, K. & Nicolaysen, K. (red.) (2002). *Sett og forstått: Alternativer til tvang og makt i møtet med utviklingshemmede*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Ellingsen, K. E. (2005). Selvbestemmelse og brukermedvirkning. I: A. Selboe, L. Bollingmoe & K. E. Ellingsen (red.), *Selvbestemmelse for tjenestenytere* (s. 39-69). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Ellingsen, K. E. (2007). Egne eller andres valg og verdier? I: K. E. Ellingsen (red.), *Selvbestemmelse: Egne og andres valg og verdier* (s. 165-174). Oslo: Universitetsforlaget.

Engeset, A. (2006). *Hverdagen i kommunale dagtilbud: En studie av hverdagen til personer med utviklingshemming ved et kommunalt dagtilbud, sett opp imot politiske og ideologiske målsettinger om deltagelse i arbeidslivet*. Mastergradsoppgåve i helsevitenskap. Trondheim: NTNU, Institutt for Sosialt arbeid og Helsevitenskap.

Fag- og studieplanen for Master i funksjonshemming og deltakelse ved Høgskolen i Harstad [Online]. Tilgjengeleg frå: <http://ek.hih.no/EKNet/docs/pub/dok00750.htm>. [Lasta ned 25. januar 2016]

Fellesorganisasjonen (FO). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere* (2015) [Online]. Tilgjengeleg frå: <https://www.fo.no/getfile.php/01%20Om%20FO/Hefter%20og%20publikasjoner/Yrk esetisk%20grunnlagsdokument%2015.pdf> [Lasta ned 17. januar 2016]

Forskr kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene (2003) [Online]. Tilgjengeleg frå: <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-06-27-792>. [Lasta ned 7. mai 2014]

Freire, P (1997). *Pedagogy of the Heart*. New York: The Continuum Publishing Company

Guneriussen, W. (2010). Samtale, språkhandling og sosialt liv: Intervjuer – en (begrenset) kilde til kunnskap? I: R. G. Gjærum (red.), *Usedvanlig kvalitativ forskning: Metodologiske utfordringer når informanter har utviklingshemming* (s. 34-54). Oslo: Universitetsforlaget.

Hegdal, U. (2005). *Betydning av arbeid og arbeidsmiljø: En studie av et arbeidssenter for mennesker med utviklingshemming*. Tønsberg: Forlaget Aldring og helse.

Hegdal, U. & Thorsen, K. (2007). Om betydningen av arbeid, dagsenter- og aktivitetstilbud for mennesker med utviklingshemming. *SOR Rapport 53(1)*, s. 4-13

Helse- og omsorgstjenesteloven (2011). *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.* [Online]. Tilgjengeleg frå: <http://lovdata.no/all/hl-20110624-030.html> [Lasta ned 7. mai 2014]

Holand, H. (2008). Arbeid for alle? *Samfunn for alle* x(4), s. 5

Horgen, T. (2006). *Det nære språket: Språkmiljø for mennesker med multifunksjonshemmning*. Oslo: Universitetsforlaget

Horgen, T. (2010). Det nære språket – språkmiljø: Grunnleggende forhold for utvikling av gjensidig forståelse. I: T. Horgen, K. Slætta & A. Gjermestad (red.), *Multifunksjonshemmning: Livsutfoldelse og læring* (s. 57-75). Oslo: Universitetsforlaget.

ICD-10 (2011). *Den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sykdommer og beslektede helseproblemer*. 10 revisjon. Helsedirektoratet i samarbeid med KITH AS. Bergen: Fagbokforlaget.

Jacobsen, D. I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskaplig metode*. 2.utgåve. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Johansen, S. (2008). Er fleksible systemer fleksible for alle? I: T. Bjørnrå, W. Gunneriussen, & V. Sommerbakk (red.), *Utviklingshemming, Autonomi og Avhengighet* (s. 20-41). Oslo: Universitetsforlaget.

Johnsen, B.- E. (2013). Avvikerens stemme og personalets blikk: Tilfellet Klara. I: E. Edvardsen og H. Holthe (red.) *Klientens stemme: hjelperens blikk* (s. 63-78). Oslo: Universitetsforlaget.

Juritzen, T., Engebretsen, E. & Heggen, K. (2012). Myndiggjøringens forførende makt. I: E. Engebretsen & K. Heggen (red.) *Makt på nye måter* (s. 122-137). Oslo: Universitetsforlaget

Kittelsaa, A.M (2011). *Vanlig eller utviklingshemmet?: Selvforståelse og andres forståelser.* Bergen: Fagbokforlaget

Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (2013). Barne- og likestillingsdepartementet [Online]. Tilgjengeleg frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/konvensjonen/id724096/> [Lasta ned: 26. april 2016]

Krogh, T. m. fl. (2003). *Historie, forståelse og fortolkning: De historisk-filosofiske fags fremvekst og arbeidsmåter.* 4. utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Krogh, T. (2014). *Hermeneutikk: Om å forstå og fortolke.* 2. utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2012). *Det kvalitative forskningsintervju.* 2. utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Lorentzen, P. (2003). *Fra tilskuer til deltaker: Samhandling og kommunikasjon med voksne utviklingshemmede.* Oslo: Universitetsforlaget

Lorentzen, P. (2006). *Slik som man ser noen: Faglighet og etikk i arbeid med utviklingshemmede.* Oslo: Universitetsforlaget

McFadden, D. L. & Burke, E. P. (1991). Developmental Disabilities and the New Paradigm: Directions for the 1990s. *Mental retardation* 29(1), s. iii-vi.

Meld. St. 29 (2012-2013). *Morgendagens omsorg*. Helse- og omsorgsdepartementet [Online]. Tilgjengeleg frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/34c8183cc5cd43e2bd341e34e326dbd8/no/pdfs/stm201220130029000ddpdfs.pdf> [Lasta ned 27. april 2016]

Meld. St. 45 (2012-2013). *Frihet og likeverd – Om mennesker med utviklingshemming.* Barne-, likestillings- og inkluderingsdep.

Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (2015). *NAPHA-rådgiver disputerte om utviklingshemming og arbeid* [Online]. Tilgjengeleg frå:

<http://napha.no/content/20399/NAPHA-rådgiver-disputerte-om-utviklingshemmede-og-arbeid> [Lasta ned 25. januar 2016]

NAV-loven (2006). *Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen* [Online]. Tilgjengeleg frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2006-06-16-20>. [Lasta ned 3. april 2016]

NOU 2001:22. *Fra bruker til borger.* Sosial- og helsedepartementet

- Olsen, T. (2009). *Versjoner av arbeid: Dagaktivitet og arbeid etter avviklingen av institusjonsomsorgen* [Online]. Tilgjengeleg frå: <http://uu.diva-portal.org/smash/get/diva2:173129/FULLTEXT01.pdf>. [Lasta ned 23. september 2012].
- Pasient- og brukerrettighetsloven (1999). *Lov om pasient- og brukerrettigheter* [Online]. Tilgjengeleg frå: <http://lovdata.no/all/hl-19990702-063.html> [Lasta ned 7. mai 2014].
- Reinertsen, S. (2012). *Nasjonal tilstandsrapport over arbeids- og aktivitetssituasjonen blant personer med psykisk utviklingshemming*. Nasjonalt kompetansemiljø om utviklingshemming (NAKU).
- Røkenes, O. H. og Hanssen, P.- H. (2002). *Bære eller briste: Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. 3. utgåve. Bergen: Fagbokforlaget
- Seierstad, S., Eide, A. K., Helle, K. M. og Schafft, A. (1998). *Evaluering av de statlige arbeidssamvirketiltakene og de kommunale aktivitetstilbudene for yrkeshemmede*. AFI's rapportserie nr. 5/98. Oslo: Arbeidsforskningsinstituttet/Nordlandsforskning.
- Skau, G. M. (2008). *Gode fagfolk vokser: Personlig kompetanse i arbeid med mennesker*. 3. utgåve. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Slettebø, T. (2000). Empowerment som tilnærming i sosialt arbeid. *Nordisk sosialt arbeid*, x(2) s. 75-85
- Slåtta, K. (2010). Deltagelse. I: I: T. Horgen, K. Slåtta & A. Gjermestad (red.), *Multifunksjonshemming: Livsutfoldelse og læring* (s. 75-90). Oslo: Universitetsforlaget.
- Sollied, S. (2010). Empowerment og mennesker med multiple funktionsnedsættelser. *VIKOM-bladet*, x(1) s. 13-19.
- Sollied, S. (2013). Er empowermentbegrepet forbeholdt spesielle grupper, eller er det et allmenngyldig begrep? I: E. Edvardsen & H. Holthe (red.), *Klientens stemme: hjelperens blick* (s. 103-121). Oslo: Universitetsforlaget.
- Stubrud, L.H. (2001). *Utviklingshemming i et økologisk perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sundet, M. (1997). *Jeg vet jeg er annerledes – men ikke bestandig: En antropologisk studie av hverdagslivet til fem personer med psykisk utviklingshemming*. Uppsala: Uppsala Universitet.
- Söderstrøm, S. & Tøssebro, J. (2011). *Innfridde mål eller brutte visjoner?: Noen hovedlinjer i utviklingen av levekår og tjenester for utviklingshemmede*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning AS.
- Thorsen, K. og Olstad, I. (2005). *Livshistorier, livsløp og aldring*. Tønsberg: Forlaget Aldring og helse
- Thorsen, K. og Myrvang, V. H. (2008). *Livsløp og hverdagsliv med utviklingshemming: Livsberetninger til personer med utviklingshemming og deres foreldre*. Tønsberg: Forlaget Aldring og helse.
- Tjora, A. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. 2. utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

- Tøssebro, J. & Lundeby, H. (2002). *Statlig reform og kommunal hverdag: Utviklingshemmetes levekår 10 år etter reformen*. Rapportserie for sosialt arbeid og helsevitenskap nr. 33. Trondheim: NTNU, Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap.
- Veselý, A. (2011). Theory and Methodology of Best Practice Research: A Critical Review of the Current State. *Central European Journal of Public Policy*, 5(2), s. 98-116.
- Vik, L. J. (2007). Makt og myndiggjering – utfordringar for helse- og sosialarbeidarar. I: T- J. Ekeland & K. Heggen (red.), *Meistring og myndiggjering: Reform eller retorikk?* (s. 83-101). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Vedlegg

Vedlegg 1 – Tilbakemelding frå Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste

Vedlegg 2 – Prosjektvurdering – Kommentar

Vedlegg 3 – Brev til leiinga ved aktuelle dagtilbod

Vedlegg 4 – Informasjonsskriv

Vedlegg 5 – Samtykkeskjema

Vedlegg 6 – Intervjuguide